




DET HUMANISTISKE FAKULTET

## MASTEROPPGÅVE

Studieprogram: Lesevitstkap	vårsemesteret, 2017 <u>Open/ konfidensiell</u>
Forfattar: Agnes Wigestrønd Hoftun	 (signatur forfattar)
Rettleiar: Jan Kristian Hognestad	

Tittel på masteroppgåva: «Det hele norske samfunnet» Ein korpusbasert studie av substantivfrasar i innlærartekstar frå vaksne med norsk som andrespråk sett i lys av Det felles europeiske rammeverket for språk

Engelsk tittel: «Det hele norske samfunnet» A corpus based study of noun phrases in learners' texts from adults with Norwegian as a second language viewed in light of The Common European Framework of Reference for Languages

Emneord: substantivfrase, ASK, korpusbasert, norsk som andrespråk, NOA, andrespråkslæring, andrespråksundervisning	Sidetal: 112 + vedlegg/anna:16  Stavanger, mai 2017
-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	--------------------------------------------------------------

## **«Det hele norske samfunnet»**

Ein korpusbasert studie av substantivfrasar i innlærartekstar frå voksne med norsk som andrespråk sett i lys av Det felles europeiske rammeverket for språk

«Det hele norske samfunnet»<sup>1</sup> — Ein korpusbasert studie av substantivfrasar i innlærartekstar  
frå vaksne med norsk som andrespråk sett i lys av Det felles europeiske rammeverket for  
språk

---

<sup>1</sup> innlærar h0568, B1

## **Samandrag**

Denne masteroppgåva er skiven innan fagfeltet Norsk som andrespråk og undersøker substantivfrasar hos vaksne innlærarar av norsk. Studien er avgrensa til å fokusera på substantivfrasar med adledd som blir omfatta av samsvarsbøyingsmekanikken, dvs. determinativ og adjektiv, i tillegg til kjernen, og har følgande problemstilling:

*Kva er karakteristisk for substantivfrasar i tekstar frå vaksne som lærer norsk, og er substantivfrasane systematisk ulike på ulike stadium i språktileigninga?*

*Det felles europeiske rammeverket for språk* predikerer kva som krevst av språkleg kompetanse på seks nivå: A1, A2, B1, B2, C1 og C2. Rammeverket er generelt og inneholder ikkje språkspesifikke beskrivingar. Prosjektet *Norsk profil* har resultert i nokre spesifiseringar for norsk, og det var eit overordna mål òg for dette prosjektet å foreslå nivåbeskrivingar for substantivfrasar med adledd som blir samsvarsbøygde.

Undersøkinga er empirisk orientert og korpusbasert. Datamaterialet blei henta frå Norsk andrespråkskorpus — ASK. Talet på tekstar blei avgrensa til 110, på fem følgande nivå: B1, B1+, B2, B2+ og C1. Datamaterialet er ikkje statistisk behandla og tar ikkje omsyn til individuell variasjon, sidan substantivfrasane blei undersøkte samla på dei ulike nivåa.

Basert på prediksjonane i Rammeverket har det blitt utleidd to hypotesar:

*H1: Generelt vil talet på utbygde substantivfrasar stiga med rammeverksnivå. Det vil vera skilnad mellom B1 og B2 på dette punktet og ikkje nødvendigvis mellom B2 og C1.*

*H2: Generelt vil graden av målspråkslik samsvarsbøyning i substantivfrasane auka frå B1 til C1. Graden av korrekt samsvarsbøyning vil vera eit skiljande kriterium mellom B1, B2 og C1.*

Substantivfrasane blir undersøkte uti frå to hovudsøk i korpuset: eitt med determinativ og adjektiv før kjernen og eitt med to adjektiv (både sideordning og underordning) før kjernen. Studien viser nokre tendensar, og begge hypotesane blei styrkte, den første med visse etterhald. Resultata indikerer òg at mellomnivå ligg nærmast neste heilnivå, og det er foreslått at ein i staden for å bruka plussnivå, kan ein bruka minusnivå (B1+>B2-) når det gjeld dei undersøkte substantivfrasane.

Studien har resultert i nivåbeskrivingar for substantivfrasar med adledd før kjernen og er dermed eit bidrag til utviklinga av spesifikke vurderingskriterium for norsk.

## Abstract

This Master's thesis is written within the field of Second Language Acquisition and it investigates noun phrases produced by adult learners of Norwegian. The study is limited to noun phrases with adjuncts with obligatory head agreement, i.e. determinatives and adjectives as well as the head. The main thesis question is:

*What characterizes noun phrases in texts written by adults who are learning Norwegian, and are the phrases systematically different on different stages in the language acquisition?*

*The Common European Framework of Reference for Languages* predicts some linguistic skills on six levels: A1, A2, B1, B2, C1 and C2. The framework is general and does not contain language-specific level descriptions. The project *Norsk profil* has resulted in some level descriptions for Norwegian. The main goal for this study was to propose level descriptions for noun phrases with adjuncts with obligatory head agreement.

The study is empirically oriented and corpus based. The data material was obtained from the *Norwegian Second Language Corpus — ASK*. The texts that have been examined were written as test assignments to *Test i norsk — högare nivå, Bergenstesten*, and were assessed to be on one of the framework levels. The number of texts was limited to 110 on five following levels: B1, B1 +, B2, B2 + and C1. No statistical analysis was conducted and the study does not take individual variation into account. The noun phrases were investigated as groups on the various levels.

Based on the predictions in *The Common European Framework of Reference for Languages*, two hypotheses were deduced:

*H1: In general, the the number of expanded noun phrases will rise with framework level. There will be a distinction between B1 and B2 at this point and not necessarily between B2 and C1.*

*H2: In general, the degree of target-language match regarding the agreement in the noun phrases will increase from B1 to C1. The degree of correct inflection will be a discriminatory criterion between B1, B2 and C1.*

The noun phrases are examined on the basis of two main searches in the corpus: one eliciting phrases with determinative and adjective before the head and one eliciting phrases with two

adjectives (both coordinated and subordinated) before the head. The study shows some tendencies, and both hypotheses were strengthened, the first with certain reservations. The results also indicate that the plus levels are closest to the next main level, and it is suggested to use minus levels instead, (B1+> B2-) regarding the noun phrases in focus in this study.

The study has resulted in level descriptions for noun phrases with attributive adjuncts. Therefore, it is a contribution to the development of specific assessment criteria for Norwegian.

## Forord

Lidenskapen for jobben min som norsklærar for vaksne som kjem frå heile verda og har eit stort ønske om å læra norsk, har ført til at eg har valt å skriva ei masteroppgåve innan fagfeltet norsk som andrespråk.

Fleire personar fortener ein stor takk i samband med denne masteroppgåva. Særleg vil eg takka rettleiaren min, Jan Kristian Hognestad. Jan, takk for at du har vore ein kritisk leser eller som du sjølv har sagt: *djevelens advokat*. Eg set stor pris på at du har gitt meg mange gode råd og lærerike tilbakemeldingar.

Takk til birettleiaren min, Silje Ragnhildstveit for hjelp med Norsk andrespråkskorpus — ASK. Silje, du strekte ut ei hjelpende hand kvar gong eg stod ASKefast. Utan det positive vesenet ditt hadde ikkje denne prosessen vore like vellukka.

Linda, takk for at du har tatt deg tid til å lesa korrektur og for at du har heia på meg heile vegen til målet.

Takk til medstudiner for mange hyggelege stunder både på og utanfor campus.

Ein spesiell takk til mannen min, Henrik, for ingen er så tolmodig som deg. Det er du som har vore den største støttespelaren min og den mest trufaste lesaren. Håpar du kan bruka det du har lært om substantivfrasar.

Stavanger, mai 2017

AWH

<b>Samandrag .....</b>	<b>4</b>
<b>Abstract .....</b>	<b>6</b>
<b>Forord.....</b>	<b>8</b>
<b>Liste over tabellar .....</b>	<b>12</b>
<b>Liste over diagram.....</b>	<b>13</b>
<b>Liste over vedlegg .....</b>	<b>13</b>
<b>1. INNLEIING .....</b>	<b>14</b>
<b>1.1. Disposisjon.....</b>	<b>15</b>
<b>2. TEORETISK GRUNNLAG .....</b>	<b>15</b>
<b>2.1. Læra norsk som andrespråk.....</b>	<b>16</b>
2.1.1. Andrespråk og framandspråk .....	16
2.1.2. Førstespråk og andrespråk .....	17
2.1.3. Talespråk og skriftspråk .....	18
2.1.4. Bokmål og dialekt .....	20
2.1.5. Mellomspråk .....	21
2.1.6. Oppsummering — læra norsk som andrespråk .....	21
<b>2.2. Rammeverket og substantivfrasar i skriftleg norsk som andrespråk .....</b>	<b>22</b>
2.2.1. Det felles europeiske rammeverket for språk: læring, undervisning og vurdering.....	22
2.2.2. Norsk profil.....	27
2.2.3. Vurderingskriteria til Test i norsk — høgare nivå, Bergenstesten .....	28
<b>2.3. Substantivfrasar .....</b>	<b>29</b>
2.3.1. Fraseomgrepet .....	30
2.3.2. Rosina i pølsa og kongen på haugen: substantivet .....	31
2.3.3. Substantivfrasekjema for norsk .....	33
Vannebo (1972: 57) .....	34
Hagen (1998: 371).....	37
2.3.4. Potensielle snublesteinar i norske substantivfrasar i eit andrespråksperspektiv .....	38
Genus .....	39
Bestemtheit .....	39
Samsvarsbøyning .....	43
Dobbel bestemming .....	45
Adledd i adjektivfrasen .....	47
Possessivmarkering .....	48
Oppsummerande refleksjonar .....	50
2.3.5. Substantivfrasen i lærebøker og grammatikkbøker for andrespråksinnlærarar .....	50
2.3.6. Oppsummering — substantivfrasar .....	51
<b>2.4. Substantivfrasen sin typologi.....</b>	<b>52</b>
<b>2.5. Tidlegare forsking på substantivfrasar i eit andrespråksperspektiv .....</b>	<b>55</b>
2.5.1. Salomonsen (2002) .....	55
2.5.2. Sørland (2010) .....	56
2.5.3. Lie (1993).....	56
2.5.4. Marczynski (2009) .....	57
2.5.5. Jin og Eide (2015).....	57
2.5.6. Axelsson (1994) .....	58
2.5.7. Oppsummering — tidlegare forsking .....	59
<b>2.6. Hypotesar.....</b>	<b>60</b>
<b>3. METODISKE TILNÆRMINGAR.....</b>	<b>61</b>
<b>3.1. Korpuslingvistikk som metode.....</b>	<b>61</b>

<b>3.2. ASK — norsk andrespråkskorpus .....</b>	<b>62</b>
3.2.1 Designkriteria for korpuset .....	63
3.2.2. Feilkodinga og annoteringa.....	63
3.2.3. Rammeverksnivå i ASK.....	65
3.2.4. Søk i korpuset .....	65
<b>3.3. Datamaterialet .....</b>	<b>66</b>
3.3.1. Avgrensing av datamaterialet .....	66
3.3.2. Moglege feilkjelder .....	69
<b>4. STUDIEN .....</b>	<b>70</b>
<b>    4.1. Design.....</b>	<b>71</b>
4.1.1. Den metodiske framgangsmåten for utbygde substantivfrasar 1 .....	73
4.1.2. Den metodiske framgangsmåten for utbygde substantivfrasar 2 .....	74
<b>    4.2. Utbygde substantivfrasar 1.....</b>	<b>76</b>
4.2.1. Utbygde substantivfrasar 1 i forfeltet .....	78
4.2.2. Feil i frasane .....	78
Samsvarsbøyning.....	79
Feil i frasar med førestilte possessiv.....	82
Manglende determinativ i frasar av typen det + adj + subst.....	83
Overflødig determinativ i frasar av typen det + adj + subst.....	87
4.2.3. Oppsummering — utbygde frasar 1 .....	90
<b>    4.3. Utbygde substantivfrasar 2.....</b>	<b>90</b>
4.3.1. Utbygde substantivfrasar 2 i forfeltet .....	93
4.3.2. Sideordning i frasane .....	93
4.3.3. Feil i frasane .....	95
Samsvarsbøyning i fleirtal ubestemt.....	95
Manglende dobbel bestemming.....	97
Manglende determinativ i frasar av typen det + adj + subst.....	98
Feil determinativ .....	99
Feil i adjektivbøyning .....	99
Feil i frasar med førestilte possessiv .....	101
Feil rekkefølge .....	101
4.3.4. Oppsummering — utbygde frasar 2 .....	103
<b>    4.4. Oppsummering — funna i ASK .....</b>	<b>104</b>
<b>    4.5. Svar på problemstillinga og hypotesane .....</b>	<b>105</b>
Kva er karakteristisk for substantivfrasar i tekstar frå vaksne som lærer norsk, og er substantivfrasane systematisk ulike på ulike stadium i språktilleigninga? .....	105
H1: Generelt vil talet på utbygde substantivfrasar stiga med rammeverksnivå. Det vil vera skilnad mellom B1 og B2 på dette punktet og ikkje nødvendigvis mellom B2 og C1 .....	107
H2: Generelt vil graden av målspråkslik samsvarsbøyning av adledd i substantivfrasane auka frå B1 til C1. Graden av korrekt samsvarsbøyning vil vera eit skiljande kriterium mellom B1, B2 og C1 .....	108
<b>    4.6. Substantivfrasar på rammeverksnivå — nivåbeskrivingar for norsk.....</b>	<b>109</b>
<b>5. AVSLUTTANDE OPPSUMMERING .....</b>	<b>110</b>
<b>    5.1. Metodiske vurderingar og vegen vidare .....</b>	<b>111</b>
<b>Litteraturliste .....</b>	<b>113</b>
Vedlegg 1 Oversikt over tekstar brukte i studien (tekst-id) .....	119
Vedlegg 2 Skjermbilde av søkeboksen i ASK-korpuset .....	120
Vedlegg 3 Vurderingskriterium for skriftleg produksjon på Bergenstesten .....	122
Vedlegg 4 Nokre kommentarar ang. feilkodinga og forslaga til korreksjon i ASK og kva eg reknar som feil..	123
Vedlegg 5 Oversikt over oppgåvetitlar og tal på tekstar.....	126

Vedlegg 6 Oversiktstabellar frå hovudsøka.....	128
------------------------------------------------	-----

## Liste over tabellar

Figur 2:1. Rammeverksnivåa (óg kalla CEFR-nivåa) (Utdanningsdirektoratet 2011: 26).....	23
Tabell 2:1 Skriftlege ferdigheiter i Rammeverket (Utdanningsdirektoratet 2011: 34-35) .....	24
Tabell 2:2 Rapportar og resonnerande tekstar i Rammeverket (Utdanningsdirektoratet 2011: 78).....	24
Tabell 2:3 Grammatisk korrektheit i Rammeverket (Utdanningsdirektoratet 2011: 137).....	25
Tabell 2:4 Bestemtheitsmarkering i enkle substantivfrasar (Nordanger 2012: 271).....	28
Tabell 2:5 Grammatikk i vurderingskriteria til Test i norsk — høgare nivå, Bergenstesten (Norsk språktest 2016: 17, mine understrekingar).....	29
Tabell 2:6 Hovudmönstra i substantivbøyning i bokmål.....	32
Tabell 2:7 Vannebo (1972: 57) sitt skjema med mitt døme .....	34
Tabell 2:8 Posisjonsklasseindelinga i bestemmarfeltet (Vannebo 1972: 30-31) .....	34
Tabell 2:9 Hagen (1998: 371) sitt skjema for substantivfrasen i norsk med mitt døme.....	37
Tabell 2:10 Oppsummerande/samanliknande tabell av Vannebo og Hagen sine skjema.....	38
Tabell 2:11 Ubestemt og bestemt artikkel i norsk og engelsk. ....	41
Tabell 2:12 Samsvarsbøyning: det+adj+subst, hankjønn .....	44
Tabell 2:13 Samsvarsbøyning: det+adj+subst, inkjekjønn .....	44
Tabell 2:14 Possessivitet i norsk.....	48
Tabell 2:15 Substantivfrasen i Moen og Pedersen 2003:22 ..	51
Tabell 2:16 Substantivfrasar: korrekte førekomstar/førekomstar (Axelsson 1994: 35) .....	59
Tabell 3:1 Talet på tekstar i ASK fordelt på rammeverksnivåa, absolutte tal.....	66
Tabell 3:2 Fordeling av ASK-tekstane skrivne av informantar med engelsk som førstespråk, absolutte tal .....	67
Tabell 3:3 Fordelinga av datamaterialet i denne studien på CEFR-nivåa, absolutte tal.....	68
Tabell 4:1. Tal på substantivfrasar per rammeverksnivå .....	71
Tabell 4:2 Delkvantoren mange og felta i substantivfrasen .....	75
Tabell 4:3 Utbygde frasar 1, totalt og feil.....	77
Tabell 4:4 Utbygde frasar 1 i forfeltet .....	78
Tabell 4:5 Oversiktstabell for feil i utbygde frasar 1.....	79
Tabell 4:6 Frasar med førestilt possessiv, utbygde frasar 1 .....	82
Tabell 4:7 Overflødig determinativ i utbygde frasar, tal .....	88
Tabell 4:8 Overflødig det + adj + subst, treffa .....	89
Tabell 4:9 Utbygd frasar 2, totalt og feil.....	91

Tabell 4:10 Utbygde substantivfrasar 2 i forfeltet.....	93
Tabell 4:11 Sideordning før kjerne i utbygde frasar 2.....	94
Tabell 4:12 Oversikt over feil i frasar i ubestemt fleirtal .....	95
Tabell 4:13 Mange, mye, få, lite, litt i utbygde frasar 2 .....	96
Tabell 4:14 Manglande dobbel bestemming i utbygde frasar 2 .....	97
Tabell 4:15 Obligatorisk dobbel bestemming og manglande etterhengt artikkel samla i utbygde frasar 1 og 2.	98
Tabell 4:16 Manglande determinativ i frasar av typen det + adj + subst i utbygde frasar 2. ....	98
Tabell 4:17 Oversikt over feil i determinativtildelig .....	99
Tabell 4:18 Oversikt over feil i adjektivbøyning i utbygde frasar 2.....	100

## **Liste over diagram**

Diagram 4:1 Feil i samsvarsbøyning i utbygde frasar 1, prosent .....	77
Diagram 4:2 Feil i utbygde frasar 1, prosent.....	80
Diagram 4:3 Feilprosent i utbygde frasar 2, prosent.....	91

## **Liste over vedlegg**

Vedlegg 1 Oversikt over tekstar brukte i studien (tekst-id) .....	119
Vedlegg 2 Skjermbilde av søkeboksen i ASK-korpuset .....	120
Vedlegg 3 Vurderingskriterium for skriftleg produksjon på Bergenstesten .....	122
Vedlegg 4 Nokre kommentarar ang. feilkodinga og forslaga til korreksjon i ASK og kva eg reknar som feil..	123
Vedlegg 5 Oversikt over oppgåvetitlar og tal på tekstar.....	126
Vedlegg 6 Oversiktstabellar frå hovudsøka.....	128

## 1. INNLEIING

I denne masteroppgåva ser eg på norske substantivfrasar i eit andrespråksperspektiv. Oppgåva er derfor skriven innan fagfeltet Norsk som andrespråk. Undersøkinga er avgrensa til substantivfrasar med adledd som er omfatta av samsvarsbøyingsmekanikken. Datagrunnlaget er autentiske oppgåvesvar henta frå *Norsk andrespråkskorpus — ASK*. Oppgåvesvara blei skrivne av vaksne innlærarar til *Test i norsk — høgare nivå, Bergenstesten*. Prøva testar norskkunnskapar på høgt nivå, og dekker kravet til karakter i norsk for dei som ikkje har det frå norsk vidaregåande skole og vil studera i Noreg. Nivåa Bergenstesten måler på, er B2 og C1 og blir i *Det felles europeiske rammeverket for språk* (Utdanningsdirektoratet 2011) omtalte som sjølvstendig og avansert nivå (sjå [2.2.1.](#)).

Hovudgrunnen til at eg tar for meg substantivfrasar i denne oppgåva, er at etter mi lærarerfaring blir reglane for strukturen i substantivfrasen som heilskap sjeldan tematisert i læreverk og andrespråksundervisning, slik òg Sørland (2010: 79) peiker på. Dessutan har eg sett kva som verkar vanskeleg for dei som lærar norsk i vaksen alder. Eg blei interessert i anten å stadfesta eller tilbakevisa den generelle lærarhypotesen min om at det er vanskeleg å få til korrekte substantivfrasar når ein lærer norsk i vaksen alder, sjølv når ein elles er på høgt nivå i språket. Denne hypotesen baserer seg på praksisen min som lærar i vaksenopplæring på ulike nivå der undervisninga fokuserer hovudsakleg på munnlege ferdigheiter, og ikkje nokon systematisk undersøking. Andrespråkskorpuset ASK gir tilgang til mykje data som kan behandlast kvantitativt, og som derfor kan gi grunnlag til å gi meir konkrete svar. Eg vil finna ut av kva dei får til, og kva dei slit med, sjølv når dei elles er på høgt nivå i skriftleg norsk. Gjennom dette prosjektet ønsker eg å finna ut om det er nokre skilnadar mellom substantivfrasar på ulike nivå i norsktileigninga skildra i *Det felles europeiske rammeverket for språk* (Utdanningsdirektoratet 2011) (sjå [2.2.1.](#)). Rammeverket inneheld ikkje-språkspesifikke prediksjonar i form av skalaar med nivåbeskrivingar. Prosjektet *Norsk Profil* (Carlsen 2012) som var eit første steg i retninga norsk spesifisering og validering av prediksjonane i Rammeverket, har resultert i nokre nivåbeskrivingar for ulike språktrekk i norsk (sjå [2.2.2.](#)). Det overordna målet for dette prosjektet er å foreslå nivåbeskrivingar for norske substantivfrasar, og på denne måten skriva seg inn i Norsk profil. Studien i denne masteroppgåva kan òg gi empirisk grunnlag for prediksjonane i Rammeverket.

Analysen av funna vil vera utgangspunktet for å gi svar på hovudproblemstillinga for denne masteroppgåva:

*Kva er karakteristisk for substantivfrasar i tekstar frå vaksne som lærer norsk, og er substantivfrasane systematisk ulike på ulike stadium i språktilleigninga?*

Merknad: Dei understrekte tilvisingane til andre plassar i teksten, som t.d. sjå 1.1., og sidetala i innhaldslista er klikkbare for effektiv navigering i teksten.

### **1.1. Disposisjon**

Utover dette innleiande kapitlet er denne oppgåva sett saman av fire kapittel. Kapittel 2 er den teoretiske delen av oppgåva, som består av ein innføringsdel om norsk som andrespråk, ein del om ferdighetsnivå i språklæring, ein del om substantivfrasar både i norsk generelt og i eit andrespråksperspektiv. Vidare i dette kapitlet ser eg på substantivfrasen i eit typologisk perspektiv og gir ein kort presentasjon av tidlegare forskning på substantivfrasar i eit andrespråksperspektiv. Basert på dette teoretiske grunnlaget formulerer eg to hypotesar i 2.6. Etter det teoretiske kapitlet kjem den metodiske delen i kapittel 3. I dette kapitlet legg eg fram relevant informasjon om korpuslingvistikk som metode og om ASK-korpuset som eg hentar datagrunnlaget mitt frå. Til slutt i kapitlet gjer eg greie for datamaterialet og dei naudsynte avgrensingane eg har gjort. Kapittel 4 begynner med ein presentasjon av designet for denne studien. Deretter presenterer og kommenterer eg substantivfrasefunna. Til slutt i kapitlet svarer eg på hovudproblemstillinga og ser om hypotesane blei styrkte eller svekte. Her foreslår eg nivåbeskrivingar for norske substantivfrasar. Eg avsluttar oppgåva med nokre metodiske vurderingar og refleksjonar om vegen vidare med tanke på substantivfrasar og rammeverksnivåa.

## **2. TEORETISK GRUNNLAG**

I dette kapitlet presenterer eg dei teoretiske tilnærmingane eg har bruk for i oppgåva. Kapitlet er samansett av seks hovuddelar. Først ser eg det som formålstenleg å presisera sentrale omgrep og plassera oppgåva i andrespråksfeltet. I påfølgande del gir eg ein kort presentasjon

av eit viktig dokument som dannar grunnlag for å beskriva og vurdera språkferdigheiter på ulike nivå, nemleg Rammeverket (Utdanningsdirektoratet 2011), og så av prosjektet Norsk profil. Me skal òg sjå på kva vurderingskriteria til Bergenstesten forventar når det gjeld substantivfrasar i oppgåvesvar. Så kjem ei nokså grundig framstilling av korleis substantivfrasar ser ut i norsk. Her skisserer eg potensielle utfordringar når me prøver å sjå norske substantivfrasar gjennom eit andrespråksprisme. Dette underkapitlet er omfattande, men sidan eg har jobba som lærar på dette feltet, meiner eg at eg har relevante erfaringar å komma med. Eit underkapittel er via til substantivfrasen i eit typologisk perspektiv. Den nest siste hovuddelen er ein presentasjon av tidlegare forsking på substantivfrasar i ein andrespråkssamanheng. Eg avsluttar teorikapitlet med to hypotesar som dannar eg utgangspunkt for studien i kap. 4.

## 2.1. Læra norsk som andrespråk

Denne studien undersøker den skriftlege språkbruken til ei veldig heterogen gruppe. I dette delkapitlet diskuterer eg nokre dikotomiar innan andrespråklæring med fokus på norsk kontekst.

I oppgåva nyttar eg omgrepene **innlærar** (òg nytta i faglitteraturen: Berggreen og Tenfjord 1999). Dette gjer eg for å unngå potensielt problematiske omgrep som *elev* eller *student*. Tekstane i ASK er nemleg skrivne av personar med ulik bakgrunn: Nokre har gått på skole i Noreg, andre har gått på norskkurs, mens nokre har lært norsk med ein privatlærar eller heilt på eiga hand. Nokre har vore elevar, nokre studentar, mens andre har ikkje vore nokon av delane. Slik omgropa elev og student blir brukt i norsk, dekker dei ikkje alle kandidatane som har tatt Test i norsk — høgare nivå (Bergenstesten) eller Språkprøva (for meir om prøvene, sjå 3.2.). Det gjer derimot *innlærar*. Når eg bruker denne merkelappen, lar det meg sjå vekk frå bakgrunnen til forfattaren av teksten, og på den måten kan eg omtala hen som ein person som på ein eller annan måte lærer norsk. Sjå òg Husby (2015: 411-412).

### 2.1.1. Andrespråk og framandspråk

Tekstane i ASK-korpuset (sjå 3.2.) blei skrivne av personar med ulik bakgrunn, både når det gjeld norskkompetanse, førstespråk (sjå 2.1.2.), alder, og kor lenge dei har bodd i Noreg i

tillegg til mykje anna eigenrapporterte persondata. Til kvar tekst i korpuset finst det òg informasjon om t.d. kor mange norsktimar kandidatane har tatt. Det mange av dei har til felles, er at dei har lært og lærer norsk som sitt andrespråk. I faglitteraturen blir **andrespråkslæring** ofte sett opp mot **framandspråkslæring** (Berggreen og Tenfjord 1999: 16). Begge omgrepa viser til læring av eit språk som ikkje er eins førstespråk. Forskjellen mellom dei ligg i læringskonteksten (Berggreen og Tenfjord 1999: 16-17). ASK-informantane har gått på norskkurs og lært norsk her i landet, og dei aller fleste møter det norske språket i ulike situasjonar (jobb, skole, butikk, TV, radio, osv.) kvar dag. Dette er eit døme på andrespråkslæring. Andrespråksinnlæraren har fleire moglegheiter til å møta på autentiske språklege utfordringar i daglelivet enn ein som lærer norsk som framandspråk og som stort sett kun bruker språket i ein undervisningssituasjon.

Det eg har skissert i det føregåande, kan moglegvis vera ei sanning med visse modifikasjonar. For det første er det teoretisk mogleg (men som regel ikkje ønskeleg) å læra norsk som framandspråk i Noreg. I løpet av karrieren min som norsklærar for vaksne har eg møtt ein del av dei som har oppholdt seg i landet lenge, men har hatt lite kontakt med språket. Mange innvandralar, særleg dei som er i etableringsfasen, synest det er vanskeleg å finna nye norske vennar. Viss dei i tillegg jobbar i eit internasjonalt miljø som har engelsk som firmaspråk og snakkar språket sitt eller engelsk på fritida, kan det diskuterast om dei verkeleg lærer norsk som andrespråk. For det andre må ein rekna med at nokre av kandidatane begynte å læra norsk før dei kom til Noreg, altså at dei til å begynna med lærte norsk som framandspråk. Likevel vel eg i likskap med andre forskrarar (sjå t.d. Ragnhildstveit 2009 og Carlsen 2012) å rekna ASK-informantane som andrespråksinnlærarar.

### 2.1.2. Førstespråk og andrespråk

Når ein taler om å læra norsk som andre- eller framandspråk, kjem ein borti ein annan term, nemleg førstespråk. Omgrepene **førstespråk** eller morsmål blir ofte definert som språket eller språka ein lærer før ein blir tre år (Berggreen og Tenfjord 1999: 16), og slik bruker eg omgrepene i oppgåva. Sjølv om me kan seia at det oftast er den vanlegaste oppfatninga, treng ikkje førstespråket vera språket ein har snakka frå barnsbein av. I tillegg til den reint språklege problematikken med førsteleddet mors- i morsmål viser Engen og Kulbrandstad (2004: 182)

til andre faktorar som speler inn på kva ein kan omtala som førstespråket sitt, t.d. det språket ein forstår best, men òg det språket ein identifiserer seg med. Me kan altså tenka oss tilfelle der ein gitt person lærte eitt språk før 3-årsalderen, men likevel identifiserer hen seg med eit anna språk som personen lærte på eit seinare tidspunkt i livet.

Kanskje den viktigaste forskjellen mellom førstespråks- og andrespråkslæring ligg i resultatet av desse språklæringstypane. Førstespråksinnlærar kan så å seia ikkje påverka læringsresultatet — prosessen er nokså homogen, og alle friske barn lærer førstespråket sitt fullt ut (Berggreen og Tenfjord 1999: 26-27). Det motsette er tilfelle med dei som lærer eit språk som sitt andrespråk. Her er det mykje som kan påverka innlæringa og «sluttresultatet», t.d. alder, motivasjon, o.a. (Berggreen og Tenfjord 1999: 279ff, Gujord 2013). Med andre ord er me garantert frå naturen si side at me lærer minst eitt språk. For å læra andre språk i tillegg til førstespråket eller -språka, og særleg i vaksen alder, må me gjera ein innsats, og sjølv då er det ikkje sikkert om me klarer å læra andre- eller framandspråket godt.

### 2.1.3. Talespråk og skriftspråk

At førstespråkslæring tyder full meistring av språket, treng ei lita presisering/nyansering, for dette gjeld sjølv sagt kun talespråket. Uansett kva slags teori me legg til grunn for førstespråkstilegning, lærer barn seg den fullstendige grammatikken til førstespråket (eller -språka) sitt i løpet av dei første leveåra:

[De kan] alle dei grammatiske reglane i språket. Den vidare språklæringa går stort sett ut på å læra fleire ord og uttrykk, å læra kommunikative ferdigheiter, det vil seia korleis ein skal bruka språket i ulike samanhengar, og å læra den kulturelle delen av språket, kulturord, ordtak, allusjonar osv., og i somme kulturar, eit skriftspråk (Faarlund 2005: 49).

Det tyder likevel ikkje at alle førstespråksbrukarar er tilnærma like flinke til å skriva norsk. Likevel blir dei ofte på mange måtar sett på som ei homogen gruppe i motsetnad til andrespråksbrukarar. Dermed kan omgrepene innføddlik kompetanse vera noko problematisk. Og rettnok kan me hevda dette når me samanliknar norsk talespråk til dei to gruppene (sjølv sagt dukkar det opp eit anna problem her for kor homogen den gruppa eigentleg er, nemleg dialektvariasjon). Men når det gjeld skriving på førstespråk, veit i det minste alle

norsklærarane at nivået og ferdigheitene varierer mykje frå person til person. Av den grunn bør me seia at ja, førstespråksbrukarar som gruppe meistrar talespråket fullt ut, og i dette tilfellet vil det seia ein eller fleire dialektar, men dette gjeld ikkje naudsynlegvis skriftspråket: bokmål og/eller nynorsk.

Ein annan interessant forskjell mellom førstespråks- og andrespråkslæring som eg vil nemna her, gjeld det som er det primære i læringsprosessen. Barn lærer å snakka lenge før dei kan skriva, og i nokre kulturar, som nemnt ovanfor, lærer dei ikkje å skriva i det heile tatt. I den såkalla vestlege verda er det likevel normalt at me lærer å snakka eit språk, og så begynner me å gå på skole og lærer eitt eller fleire skriftspråk. Andrespråkslæring har ein annan hendingsgang. Der er skrift det primære som vaksne innlærarar med skolsk bakgrunn nyttar i læringsprosessen. Dei omset og noterer, gjerne både på førstespråket og engelsk eller norsk. Mange set på mange måtar skriftspråket på pidestall. Eg har òg observert at nokre innlærarar er veldig tilbakehaldne med å begynna å snakka når dei føler at dei ikkje kan produsera feilfrie ytringar heilt ennå. Då er dei opptatt av at grammatikken skal vera på plass før dei ser meininga med å prøva å snakka. Det verkar som mange opplever det som barnsleg og som eit tilbakeslag, særleg på dei lågaste nivåa, å prøva å snakka og kjenna på ei slags utilstrekkelegheit som det er å ikkje klara å uttrykka seg like flytande og presist som dei kan på førstespråket sitt. Det finst derfor ein del vaksne innlærarar som kan lesa og forstå norsk, men det å snakka er ei reell utfordring.

Dei som ikkje kan bruka skriving som ein reiskap for læring, må få norskopplæring som nyttar ei anna tilnærming enn dei som kan lesa og skriva godt. Der liknar opplæringa meir på førstespråkslæring i den forstand at ein fokuserer på at innlærarane må læra det munnlege språket først, gjennom praktiske erfaringar på målspråket og med mange repetisjonar. Sidan det finst norskkinnlærarar med så ulik bakgrunn, både når det gjeld lese- og skriveferdigheiter og førstespråk, er *Læreplan i norsk for vaksne innvandrarar* (VOX 2012) organisert i spor: spor 1 (langsom progresjon), spor 2 (middels progresjon) og spor 3 (rask progresjon). Den første gruppa norskkinnlærarar eg har nemnt, kan få opplæring på spor 2 eller 3, mens den siste må vanlegvis vera på spor 1.

#### 2.1.4. Bokmål og dialekt

Læra norsk som andrespråk tyder som regel læra bokmål og bokmålsnært talemål som andrespråk. Mange innlærarar opplever den norske språksituasjonen med mange dialektar og to skriftspråk som forvirrande, særleg viss dei kjem frå eit land der standardspråket (både munnleg og skriftleg) står sterkt (Hoftun 2015). Dei kan òg ha fordommar mot norske dialektar og dialektbrukarar (at dei t.d. er «bondske») som tar utgangspunkt i det dei er vant med frå heimlandet og som kan påverka norsklæringa (sjå t.d. Garbacz 2014). Dei Ivar Aasen snakka med då han reiste rundt i Noreg, verka heller ikkje så positive til dialektane: «[d]et er mange fordommer mot dialektene, skriver Aasen, blant annet den at «[s]kriftsproget er det eneste rette, og at Dialektformerne kun ere hæslige Forvanskninger af samme» (i Kulbrandstad 2008: 84). Men nå er det slik at det er vanleg at førstespråksbrukarar av norsk høyrer språkleg til ein dialekt og snakkar dialekt i alle situasjonar. Få snakkar bokmål eller nynorsk. Mangelen på eit standard og geografisk nøytralt talespråk i Noreg kan tenkast å gjera det vanskelegare å oppnå førstespråkslik kompetanse i norsk. (Om me har eit rikstalemål, er definitivt eit ikkje-ferdig-diskutert emne, sjå t.d. Papazian 2012). Her kan me tenka oss at førstespråklæring kan vera det motsette av andrespråklæring på eitt punkt til. Som eg var inne på 2.1.2., førstespråklæring tyder at personen oppnår full meistring av talespråket tidleg i livet, men mange blir altså aldri gode skrivrarar. Ved andrespråklæring kan me tenka oss ein situasjon der ein innlærarar etter kvart blir flink til å skriva norsk og ikkje har typiske innlærartrekk i tekstane sine. Hen kan dei grammatiske reglane i skriftspråket, og det skriftlege språket følger ein av dei skriftlege målformene. Det kan likevel vera slik at med ein gong hen opnar munnen, høyrer me at uttalen ikkje er førstespråkslik. Viss den mot formodning er det, kan det tenkast at personen ikkje har ein spesifikk dialektal tilhøyrsel, og dermed kan det munnlege språket på mange måtar bli oppfatta som ikkje-målspråkslikt. Eg tør derfor å påstå at det å oppnå målspråkslik kompetanse kan tyda forskjellige ting sidan me må skilja mellom skrift og tale. Det kan til og med tyda forskjellige ting frå språk til språk kva nivå ein må legga seg på og kor mykje arbeid ein må legga ned når ein har innføddlik munnleg kompetanse som mål, noko etter mi lærarerfaring få innlærarar er klar over.

### 2.1.5. Mellomspråk

Som eg allereie har nemnt, har dei aller fleste andrespråksinnlærarar av norsk det å læra bokmålsnormen som mål i og med at dei aller fleste opplæringssentra tilbyr opplæring i bokmål<sup>2</sup>. Det er som kjent den målforma dei fleste innbyggjarane her til lands nyttar når dei skriv. Det tar tid å læra seg eit nytt språk og dermed òg norsk. Norsken til innlærarane, sjølv om han ikkje stemmer overeins med bokmåls- eller nynorsknormen (eller dialekten), er jo ein slags norsk, og mange vil kanskje seia at han er «gebrokken» (for oversikt over forsking om holdningar til norsk med utanlandsk aksent, sjå Kulbrandstad 2015). Fagtermen for det ein oppfattar som det meir eller mindre avstikkande frå normen språket til innlærarane, er **mellomspråk** (Berggreen og Tenfjord 1999: 18). Det var Selinker som introduserte han i 1972 i samband med hypotesane sine om andrespråklæring der ein av dei er overføring frå førstespråket (Berggreen og Tenfjord 1999: 54-58). Her vil eg igjen understreka at eg ikkje undersøker noko som kan ha med slik overføring å gjera, og at eg bruker omnipresent teorinøytralt og synonymt med innlærarspråk. Mellomspråket har ofte typiske innlærartrekk, frå dei generelle som forenklingar, generaliseringar og variasjon (Hilditch og Aarsæther 2008: 47) til dei meir konkrete som t.d. underinversjon (sjå t.d. Johansen 2009) eller ulike uttalefeil. Her er det òg viktig å skilja mellom mellomspråkstrekk og alderstypiske trekk som andre med norsk som førstespråk gjer som t.d. særskrivingsfeil (Hilditch og Aarsæther 2008: 47, 49). Sjølv om langt frå alle norskinnlærarane har innføddlik (og aldersadekvat) kompetanse i norsk som mål, jobbar mange med å utvikla det norske mellomspråket sitt i retning norsk bokmål.

### 2.1.6. Oppsummering — læra norsk som andrespråk

Dette delkapitlet plasserer oppgåva i feltet Norsk som andrespråk. Det rommar dei viktigaste og mest grunnleggande omgrepene som dannar ei ramme for resten av dette arbeidet. I dette delkapitlet har eg gjort greie for nokre presiserande dikotomiar som ikkje berre fortel kva slags bakgrunn informantane i denne studien har, men òg viser kva det å læra norsk som andrespråk eigentleg tyder og kva overordna utfordringar dei står overfor når vaksne bestemmer seg for å læra norsk. Særleg dikotomien *bokmål—dialekt* illustrerer at andrespråklæring i ein norsk kontekst er eit samansett omgrep.

---

<sup>2</sup> [http://files.zetta.no/www-nm-no/\\_filer/oversyn\\_kommunar\\_jan\\_2017.pdf](http://files.zetta.no/www-nm-no/_filer/oversyn_kommunar_jan_2017.pdf), lese 16.3.2017


## **2.2. Rammeverket og substantivfrasar i skriftleg norsk som andrespråk**

Som eg har nemnt i det føregående delkapitlet, har andrespråkslæring andre forutsetningar og anna sluttresultat samanlikna med førstespråkslæring. I 2.1.2. var eg inne på kva som normalt er resultatet av førstespråkslæring, nemleg full meistring. Dette er vanlegvis ikkje eit resultat av andre- og framandspråkslæring. I dette delkapitlet presenterer eg Det felles europeiske rammeverket for språk, prosjektet Norsk profil og ser etter peikepinnar som kan danna eit førebels bilde av kva me kan forventa av substantivfrasane når innlærarar er på ulike nivå i norsk. Til slutt viser eg kva dagens vurderingskriterium til Bergenstenen predikerer når det gjeld substantivfrasar.

### 2.2.1. Det felles europeiske rammeverket for språk: læring, undervisning og vurdering

Referanseredskapet som blir brukt til blant anna å beskriva og vurdera språkferdigheiter på ulike nivå, heiter *The Common European Framework of Reference for Languages* (oftast forkorta til CEFR; norsk: *Det felles europeiske rammeverket for språk: læring, undervisning og vurdering*, heretter Rammeverket) (Utdanningsdirektoratet 2011, sjå òg VOX 2013). Læreplanen i norsk for vaksne innvandrarar (VOX 2012) er basert på Rammeverket. Sidan 2005 bygger prøvene i norsk (Norskprøva og Bergenstenen) på desse dokumenta (Carlsen 2012: 8).

«Rammeverket er et forsøk på å beskrive noe så innfløkt og sammensatt som det menneskelige språk ved å stykke språkkompetansen i atskilte deler» (Utdanningsdirektoratet 2011: 1). Dokumentet skisserer seks referansenivå for språklæring, -testing og -opplæring: A1 er det lågaste og C2 det høgaste, ofte omtalt som tilsvarande innfødd kompetanse. Det faktum at ein har norsk som førstespråk tyder ikkje at ein automatisk har ferdigheiter på C2 (Carlsen 2010: 146), særleg ikkje skriftlege ferdigheiter, som eg var inne på i 2.1.3.



Figur 2:1. Rammeverksnivå (også kalla CEFR-nivåa) (Utdanningsdirektoratet 2011: 26)

Til kvart nivå finst det globale mål, dvs. beskrivingar av den generelle kompetansen innlærarar på eit gitt nivå må ha (Utdanningsdirektoratet 2011: 29). Vidare følger ei meir detaljert framstilling av fem følgande språkferdigheiter på rammeverksnivåa: lytting, lesing, samhandling, munnleg produksjon og skriftleg produksjon (Utdanningsdirektoratet 2011: 34-35). Rammeverket inneheld også mange fleire og meir detaljerte skalaar for blant anna ulike aktivitetar innanfor dei fem hovudferdigheitene. T.d. innan skriftleg produksjon finn me følgande: *generell skriftleg produksjon, kreativ skriving og rapportar og resonnerande tekstar*.

I studien er datagrunnlaget mitt skriftlege tekstar, og Rammeverket seier følgande om kva skriftlege ferdigheter som er forventa på dei ulike rammeverksnivåa:

- 
- C2** Eg kan skrive klare tekstar med god flyt i ein passande stil. Eg kan skrive komplekse brev, rapportar og artiklar der eg legg fram ei sak på ein føremålstenleg, logisk og strukturert måte som hjelper mottakaren til å leggje merke til og hugse viktige poeng. Eg kan skrive samandrag og omtalar både av faglege og litterære arbeid.
- 
- C1** Eg kan skrive klare og strukturerde tekstar og gi uttrykk for synspunkta mine på ein utfyllande måte. Eg kan skrive om komplekse emne (i brev, rapportar, artiklar eller skolestilar) og understreke kva eg meiner er dei viktigaste punkta. Eg kan velje ein stil som passar til den som skal lese teksten.
- 
- B2** Eg kan skrive klare, detaljerte tekstar om eit vidt spekter av emne som er knytte til mine interesser. Eg kan skrive ei samanhengande framstilling eller ein rapport for å formidle informasjon eller argumentere for eller imot eit bestemt synspunkt. Eg kan skrive brev som tydeleg viser kva visse hendingar og erfaringar betyr for meg.
- 
- B1** Eg kan skrive enkle, samanhengande tekstar om emne som er kjende eller har personleg interesse.  
Eg kan skrive personlege brev der eg skildrar opplevingar og inntrykk.
- 
- A2** Eg kan skrive, korte, enkle beskjedar som gjeld dei viktigaste områda av daglelivet. Eg kan skrive eit svært enkelt personleg brev, f.eks. eit takkebrev.
-

<b>A1</b>	Eg kan skrive eit enkelt postkort, f eks. eit julekort. Eg kan fylle ut skjema med personlege opplysningar, som namn, nasjonalitet og adresse.
-----------	------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Tabell 2:1 Skriftlege ferdigheiter i Rammeverket (Utdanningsdirektoratet 2011: 34-35)

Tabellane som er henta frå Rammeverket, har den opphavleg målforma.

Sjølv om skalaen ikkje seier noko direkte om substantivfrasar eller andre grammatiske strukturar, karakteriserer han tekstane på A1, A2 og B1 som «enkle», mens B2 som «detaljerte». Det tolkar eg som ei forventning om meir komplekse frasar på B2 samanlikna med dei lågare nivåa. Forskjellen mellom beskrivingane til B2 og C1 ser ut til å ligga i bl.a. kor velstrukturert ein tekst er. Me kan forventa at innlærarar på lågare nivå har fleire enklare frasar, og at forskjellen i talet på substantivfrasar med adledd ligg først og fremst mellom B1 og B2. Skalaane skal lesast slik at B2-kompetanse inneber at ein kan det som er spesifisert for nivået pluss nivåa under, i dette tilfellet — B2=B2+B1+A2+A1.

Dei skriftlege tekstane eg granskjer, er av den resonnerande typen. Rammeverket seier følgande om slike tekstar:

<b>C2</b>	Kan produsere velkomponerte, lettflytende, komplekse rapporter, artikler eller resonnerende tekster som presenterer et saksforhold eller gir en kritisk vurdering av framlagte ideer eller litterære verk. Kan bygge opp en hensiktsmessig logisk struktur som hjelper leseren til effektivt å finne fram til de viktigste punktene.
<b>C1</b>	Kan skrive klare, velstrukturerte framstillinger av komplekse emner, der de viktige punktene blir understreket. Kan gå noe i dybden og utvikle og underbygge synspunkter med underpunkter, begrunnelser og relevante eksempler.
<b>B2</b>	Kan skrive en resonnerende tekst eller en rapport som systematisk utvikler et argument, der de viktigste punktene understrekkes og underbygges med relevante tilleggsopplysninger. Kan vurdere ulike ideer og løsninger i forbindelse med et problem.
<b>B1</b>	Kan skrive en resonnerende tekst eller en rapport som utvikler et argument, gi grunner for eller imot et bestemt synspunkt og forklare fordelene og ulempene ved ulike alternativ. Kan sammenfatte informasjon og argumenter fra en rekke kilder.
<b>A2</b>	Kan skrive korte, greie, resonnerende tekster om emner hun/han er interessert i. Kan med en viss sikkerhet oppsummere, rapportere om og uttrykke sin mening om innsamlet informasjon om kjente – rutinepregede og ikke-rutinepregede – saker innenfor sitt eget felt.
<b>A1</b>	Kan skrive svært korte rapporter i standardformat som gir rutinemessige saksopplysninger og begrunnelser for handlinger.

Tabell 2:2 Rapportar og resonnerande tekstar i Rammeverket (Utdanningsdirektoratet 2011: 78)

Heller ikkje denne skalaen fortel noko direkte om kva me kan forventa av innlærarane når det gjeld frasar og særleg substantivfrasar på ulike nivå. Når eg nå skal prøva å formulera spesifikke nivåbeskrivingar for norsk når det gjeld substantivfrasar, er det mest føremålstenleg å ta utgangspunkt i skalaen for grammatisk korrektheit som finst i Rammeverket. Der finst det følgande kriterium:

C2	Har konsekvent grammatisk kontroll over kompleks språkbruk over tid, selv når oppmerksomheten er rettet mot noe annet (planlegging av ytringer, observasjon av andres reaksjoner).
C1	Uttrykker seg i stor grad grammatisk korrekt over tid. Feil forekommer sjeldent og er vanskelige å legge merke til.
B2	Har god grammatisk kontroll, selv om det fortsatt forekommer enkelte glipp eller usystematiske feil og små mistak i setningsstrukturen, men de er sjeldne og kan ofte rettes opp.
B1	Viser relativt god grammatisk kontroll. Gjør ikke feil som fører til misforståelser.
A2	Kommuniserer på et rimelig korrekt språk i kjente situasjoner og har som regel god kontroll, men uttrykksmåten er merkbart påvirket av morsmålet. Det forekommer feil, men det er tydelig hva hun/ han prøver å si.
A1	Kan rimelig presist bruke et repertoar av hyppig anvendte «routine-uttrykk» og mønstre knyttet til forutsigbare situasjoner.
	Bruker noen enkle strukturer riktig, men gjør systematisk grunnleggende feil. Blander for eksempel ofte sammen verbtider og [markerer ofte ikke samsvar]*. Likevel er det oftest klart hva hun/han prøver å si.
	Mestrer bare i begrenset grad noen få, enkle grammatiske strukturer og setningsmønstre innenfor et innlært repertoar.

Tabell 2.3 Grammatisk korrektheit i Rammeverket (Utdanningsdirektoratet 2011: 137)

\*I den trykte utgåva er det ein glipp i omsettinga: *forget to mark agreement* blei omsett til *glemmer å markere enighet*. Glippen er retta i den elektroniske versjonen.

Me ser i tabellen ovanfor at Rammeverket ikkje nemner konkrete grammatiske konstruksjonar som innlæraren bør meistra på eit gitt nivå, t.d. substantivfrasar med førestilte og etterstilte possessiv. Sjølv om eg undersøker B- og C-nivåa, har eg tatt med A-nivåa i tabell 2:3. Det er nemleg slik at det mest konkrete utsegnet om substantivfrasar finn me på A2: «markerer ofte ikke samsvar». Elles er det ikkje spesifisert kva som skjer på dei høgare nivåa utover: «rimelig korrekt språk [...] uttrykksmåten er merkbart påvirket av morsmålet» B1, «god grammatisk kontroll» B2, «i stor grad grammatisk korrekt» C1 og «konsekvent grammatisk kontroll» C2. Når det gjeld substantivfrasar, kan me uti frå dette forventa at graden av korrekt

samsvarsbøyning vil auka saman med aukande norskkompetanse. På C1 vil det nesten ikkje vera feil. På B1 og B2 kan det vera ein del feil som ikkje påverkar forståinga av bodskapen i setninga. Her kan det tenkast at feil i samsvarsbøyning ikkje fører til misforståingar, og dermed at innlærarar på desse nivåa kan ha ein del feil i adjektivbøyninga og likevel bli plasserte på desse nivåa.

Som me allereie har sett, er nivåkarakteristikkane i Rammeverket generelle og ikkje språkspesifikke. Dette vil seia at tabellane ovanfor skal kunna brukast ikkje berre for norsk, men òg andre språk. Mangelen på meir spesifikke beskrivingar t.d. når det gjeld grammatiske strukturar, blir grunngitt med at «[d]et regnes som umulig å sette opp en generell skala for å måle framgang i grammatikk som anvendes på alle språk» (Utdanningsdirektoratet 2011: 137). På grunn av dette kan dei generelle beskrivingane i mange tilfelle gi høve til ulike tolkingar. Dette er særleg problematisk i ein vurderingssituasjon. I og med at Rammeverket tar utgangspunkt i ei handlingsorientert tilnærming til språkbruk og språklæring (Utdanningsdirektoratet 2011: 10), blir det vanskeleg å laga ei framstilling av grammatiske strukturar på dei ulike nivåa som gjeld for alle språk. To språk kan «løysa» ein gitt språkleg situasjon eller oppgåve ved å bruka ulike språklege middel og strukturar. I tillegg kan det som er rekna som enkelt variera frå språk til språk. Ei anna utfordring med såpass generelle skalaar er upresise formuleringar som gir rom for ulike tolkningar: «enkle grammatiske strukturer» (A1, Utdanningsdirektoratet 2011: 137) og «enkle fraser og setninger» (Kreativ skriving, A1 og A2, Utdanningsdirektoratet 2011: 78). Undersøkingar som tar for seg kva innlæraren kan og ikkje kan på eit gitt rammeverksnivå, vil kunna snevra inn kva «enkle grammatiske strukturar» tyder og gi meir informasjon om kva ein meistrar på ulike utviklingstrinn.

Skalaene i rammeverket er ikkje berre generelle med tanke på målspråk, dvs. det språket ein vil læra, men òg når det gjeld førstespråk. Rammeverket tar ikkje omsyn til kva språkleg bakgrunn innlærarar har. Nokre av artiklane i Norsk profil som eg presenterer i neste avsnitt, undersøker korleis innlærarar med ulik førstespråksbakgrunn lærer eit bestemt språktrekk eller kategori.

## 2.2.2. Norsk profil

Prosjektet *Norsk profil* (Carlsen 2012) hadde som mål å laga språkspesifikke nivåbeskrivingar for rammeverksnivåa A2-C1. Datagrunnlaget som blei brukt til å utarbeida skalaane, er henta frå Norsk andrespråkskorpus — ASK (sjå [3.2.](#)). Skalaane baserer seg dermed på autentiske innlærardata, og er ikkje utvikla teoretisk slik det er tilfelle med rammeverksnivåa og nivåkarakteristikkane, noko Rammeverket har blitt kritisert for (Carlsen 2012: 23). Rammeverksnivåa blei utarbeidde teoretisk, og deretter blei dei kvalitetssikra av lærarar frå ulike utdanningssektorar og med ulik lingvistisk kompetanse og undervisningsbakgrunn (Utdanningsdirektoratet 2011). Som resultat av prosjektet Norsk profil finst det nå følgande ti skalaar tilpassa og eksemplifiserte for norsk: bestemtheitsmarkering i enkle substantivfrasar, tempus, subjekstvang, syntaks, modalitet, ordforrådets breidd/omfang, ordforrådets djupn/kontroll, koherens og kohesjon, typiske bindeord, feilmengd og feilmønster.

Europarådet (2005: 5) har utarbeidd minstekrav for prosjekt som har som mål å laga språkspesifikke nivåbeskrivingar. Den norske omsettinga er henta frå Carlsen (2012: 26):

- 1) [RLD-beskrivelsene]\* skal bygge på rammeverksbeskrivelsene
- 2) metoden og dataene som er brukt, skal spesifiseres
- 3) det skal indikeres om beskrivelsene kun gjelder reseptive ferdigheter eller også produktive ferdigheter
- 4) de skal inneholde lingvistiske realisasjoner av de generelle formuleringene i Rammeverksnivåene

\*RLD står for Reference Level Descriptions, nivåbeskrivingar

Denne undersøkinga skriv seg inn i prosjektet Norsk profil då det i likskap med alle artiklane i antologien Norsk profil (1) tar utgangspunkt i nivåbeskrivingane i Rammeverket, (2) bruker ASK-korpuset og (3) skriftleg produksjon som datagrunnlag. Beskrivingane gjeld derfor kun produktive ferdigheiter. Spesifiseringa av dei generelle formuleringane i Rammeverket for utbygde substantivfrasar presenterer eg (4) i [4.6.](#).

I Norsk profil finn me ein skala som omtalar bestemtheitsmarkering i enkle substantivfrasar dvs. frasar utan førestilte adledd og med eventuelle relativsetningar og preposisjonsfrasar etter

kjernen. Skalaen bygger på eit datamateriale frå innlærarar med russisk og engelsk som førstespråk og som Nordanger brukte i masteroppgåva si (2009):

<b>C2</b>	ingen beskrivelse foreligger
<b>C1</b>	Markerer enkle substantiver for bestemtheit omtrent som morsmålsbrukere. Avvik forekommer kun i en liten andel fraser.
<b>B2</b>	Det er store individuelle forskjeller mellom innlærerne når det gjelder bruk av bestemt form, fra systematiske avvik til nær målspråkslikhet.  Markering av bestemt form synes å være påvirket av morsmålsbakgrunn.
<b>B1</b>	Det er store individuelle forskjeller mellom innlærerne når det gjelder bruk av bestemt form, fra systematiske avvik til nær målspråkslikhet.  Markering av bestemt form synes å være påvirket av morsmålsbakgrunn.
<b>A2</b>	ingen beskrivelse foreligger
<b>A1</b>	ingen beskrivelse foreligger

Tabell 2:4 Bestemtheitsmarkering i enkle substantivfrasar (Nordanger 2012: 271)

Det ein kan lesa ut av denne tabellen, er at me kan forventa stor individuell variasjon i korleis innlærarane markerer bestemtheit i substantivfrasar med berre kjerne. Førstespråkspåverknad ser ut til å vera grunnen til denne variasjonen. Det er først på C1 forskjellane jamnar seg ut. Den største fordelen med at Nordanger har valt å avgrensa undersøkinga si til bare å omfatta enkle substantivfrasar, er utan tvil at dei er svært frekvente. Når det gjeld typen substantivfrasar eg undersøker, ligg eg på den andre sida av skalaen samanlikna med Nordanger sidan eg har valt å fokusera på substantivfrasar med adledd før kjernen. I undersøkinga mi ser eg vekk frå førstespråksbakrunnen til informantane og ser kun på substantivfrasane deira i samanheng med B1-C1 nivåa. I 4.1. gjer eg ytterlegare greie for kva substantivfrasar eg undersøker.

### 2.2.3. Vurderingskriteria til Test i norsk — høgare nivå, Bergenstenen

Tekstar skrivne til Bergenstenen blir vurderte ut ifrå fem hovudkriterium: formidling, tekstoppbygging, ord og uttrykk, grammatikk og rettskriving og teiknsetting. I tillegg er det slik at «[f]or å få **Bestått** sammenlagt, må kandidaten ha **Bestått** på alle kriteriene. For å få **Godt bestått** sammenlagt, må kandidaten ha **Godt bestått** på alle kriteriene» (Norsk

språktest 2016: 17). I likskap med Rammeverket tar ikkje vurderingskriteria for Bergenstesten omsyn til ulike førstespråksbakgrunn. Sjå vedlegg 3 for heile tabellen med vurderingskriterium. Kriteriet eg skal fokusera på nå, på jakt etter kva forventningar ein har til substantivfrasane på nivå B2 og C1, er grammatikk:

<b>Grammatikk</b>	<b>Grunnleggende strukturer:</b> Kandidaten viser godt grep om grunnleggende syntaks og morfologi, selv om noen feil kan forekomme.  <b>Komplekse strukturer:</b> Kandidaten bruker ulike typer leddsetninger og <u>utbygde fraser</u> . Til tross for feil er det tydelig hva kandidaten prøver å uttrykke.	<b>Grunnleggende strukturer:</b> Kandidaten behersker grunnleggende syntaks og morfologi. Kun en og annen glipp vil forekomme.  <b>Komplekse strukturer:</b> Kandidaten bruker ulike typer leddsetninger og <u>utbygde fraser på en god/naturlig måte</u> . Grammatikken er stort sett korrekt, også i komplekse strukturer.
-------------------	--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Tabell 2:5 Grammatikk i vurderingskriteria til Test i norsk — høgare nivå, Bergenstesten (Norsk språktest 2016: 17, mine understrekingar)

Kolonnane beskriv grammatikkferdigheter som er forventa høvesvis på nivå B2 (bestått) og C1 (godt bestått). Det står ikkje noko eksplisitt om substantivfrasar, men alle frasetypar blir skore over ein kam. Det blir likevel lagt vekt på at kandidaten skal produsera utbygde frasar på begge nivå, og forskjellen ligg i graden av korrektheit i frasane.

### 2.3. Substantivfrasar

Eg har til nå gått gjennom relevante omgrep innanfor fagfeltet Norsk som andrespråk, introdusert referanseredskapet Rammeverket, rammeverksnivå og prosjektet Norsk profil, som denne masteroppgåva kan vera eit bidrag til, og vist at me fortsatt veit lite konkret om kva innlærarane gjer med substantivfrasane sine på ulike rammeverksnivå. Dette delkapitlet fokuserer på den lingvistiske kjernen i denne masteroppgåva — substantivfrasar. Først skriv eg kort om fraseomgrepet, kva substantivfrasar er, kva dei kan vera samansett av, og kva moglegheiter og restriksjonar som finst. Den relativt detaljerte gjennomgangen som følger, med fokus òg på grunnleggande tilhøve, er nødvendig som teorigrunnlag i ein andrespråksamanheng for å få fram kompleksiteten i utfordringa norskinnlærarar står overfor.

Derfor er delkapitlet av den omfattande typen. Her vil eg òg sjå på substantivfrasen i eit typologisk perspektiv.

Alle døma er mine eigne når ikkje anna er nemnt.

### 2.3.1. Fraseomgrepet

**Frasar** er enkeltord eller grupper av ord som høyrer saman og på den måten dannar setningsledd eller delar av setningsledd (Kulbrandstad 2005: 4). Ein frase kan vera samansett av eitt eller fleire ord, men har alltid eitt hovudord som **kjernen** sin. Som følge av dette blir dei kalla **endosentiske** (Åfarli m. fl. 2003: 27, Åfarli og Sakshaug 2006: 71). Avhengig av kva ordklasse kjernen høyrer til, får me substantivfrasar, pronomenfrasar, adjektivfrasar, osv. (Hagen 1998: 39). La oss sjå på to døme:

- (1) *ein stor bil*
- (2) *eit stort hus*

Desse frasane er døme på substantivfrasar fordi hovudordet i begge frasane er substantiva *bil* og *hus*. Viss me fjernar substantiva, mistar me hovudinhaldet. Kjernen i ein frase **projiserer** (overfører) dei syntaktiske eigenskapane sine til heile frasen (Åfarli og Sakshaug 2006: 71). Viss eg bruker frasen i døme (1) i ei setning som denne: *Eg har ein stor bil*, er heile frasen ein funksjonsstørleik i setninga, i dette tilfellet — objekt. Eit anna teikn på at alle tre orda høyrer i hop er at dei er samsvarsbøygde. Kjernen er hankjønn, og derfor får frasen den passande artikkelen, og adjektivet står òg i hankjønn. (I ein slik konkret og empirisk kontekst som denne oppgåva er, har eg bruk for termen **artikkkel**, som er klassifisert som determinativ i *Norsk referansegrammatikk*.) Kjernen i den andre frasen er inkjekjønn (2), og me ser at dei to andre orda er det òg. Ein endosentrisk frase kan vera modifisert av andre endosentriske frasar, men det er kun éin av dei som vil ha leddstatus i setninga. Her bruker eg ordet *modifisert* i vid forstand om alle typar ord som står til kjernen. Adjektiva *stor* og *stort* er sjølve kjernar i adjektivfrasane som modifiserer kjernane i substantivfrasane (1) og (2), men hierarkisk ligg dei under substantivfrasen og kan ikkje vera ledd på eiga hand. Dette ser me viss me brukar dei i ei setning:

(3) *Eg har ein stor.*

Setninga er ufullstendig utan å opptre i kontekst, og me manglar eit innhaldsord. I avsnittet og bestemtheit skriv eg meir om kjernelause substantivfrasar.

Adjektivfrasane kan ekspandera ved at den adjektiviske kjernen får adledd til venstre eller i nokre få tilfelle òg høgre for kjernen (Faarlund, Lie og Vannebo 1997: 406-407), og adleddet vil då ligga hierarkisk lågare i frasestrukturen:

(4) *ein veldig stor bil*

(5) *ein stor nok bil*

Substantivkjernen kan me òg modifisera med adledd som kjem til høgre:

(6) *ein veldig stor bil som står i garasjen*

Det me får nå, er ein meir påkledd substantivfrase enn den eg begynte med i dette avsnittet som er objektet i denne setninga: *Eg har ein veldig stor bil som står i garasjen*. Igjen ser me at det einaste ordet me ikkje kan ta vekk utan at me mistar innhaldet, er *bil*: *Eg har bil*. Utfyllinga i preposisjonsfrasen *i garasjen* er òg ein kjerne. Denne kjernen kan òg få førestilte og etterstilte adledd. I teorien finst det derfor ingen grenser for kor utbygde frasar me kan produsera.

### 2.3.2. Rosina i pølsa og kongen på haugen: substantivet

Eg har til nå i dette kapitlet forklart fraseomgrepene og vist kva som kjenneteiknar frasar generelt sett, nemleg at dei har ein kjerne, og at dei er endosentriske. I det følgande skal eg gå grundig til verks i det som eg så vidt begynte på i innleiinga til denne oppgåva, nemleg strukturen i norske substantivfrasar. Før eg går i djupna med det, vil eg seia nokre ord om kjernen i substantivfrasen, nemleg substantivet. Avsnittet bygger hovudsakleg på Hagen (1998) og Faarlund, Lie og Vannebo (1997). Fokuset ligg på det grammatiske og kva moglegheiter for utbygging som finst i det norske språket: bøyning, rekkefølge og ikkje så

mykje på når ein skal bruka t.d. ubestemt eller bestemt form. I studien (kap. 4.) undersøker eg korleis substantivfrasane frå andrespråksinnlærarar ser ut, og dermed ser eg det som naudsynt å gi ein nokså detaljert presentasjon av det som er rett og det som blir feil, men òg kva grammatiske operasjonar innlærarar må læra for å produsera grammatiske korrekte substantivfrasar på norsk.

Dei fleste medlemmane i ordklassen substantiv (fellesnamn, ikkje eigennamn) i norsk blir bøyde i tal og bestemtheit. I tillegg har norske substantiv normalt eitt av tre genus: hankjønn, hokjønn og inkjekjønn. Det vil seia at det er tre ting som blir markert ved substantiv og dermed ved mange av adledda til substantivfrasen: tal, bestemtheit og genus. Genus, tal- og kasusbøyning er dei vanlegaste trekka ved substantiv (Greenberg 1966: 94), så norsk har to av dei tre vanlegaste.

Substantiv kan me dela inn i sterke og svake alt etter om dei sluttar på ein trykklett vokal i ubestemt form eintal (svake) eller ei (sterke). Det er genuset til kjernen som styrer bøyingsforma til mange av dei moglege adleddtypane i substantivfrasen. Eg kjem tilbake til kva adledd som blir samsvarsbøyde i avsnittet om samsvarsbøyning. Tabellen nedanfor summerer opp dette avsnittet og viser døme på hovudmønstra i substantivbøyning i norsk bokmål, sidan det er den skriftsspråkvarianten dei fleste andrespråksinnlærarane får undervisning i:

	<b>ubestemt eintal</b>	<b>bestemt eintal</b>	<b>ubestemt fleirtal</b>	<b>bestemt fleirtal</b>
<b>hankjønn sterkt</b>	en bil	bilen	biler	bilene
<b>hankjønn svakt</b>	en kvinne	kvinnen	kvinner	kvinnene
<b>hokjønn sterkt</b>	ei avis	avisa	aviser	avisene
<b>hokjønn svakt</b>	ei kone	kona	koner	konene
<b>inkjekjønn sterkt</b>	et år	året	år	årene
<b>inkjekjønn svakt</b>	et teppe	teppet	tepper	teppene

Tabell 2:6 Hovudmønstra i substantivbøyning i bokmål

Som lærar i voksenopplæring ser eg to hovudproblem der norske substantiv har uregelrett bøyning: hankjønnssubstantiv som sluttar på *-er/-ar* i eintal ubestemt og sterke inkjekjønnssubstantiv. Til den første typen høyrer bl.a. mange yrkesnamn som t.d. lærer/lærar og leder/leiar.

	<b>ubestemt eintal</b>	<b>bestemt eintal</b>	<b>ubestemt fleirtal</b>	<b>bestemt fleirtal</b>
<b>bokmål</b>	en lærer	læreren	lærere	lærerne
<b>nynorsk</b>	ein lærar	læraren	lærarar	lærarane

For innlærarane er det fleirtalsbøyninga som ofte er vanskeleg i bokmål. Denne gruppa substantiv får regelrett bøyning i nynorsk.

Når det gjeld den andre typen, er det ei gruppe med få men frekvente inkjekjønnssubstantiv som ikkje får endinga *-er* i fleirtal ubestemt i bokmål, t.d. hus, år, barn, ord, bord, kurs, land og spørsmål (sjå òg artikkelen til Papazian 2002 om inkjekjønn i bokmål og austlandske dialektar). I nynorsk gjer ein ikkje forskjell på sterk og svak inkjekjønnsbøyning, og alle inkjekjønnssubstantiv får inga ending i fleirtal ubestemt.

Det er mykje dette avsnittet ikkje eksemplifiserer, t.d. andre typar uregelrette substantiv, alternative endigar eller togenussystemet som er vanleg i Bergen bymål og konservativt bokmål (Faarlund, Lie og Vannebo 1997: 151-152). Formålet med avsnittet var å kun presentera hovudmönstra som ein inngang til substantivfrasestrukturen eg skisserer nedanfor. Sjå Hagen (1998) eller Faarlund, Lie og Vannebo (1997) for grundigare framstillingar.

### 2.3.3. Substantivfrasekjema for norsk

I det følgande presenterer eg to skjema som viser strukturen i norske substantivfrasar. Begge skjema tar utgangspunkt i den kanoniske (stilistisk nøytrale) adleddrekkefølga i substantivfrasar i norsk. I oppgåva er eg først og fremst opptatt av det lineært posisjonelle.

## Vannebo (1972: 57)

bestemmarfelt	beskrivarfelt	kjernefelt	possessivfelt	sekundære beskrivarledd	tungtleddfelt
1 2 3 4 5 6	sek. K	b b K		adv., po-ledd, artsledd	
den	store	bilen	min	i plastikk	som står i garasjen

Tabell 2:7 Vannebo (1972: 57) sitt skjema med mitt døme

I bestemmarfeltet finn me seks felt til seks posisjonsklassar: 1 totalitet, 2 determinasjon, 3 possessivitet, 4 kvantitet, 5 seleksjon og 6 komparasjon. Denne posisjonsklasseinndelinga baserer seg på Loman si (i Vannebo 1972: 30-31):

Bestemmerfelt					
1 totalitet	2 determinasjon	3 possessivitet	4 kvantitet	5 seleksjon	6 komparasjon
alle	disse	hans	mange	andre	sådanne

Tabell 2:8 Posisjonsklasseindelinga i bestemmarfeltet (Vannebo 1972: 30-31)

Det skjer svært sjeldan at alle posisjonane i bestemmarfeltet blir fylt. Ord innanfor same posisjonsklasse kan normalt ikkje brukast i same frase (Vannebo 1972: 35), t.d. frå possessivitetsfeltet:

(6) *\*mi di jakke*

Etter bestemmarfeltet finn me beskrivarfeltet som vanlegvis innehold ein adjektivfrase som òg består av kjerne med eventuelle adledd (derfor sekundær K) slik me såg i:

(4) *ein veldig stor bil*

Kjernefeltet er hos Vannebo ytterlegare delt inn i bestemmar, beskrivar og kjerne (b b K). Grunnen til dette er at her ville han inkludera frasar av typen «et helt nyasket lite barn» og «hvor vakkert et lite barn» (Vannebo 1972: 33-34). Her skal me sjå på den første frasen og særleg adjektivet *lite*. Vannebo oppgir *liten*, *ung* og *gammal* som adjektiv som i norsk kan fungera som eit slags epitheton ornans (Vannebo 1972: 33) — forskjønnande tillegg, og dermed bør dei stå i kjernefeltet.

<b>bestemmarfelt</b>	<b>beskrivarfelt</b>	<b>kjernefelt</b>	<b>possessivfelt</b>	<b>sekundære beskrivarledd</b>	<b>tungtleddfelt</b>
et		helt nyasket	lite barn		

Vannebo argumenterer her for at *lite* bør her plasserast i kjernefeltet saman med substantivet, og ikkje i beskrivarfeltet slik det normalt hadde stått i frasar der adjektivet blir brukt til å faktisk gi eit bilde av storleiken på substantivet:

<b>bestemmarfelt</b>	<b>beskrivarfelt</b>	<b>kjernefelt</b>	<b>possessivfelt</b>	<b>sekundære beskrivarledd</b>	<b>tungtleddfelt</b>
et		lite	barn		

*Lite* og *barn* i «et helt nyasket lite barn» kan òg høyra saman prosodisk sidan adjektivet kan stå trykklett og på den måten danna ein einskap med substantivet. Slike forskjønnande tillegg liknar på det andre språk som t.d. italiensk og slaviske språk uttrykker gjennom bøyingsendingar, nemleg diminutiv.

Etter kjernen finn me eit possessivfelt til. Førestilte possessiv står i bestemmarfeltet i posisjonsklasse 3, mens etterstilte i dette possessivfeltet. Her hører òg preposisjonsuttrykk med possessiv tyding (t.d. *bilen til Henrik*), mens genitiv kan kun stå i posisjonsklasse 3 (t.d. *Henriks bil*) i norsk. Sjå òg eit eige avsnitt om possessivmarkering i norsk lengre nede.

I dei to siste felta etter kjernen kjem tyngre ledd. I det første finn me artsledd av typen *kjole i lin*, adverbiale ledd (t.d. tid eller stad) og preposisjonsobjekt (t.d. *tru på Gud*). Tunge ledd blir

plasserte heilt til slutt. Vannebo (1972: 54) presiserer kva eit tungt ledd er slik: «et ledd som er mer omfattende («tyngre») enn nærmest forangående ledd i helheten».

Det finst likevel eit unntak frå at tunge ledd blir plasserte heilt til slutt, nemleg attributtiv sperring. Det vil seia at frasar eller setningsledd som normalt står etter kjernen, blir flytta fram og plasserte mellom determinativ og kjerne t.d. «et av Stortinget vedtatt forslag» (Faarlund, Lie og Vannebo 1997: 250). I Vannebo sitt skjema ser frasen slik ut:

<b>bestemmarfelt</b>	<b>beskrivarfelt</b>	<b>kjernefelt</b>	<b>possessivfelt</b>	<b>sekundære</b>	<b>tungtleddfelt</b>
<b>beskrivarledd</b>					
et	av Stortinget vedtatt	forslag			

Her er det ein preposisjonsfrase (PP) som snik seg inn i beskrivarfeltet der det vanlegvis er ein adjektivfrase (AP) å finna. Informasjonsfortettinga er stor her, og slike konstruksjonar blir ofte oppfatta som kanselliprega (Hagen 1998: 379). Bruk av attributtiv sperring fører til at frasen blir venstretung og dermed prosesseringsbelastande (Hagen 1998: 379). Det me vanlegvis gjer, særleg i munnleg språk, er å plassera tunge adledd til høgre i frasen i form av ei relativsetning. Dermed kan dømet nemnt ovanfor sjå slik ut:

<b>bestemmarfelt</b>	<b>beskrivarfelt</b>	<b>kjernefelt</b>	<b>possessivfelt</b>	<b>sekundære</b>	<b>tungtleddfelt</b>
<b>beskrivarledd</b>					
et		forslag		som er blitt vedtatt av Stortinget	

Hagen (1998: 379) peiker også på at i mange SOV-språk kan det motsette vera det føretrekte å bruka, det vil seia at i språk som t.d. tyrkisk nyttar ein heller forestilte partisippkonstruksjonar enn relativsetningar, og ein gjer dermed frasane framtunge.

### Hagen (1998: 371)

Dette skjemaet skil seg frå det førre hovudsakleg ved at det kjem tre felt før beskrivarfeltet her i staden for eitt hos Vannebo. Orda som blir plasserte i bestemmarfeltet hos Vannebo, er vidare delte inn i fem undergrupper (sjå òg tabell 2:10), mens Hagen deler dei inn i tre.

TOT.	DEF.	DEL.	BESK.	KJERNE	POSS.	LOK.	SETNINGSALEDD
				<b>bilen</b>	min	i plastikk	som står i garasjen

Tabell 2:9 Hagen (1998: 371) sitt skjema for substantivfrasen i norsk med mitt døme

Tabellen viser inndeling i følgande adledd:

for kjernen	etter kjernen
TOT. — totalitetskantifiserande	POSS. — possessiv
DEF. — definitmarkerande	LOK. — lokaliserande
DEL. — delkantifiserande	SETNINGSALEDD
BESKR. — beskrivande	

På den første plassen i skjemaet finn me totalkvantorar (t.d. all, begge, heile, kvar). Så kjem definitmarkerande adledd, dvs. forestilte artiklar (determinativ), possessiv og genitiv. Deretter, i delkantifiserande ledd, finn me delkvantorar og substantivfrasar med delkantifiserande funksjon. I det beskrivande er det ofta adjektivfrasar å finna, unntaket er som nemnt attributtiv sperring. Rett etter kjernen kan me ha possessiv. Sett frå eit andrespråksperspektiv, legg merke til at når possessivet står før kjernen, har me eit ledig felt, men det har me ikkje når possessivet står etter kjernen. Sjå til dømes:

- (7) *min store bil*
- (8) *\*bilen store min*
- (9) *den store bilen min*

Etter possessivfeltet kjem lokaliserande adledd, typisk preposisjonsfrasar. Det siste elementet i den prototypiske substantivfrasen i norsk kan vera setningsadledd: del-leddsetningar og leddsetningar, det som hos Vannebo heiter tungleddfeltet. Nokre plassar blir fylt av ord frå

dei lukka ordklassane: possessiv, determinativ, kvantor, mens andre med ord frå dei opne. I tillegg til at me kan ha del-ledd- og leddsetningar heilt til slutt i substantivfrasen. Dette gir uendeleig mange moglege kombinasjonar sjølv om kombinasjon av nokre av plassane ikkje er moglege. Tabellen nedanfor viser dei to skjemaoppå kvarandre:

bestemmarfelt		beskrivarfelt		kjernefelt	possessivfelt	sekundære beskrivarledd	tungtleddfelt
TOT.	DEF.	DEL.	BESK.	KJERNE	POSS.	LOK.	SETNINGS- ADLEDD
1	2 3	4 5 6	sek. K	b b K		adv., po-ledd, artsledd	
			<i>den</i>	<i>store</i>	<i>bilen</i>	<i>min</i>	<i>som står i garasjen</i>

Tabell 2:10 Oppsummerande/samanliknande tabell av Vannebo og Hagen sine skjema

Eg kjem til å bruka hovudsakleg Hagen sitt skjema i oppgåva.

### 2.3.4. Potensielle snublesteinar i norske substantivfrasar i eit andrespråksperspektiv

Dette avsnittet set strukturen og reglane i norske substantivfrasar eg har skissert overfor, inn i eit andrespråksperspektiv. Her gjer eg ikkje berre greie for korleis tilhøva er i norsk, det har mange andre gjort før meg. Eg prøver å gi framstillinga eit «utanfrå-perspektiv» på fenomena i substantivfrasestrukturen som baserer seg på lærarerfaringa mi. Avsnitta under bygger på kvarandre, og på same måte som utfordringane eg presenterer, er dei vanskelege å skilja frå kvarandre. Eg begynner med den ibuande eigenskapen i dei fleste substantiva, nemleg genus. Genusgrammatikken må me kunna når me skal uttrykka bestemt og ubestemt form. Når me vidare skal bygga ut ein substantivfrase med eit adjektiv, må det samsvarsbøyast, og dobbel bestemming kjem inn i bildet her. Viss me vidare vil ekspandera den modifiserande adjektivfrasen, står adleddet i inkjekjønn sjølv om det ikkje alltid blir uttrykt morfologisk. Alt dette bruker me kvar dag utan å tenka særleg mykje over kor komplisert det eigentleg er. (Med mindre me er språkforskarar!) For ein som skal læra norsk i vaksen alder, er det mange reglar som ein må kunna og ta i bruk samtidig for at språket skal samsvara med ein av skriftspråksvariantane. Nedanfor presenterer eg hovudreglane og vier litt plass til unntaka som

er særleg relevante for innlærarane på høgt nivå i norsk sidan dei ofte meistrar hovudmønstra, men slit med frasetypar som ikkje følger hovudmønster.

## Genus

Genus i norsk har blitt sett på som problematisk i eit andrespråksperspektiv, både av dei som lærer norsk som dei som underviser i det. Det er få reglar som er til hjelp for innlærarar, samtidig som det å vita kva kjønn eit substantiv har, er heilt naudsynt for å produsera korrekte substantivfrasar. Genus viser seg i adledda som står til kjernen i ein substantivfrase og særleg i form av artiklar: «[d]e viktigste kjennetegnene på substantivets genus er artiklene» (Faarlund, Lie og Vannebo 1997: 150). På den andre sida står ikkje feil genustildelig i vegen for at ein skal forstå bodskapen i eit utsagn. Ifølge Hagen (1998: 63) er genus «[r]ent semantisk [...] en redundant størrelse, som i mange språk (bl. a. norsk) er relativt lite transparent for andre-språksinnlærere og derfor notorisk vanskelig å lære». Ragnhildstveit (2009) har forska på genustileigning, og ho fann ut at det generelt var lite av feil tildelt genus og at det ikkje naudsynlegvis er slik at innlærarane som har eit genussystem som liknar det me har i norsk, er flinkare enn dei som ikkje har det. Tysk har tre genus, men mange substantiv i norsk har ikkje same genus som i tysk. Faktisk var det innlærarane med vietnamesisk som førstespråk, eit språk utan genussystem, men med eit klassifikatorsystem, som hadde flest korrekt tildelte genus i tekstane sine. I tillegg blir hokjønn lite brukt i datamaterialet hennar, og det er dei vietnamesiske innlærarane som bruker det mest. På den andre sida er tekstane til innlærarane med vietnamesisk som førstespråk vurderte til å ligga på eit lågare rammeverksnivå enn tekstane til innlærarane med tysk som førstespråk. Dette kan tyda på at den kommunikative bodskapen i teksten veg tyngst, og at genus ikkje påverkar vurderinga i stor grad fordi det er kommunikativt redundant for forståinga av bodskapen. Sjå òg doktoravhandlinga til Ragnhildstveit (2017) for meir om genus og transfer.

## Bestemtheit

Bestemtheit heng naturlegvis saman med genus. Det er genuset som styrer kva for eit sett med artikkel og bøyingsending substantivet får. Hagen skriv i kapitlet om substantivfrasar at «kategorien bestemtheit har to trekk ubestemt og bestemt» (1998: 50). Vidare i kapitlet gir forfattaren ei omfattande gjennomgang av kategorien bestemtheit ut ifrå omgrepet referanse:

definitt, indefinitt og generisk referanse, og idiomatisk bruk av bestemt form. Her finn me òg døme på konstruksjonar der det ikkje er referansen som avgjer om substantivet skal stå i ubestemt eller bestemt form, men det er adledda som definerer det, t.d. førestilte vs. etterstilte possessiv (Hagen 1998: 51f).

Frå min ståstad som norsklærar og lingvist ser eg at valet ikkje berre gjeld  $\pm$  bestemt form, men i praksis står innlæraren framfor tre valmoglegheiter: naken kjerne, ubestemt form (med ubestemt artikkel) og bestemt form (med etterhengt artikkel). Alle tre setningane nedanfor er moglege i norsk avhengig av intendert bodskap:

- (10a) *Eg skal laga middag.*
- (10b) *Eg skal laga ein middag.*
- (10c) *Eg skal laga middagen.*

Den siste blir ofte realisert slik: *\*den middag*, særleg på lågare nivå, sjå t.d. Sørland (2010: 83).

I læreverket *Med tusen ord* (Strand 2009: 50, 54) finn me to oppgåver på A1 der innlærarane nettopp må velja mellom desse tre substantivfrasetypane. Her ser me at oppgåva ikkje berre går ut på  $\pm$  bestemt form. Innlæraren må ta stilling til alle dei tre typane tidleg i norskopplæringa.

## OPPGAVE C7

### Grammatikk

Sett inn substantivene i riktig form.

Olav og Ingeborg er på (et kjøkken) \_\_\_\_\_ . Ingeborg

lager (en middag) \_\_\_\_\_ , og Olav dekker (et bord)

\_\_\_\_\_. Olav vil gå på (en restaurant)

\_\_\_\_\_. (en restaurant) \_\_\_\_\_ har sjømat.

Ingeborg elsker (en sjømat) \_\_\_\_\_. De vil invitere Lars

og Maria på (en restaurant) \_\_\_\_\_ .



## OPPGAVE D3

### Grammatikk

Sett inn riktig form av substantivene.

(en familie) \_\_\_\_\_ Johansen og (en familie) \_\_\_\_\_ Ask er på (en restaurant)  
\_\_\_\_\_. (en restaurant) \_\_\_\_\_ heter Blåskjell. (en restaurant) \_\_\_\_\_  
har mye god (en mat) \_\_\_\_\_. De vil spise (en fisk) \_\_\_\_\_ og (en suppe)  
\_\_\_\_\_.

Frasetypen der kjernen står utan artikkel og bøyingsending førekjem relativt ofte og valdar hovudbry hos norskinnlærarar. Viss ein substantivfrase kun består av eitt substantiv, er kjernen naken slik det var tilfelle med frasen *bil* i setninga *Eg har bil*. Det kan sjå ut som t.d. frasen *garasjen* òg er naken. Sjølv om *garasjen* i likskap med *bil* kun består av eitt ord, ser me at den første frasen i tillegg er bestemt ved hjelp av den etterhengde artikkelen *-en*. Naken kjerne taler me om i tilfelle der det tellelege substantivet ikkje har bestemmande adledd eller bøyingsendingar (Borthen 2002, Vannebo 2010: 230). Utfordringa innlærarane står overfor, er derfor todelt i enkle substantivfrasar. For det første må dei læra når me bruker nakne kjerner, ubestemt og bestemt form. For det andre må dei legga merke til at den bestemte artikkelen ligg i morfologien, og ikkje på fraseplan som t.d. i engelsk. Den ubestemte artikkelen blir i begge språka realisert på fraseplan.

ubestemt	bestemt
<b>ein bil</b>	<b>bilen</b>
<b>a car</b>	<b>the car</b>

Tabell 2:11 Ubestemt og bestemt artikkel i norsk og engelsk.

Ein vanleg feil her er frasar av typen *den bil* som viser at innlæraren realiserer den bestemte artikkelen som eit fritt, førestilt morfem og ikkje som bøyingsending. Ifølge Hatch er dei bundne vanskelegare å læra enn dei frie (i Hyltenstam 1989: 90), noko som kan delvis forklara det at mange innlærarar vel å bruka den førestilte artikkelen.

Følgande døme viser døme der nakne kjernar er svært vanlege og som norskinnlærarar ofte strever med:

(11) *Ho er \_\_ lærar.*

Setninga er eit døme på klassifisering. Mange innlærarar som er vant til å bruka artiklar i engelsk, overfører dette til norsk. Kvalifiseringar kan òg innehelda eit adjektiv i tillegg til substantivet:

(12) *Ho er administrativ leiar.*

Normalt må frasar som består av adjektiv og substantiv ha ein førestilt artikkel. I (12) er *administrativ leiar* ein kvalifiserande heilskap. Adjektivet er ikkje beskrivande her som i (10b) der artikkelen er obligatorisk.

(13) *Ho er ein god leiar.*

Engelsk har då ikkje den forskjellen mellom kvalifiserande og beskrivande substantivfrasar. I begge tilfella må ein bruka artikkel:

(14) *She is a leader.*

(15) *She is a good leader.*

Døme (16) er òg ei form for klassifisering; viser ikkje til ein konkret restaurant, men er meir det motsette av å eta heime.

(16) *Me skal på \_\_ restaurant.*

Tellelege substantiv som *bil* i (17) er objekt i setninga og «har en semantisk rolle i setningen, men ingen referensiell funksjon» (Faarlund, Lie og Vannebo 1997: 293).

(17) *Dei kører bil til jobben.*

Dei dannar ein semantisk heilskap med verbet og fortel meir om t.d. korleis handlinga føregår, og på den måten har dei adverbielt preg ved seg. At *kører bil* er ein heilskap, ser me idet me set *syklar* i staden for. *Sykla* er innhaldsmessig det same som *køyra sykkel*:

(18) *Dei syklar til jobb.*

(19) ?*Dei kører sykkel til jobb.*

Døma ovanfor viser at nakne kjernar er produktive og blir brukte i daglegdagse situasjonar. Sjå elles Borthen (2002) og Vannebo (2010) for meir om nakne substantivfrasar i norsk.

### Samsvarsbøyning

I avsnittet om genus var eg inne på at det grammatiske kjønnet på kjernen i substantivfrasen blir òg markert i adledda. Dette skjer samtidig med dei to andre bøyingskategoriane for substantiv slik at me kan sjå at adledda viser eintal/fleirtal, bestemt/ubestemt og hankjønn/hokjønn/inkjekjønn. Dette kallar me samsvarsbøyning eller kongruensbøyning, og «[den] kan sies å ha som funksjon (grammatisk og kommunikativt) å angi hva som hører saman med hva. Denne funksjonen er oftest redundant (overflødig)» (Faarlund, Lie og Vannebo 1997: 386). I 2.3.1 forklarte eg at frasar er enkeltord eller fleire ord som hører saman. I substantivfrasar er det substantivet (kjernen) som styrer samsvarsbøyninga. **Kontrollør** er termen for ord som styrer samsvarsbøyninga (Faarlund, Lie og Vannebo 1997: 387). Det at kontrolløren styrer, tyder at adledda får kontrolløren sitt genus, bestemtheit og tal. I norsk er det adledda som står i felta før og rett etter kjernen (possessiv) som blir samsvarsbøygde.

Nå skal me sjå korleis samsvarsbøyning kjem til utrykk i norske substantivfrasar og kva ein må tileigna seg når ein lærer norsk som andrespråk:

TOT.	DEF.	DEL.	BESK.	KJERNE	POSS.	LOK.	SETNINGSALEDD
			stor	<b>bil</b>			
		den	stor-e	<b>bil-en</b>			
			stor-e	<b>bil-er</b>			
		de	stor-e	<b>bil-ene</b>			

Tabell 2:12 Samsvarsbøyning: det+adj+subst, hankjønn

I ubestemt eintal er adjektivet uendra, det er den same forma ein finn i ordboka. Bestemt hankjønnkjernerne i eintal gjer at både artikkelen og adjektivet har desse eigenskapane. Me kan sjå at når adjektivet står i bestemt form og/eller fleirtal, får me same ending: *-e*. Dette gjeld òg hokjønn. Den einaste forskjellen er då den bestemte artikkelen *-a* som i *den store jent-a*.

I eit språktypologisk perspektiv er norsk eit flekterande språk (Hagen 1998: 33). Det inneber at eitt morfem kan uttrykka fleire kategoriar samtidig. Viss me ser på kjernen i det siste dømet i tabellen ovanfor, står bøyingsmorfemet *-ene* for fleirtal og bestemt form samtidig.

Når det gjeld inkjekjønn, må norskinnlærarar tenka på fleire ting. Det er ikkje nok å bruka ordboksforma. Her får adjektivet endinga *-t*, men ho blir ikkje med i dei andre formene i paradigmet. Det blir feil å skriva *det stor-te huset*.

TOT.	DEF.	DEL.	BESK.	KJERNE	POSS.	LOK.	SETNINGSALEDD
		eit	stor-t	<b>hus</b>			
		det	stor-e	<b>hus-et</b>			
			stor-e	<b>hus</b>			
		de	stor-e	<b>hus-ene</b>			

Tabell 2:13 Samsvarsbøyning: det+adj+subst, inkjekjønn

Vanlegvis er det slik at når me har eit adjektiv som modifiserer kjernen, må me òg ha med førestilt artikkel slik me har sett i tabellen ovanfor: *eit stort hus*, *det store huset* og *de store husene*. Dette gjeld ubestemt og bestemt eintal og bestemt form fleirtal sidan me ikkje har ubestemte artiklar i fleirtal. Då består substantivfrasane normalt av tre element: viss substantiv + adjektiv, så substantiv + adjektiv og artikkel (sjølv sagt i omvendt rekkefølge). I avsnittet om bestemtheit nemnde eg eitt unntak i substantivfrasar som ikkje får artikkel med ubestemte adjektiv og substantiv (kvalifiseringar: *administrativ leiar*). I tillegg finn me her konstruksjonar av typen bestemte superlativ + substantiv:

(20) *høgaste poengsum*

Det andre unntaket gjeld frasar med bestemte adjektiv og substantiv:

(21) *Det var svarte natta.*

*Norsk referansegrammatikk* seier følgande om dette dømet: «[s]ubstantivfrasen har verken anaforisk eller deiktisk referanse. I eksemp[let] ovenfor refereres det altså ikke til en bestemt ‘natt’ [...], men det fokuseres derimot på det beskrivande innholdet i adjektivet» (Faarlund, Lie og Vannebo 1997: 301). Sjølv om slike frasar ikkje er særleg produktive, er dette eit unntak frå hovudregelen som innlærarane bør kunna forstå og dermed vita at det er eit unntak og ikkje trykkfeil når skinka frå Suldal er lufttørka i friske lufta<sup>3</sup>.

### Dobbel bestemming

Dei bestemte substantivfrasane i tabell 13 er bestemte på to måtar: ved bruk av den førestilte bestemte artikkelen og den etterhengde bestemte artikkelen, og derfor heiter fenomenet dobbel bestemming (Faarlund, Lie og Vannebo 1997: 296-298, Hagen 1998: 55-57). Hovudregelen er at: «[v]ed konkreter bruker vi dobbel bestemmelse. [...] Ved abstrakter brukes ofte dobbel bestemmelse og uttrykksmåte med substantivet i ubestemt form om hverandre» (Golden, Mac Donald og Ryen 2008: 46). Ofte brukte døme på frasar med og utan dobbel bestemming er:

<sup>3</sup> <http://www.skinka.no> lese 19.04.2017

(22) *det kvite huset*

(23) *Det kvite hus*

Det første dømet demonstrerer hovudregelen, mens det andre viser det som er typisk ved namn på institusjonar o.l. Om fenomen og abstrakte omgrep bruker ein ofte ubestemt form av substantivet i bokmål: *den kristne tro*, *den oppvoksende slekt* (Faarlund, Lie og Vannebo 1997: 307). Nokre gongar kan det vera vanskeleg å avgjera om det er mogleg å ikkje dobbeltbestemma substantivet og om ein skal retta frasane som manglar etterhengt artikkel.

I starten får mange innlærarar undervisning i at den bestemte artikkelen blir realisert morfologisk og ikkje på frasenivå slik det er tilfelle i t.d. engelsk. Alt etter i kor stor grad dei har tileigna seg trekket, kan me forventa to hovudfeil:

(24) *\*stor bilen*

(25) *\*den stor bil*

Her ser eg vekk frå korleis adjektivet blir bøygd.

I det første dømet manglar det den førestilte artikkelen, og det verkar logisk nok for dei som har fått beskjed om å ikkje skriva *den bil*. Situasjonen er annleis når det står eit adjektiv føre den bestemte kjernen, og då må me som kjent bruka førestilt artikkel. Likevel kan den bestemte kjernen vera eit teikn på at innlæraren har tileigna seg korleis bestemtheit kjem til uttrykk i norske substantiv. I det andre dømet verkar det som om innlæraren fortsatt er på eit lågare nivå, sidan me kan tolka frasen på den måten at hen vel determinativ framfor bøyingsending. Samtidig kan ein òg tenka at feil av den første typen ikkje dukkar opp så ofte sidan bundne morfem blir sett på som vanskelegare å læra (Hatch i Hyltenstam 1989: 90), og sidan det er vanleg med førestilte artiklar i andre europeiske språk, går steget frå *den stor(e)* *bil* til *den stor(e) bilen*. Salomonsen (2002: 213) fann mange feil både i skriftleg og munnleg produksjon der innlærarane utelét både bestemte og ubestemte artiklar.

## Adledd i adjektivfrasen

Nå vil eg setta søkerlyset på beskrivarfeltet, då det er det siste utbyggingstrinnet før kjernen i denne framstillinga. Eg har allereie vist døme der adjektivfrasen består av kjernen og eitt adledd:

TOT.	DEF.	DEL.	BESK.	KJERNE	POSS.	LOK.	SETNINGSALEDD
			ein veldig stor		bil		

Adjektivet *veldig* står til kjernen i adjektivfrasen *stor*, ikkje direkte til kjernen i substantivfrasen. Dette ser me viss me gjer frasen om til bestemt form:

TOT.	DEF.	DEL.	BESK.	KJERNE	POSS.	LOK.	SETNINGSALEDD
			den veldig stor-e		bil-en		

Her er det determinativet og adjektivkjernen som blir samsvarsbøyd med kjernen i substantivfrasen, og ikkje adleddet i adjektivkjernen (\**den veldig-e stor-e bilen* blir jo feil).

Her kjem eit anna døme der me ser at det modifiserande adjektivet blir bøygd til kjernen i adjektivfrasen, som igjen modifiserer substantivfrasekjernen:

TOT.	DEF.	DEL.	BESK.	KJERNE	POSS.	LOK.	SETNINGSALEDD
			ein god-t kvalifisert		kandidat		
			den god-t kvalifisert-e		kandidat-en		

Adjektivet *godt* i likskap med *veldig* ligg lågare i frasestrukturen og modifiserer kun kjernen i adjektivfrasen. Med andre ord kan me seia at adjektivet går inn i rollen som adverb. Det uttrykker me ved at adjektivet får *-t*. Det er ein annan regel som gjeld for adjektivet *veldig*, nemleg at adjektiv som sluttar på *-ig* får ikkje *-t* (for meir om adjektiv, sjå Hagen 1998: 111-219). Dette kan verka banalt for lesaren av dette arbeidet, men i eit andrespråksperspektiv kan systemet vera vanskeleg å læra.

## Possessivmarkering

Ein kategori som òg fortener plass i denne oppgåva, er possessivmarkering, altså alle dei måtane me kan uttrykka eigedomstilhøve på. At noko (eller nokon) er nokon sitt kan me uttrykka ved å nytta possessive pronomen (både føre- og etterstilte), genitiv-s, preposisjonen *til* eller den såkalte garpegenitiven. Her finst det nok mange grammatiske restriksjonar for kva som er mogleg teoretisk sett i tillegg til dei stilistiske, men likevel er possessivmarkeringa i norsk, samanlikna med andre språk, kompleks.

Her ser me dei vanlegaste måtane å uttrykka possessivitet i norsk på:

Tabell 2:14 Possessivitet i norsk.

Førestilte adledd krev ubestemt kjerne, mens etterstilte bestemt. Me kan seia at innhaldet frasane formidlar, er så å seia likt. Likevel er det ikkje slik at dei er heilt likeverdige. Nokre stilistiske forskjellar kan me nemna her. Generelt sett ser dei med etterstilte adledd og garpegenitiven ut til å dominera i det munnlege språket, mens dei to med førestilte adledd har eit meir skriftleg preg. I Sørland (2010:83, sjå òg 2.5.2.) si forsking ser me at dei fleste frasane med possessiv har etterstilt possessiv i andreårstekstane, mens i førsteårstekstane var fleirtalet førestilt. Salomonsen (2002: 214-215) fann ut at informantane hennar ikkje brukte etterstilte possessiv uoppfordra i munnleg produksjon og det var nokre få førekommstar i

skriftleg produksjon. Der slike konstruksjonar blei brukt, kan me tolka dei som eit ekko av det kandidatane hadde hørt frå eksaminatoren (2002: 215):

- Kan du fortelle hva en turist kan se og oppleve i hjemlandet ditt?
- I hjemlandet mitt....

Uttryksmåten er òg avhengig av personen: for 1. og 2. person eintal og fleirtal har me berre to moglegheiter: *min bil*, *bilen min*, *din bil*, *bilen din*, *vår bil*, *bilen vår*, *deres bil*, *bilen deres*. Det er berre 3. person eintal og fleirtal som har alle moglegheitene opne. Her finst det òg nokre restriksjonar: *bilen til dei* (pronomen) er ikkje mogleg, men *bilen til Henrik og Martin* (eigennamn) går fint. I tillegg til variantane nemnte ovanfor finn me denne konstruksjonen (dialekt, nynorsk):

(26) *kona hans Per*

Viss me samanliknar (26) med døma i tabell 2:14, ser me at possessivet i (26) er bøygt til Per og ikkje til kjernen i frasen (Faarlund, Lie og Vannebo 1997: 247, 262).

I eit andrespråksperspektiv kan adjektivfrasen mellom possessivet/genitivet og kjernen vera ei vanskeleg nøtt å knekka. Forestilte possessiv og genitiv saman med kjerne dukkar opp relativt tidleg hos andrespråksinnlærarar av norsk (Sørland 2010). Frasar med forestilte possessiv, adjektiv og substantiv er hybride når me ser på morfologien i dei. Det er possessivet som krev bestemt bøyning av adjektivet, men ubestemt bøyning av kjernen. Derfor er denne konstruksjonen ein slags hybrid. På den eine sida er kjernen ubestemt, og på den måten liknar konstruksjonen possessiv og substantiv på ubestemt artikkel og substantiv. Når me då vil bruka eit adjektiv imellom dei, får adjektivet som sagt bestemt form. Overgeneralisering er eit typisk mellomspråkstrek, og av den grunn meiner eg at det er sannsynleg at innlærarar kan identifisera strukturen på to måtar: at kjernen er ubestemt og dermed skal adjektivet òg vera det (27), eller at dei klassifiserer forestilte possessiv og genitiv som bestemt artikkel og dermed blir adjektivet og kanskje substantivet òg bestemt (28):

(27) \**min stor bil*

(28) \**min stor(e) bil(en)*

Nøkkelen til meistring av, som eg har vist her, den noko spesielle strukturen ligg i det å legga merke til nettopp det at han er spesiell og har som heilskap på sett og vis «blanda bøyning».

### Oppsummerande refleksjonar

Dei aller fleste av dei som eg har undervist, har veldig gode engelskunnskapar. Samsvarsbøyning, og då særleg adjektivbøyning, blir etter mi lærar erfaring ofte sett på som den store stygge ulven av innlærarane og kanskje òg av dei som underviser, og ja, norske adjektiv har meir bøyning enn engelske som alltid er like uansett om dei står til ein ubestemt eller bestemt kjerne i eintal eller fleirtal. På den andre sida finst det språk med meir adjektivbøyning enn norsk. Sjølv om det kan vera vanskeleg for nybegynnurar å få til korrekte frasar, tør eg å påstå at systemet i norsk ikkje er så vanskeleg, og som kan forenklast til følgande reglar:

fleirtal  $\supset$  -e

bestemt  $\supset$  -e

inkjekjønn ubestemt  $\supset$  -t

Reglane gjeld ikkje uregelrette adjektiv eller frasar med førestilte possessiv. Det er kun den siste som er avhengig av at ein veit kva genus substantivet har. Det er ikkje mange forskjellige bøyingsmorfem. Og to av dei tre reglane har same bøyingsending. Valet står mellom inga bøyingsending, -e eller -t.

#### 2.3.5. Substantivfrasen i lærebøker og grammatikkbøker for andrespråksinnlærarar

I innleiinga til denne masteroppgåva skriv eg at etter mi erfaring blir substantivfrasen som heilskap ikkje tematisert verken i læreverk eller undervisning. Ei slik kompleks tematisering har kanskje ikkje noko for seg i begynnaroplæring når innlærarar produserer frasar med berre kjerne (sjå t.d. Sørland 2010) eller hos innlærarar med ingen eller liten lingvistisk kunnskap, men ho kan vera nyttig for dei som er på veg mot sjølvstendig nivå (jf. 2.2.1.) og dei som deltar i norskoplæring på spor 3 (sjå 2.1.3.). Den einaste heilskaplege framstillinga mynta på vaksne norskninnlærarar eg veit om, er grammatikkboka til Moen og Pedersen (2003). Der finn me eit substantivfraseskjema saman med ein kortfatta presentasjon av moglegheitene norske substantivfrasar har for utbygging:

1	2	3	4	5	6
determiners	qualifiers	nucleus	possessives	adverbials	other phrases
<b>den</b>	<b>snille</b>	<b>hunden</b>	<b>hennes</b>	<b>der ute</b>	<b>som ingen brydde seg om</b>

Tabell 2:15 Substantivfrasen i Moen og Pedersen 2003:22 .

Framstillinga kan bli skyldt for å krevja mykje lingvistisk kunskap hos innlærarar. Etter mi erfaring kan mange spor 3-innlærarar det som kan kallast den grunnleggande grammatikken, og dei forventar at læraren er i stand til å forklara lingvistisk og gjerne samanlikna med andre språk meir komplekse forhold bl. a. i substantivfrasar.

Elles ser det ut til at lærebøker og grammatikkbøker tar for seg delar av substantivfrasen t.d. possessiv + kjerne vs. kjerne + possessiv, samsvarsbøyning i determinativ + adjektiv + kjerne. Innlærarar må derfor sjølv setta saman dei ulike bestanddelane.

### 2.3.6. Oppsummering — substantivfrasar

Dette delkapitlet rommar mange ulike sider ved norske substantivfrasar: frå dei reint tekniske, altså korleis det er bygd opp til nokre spesifikke utfordringsmoment i eit andrespråksperspektiv.

Sjølv om eg ikkje forskar på noko som har med førstespråkpåverknad å gjera, veit eg at det er ein fordel for læraren å kunna litt om korleis eit trekk i norsk ser ut i eit språk innlæraren kan godt. Sjå Husby (2017) for korte og skjematiske framstillingar med døme frå ti store innvandrarspråk i Noreg: albansk, dari, rumensk, somali, spansk, tamil, tigrinja, tyrkisk, urdu og vietnamesisk. Forfattaren omtaler kvart språk i følgande underkapittel: bakgrunn, lydverk, prosodi, ordlagning, setning, ordklasser, eksempel på (språk) og litteratur. I delkapitlet om ordklassar finn me informasjon om korleis det eg har skrive her om norsk, ser ut i andre språk, t.d. substantiv, grammatisk kjønn, artiklar, bestemtheit, tal, kasus, adjektiv, samsvarsbøyning og determinativ m.m. I og med at mykje av det lingvistiske stoffet blir

kommentert ut ifrå mi lærar erfaring, ser eg dette stoffet som ein del av prosjektet mitt i utvida forstand.

## 2.4. Substantivfrasen sin typologi

Den grunnleggande eller nøytrale (kanoniske) måten ledda blir ordna på i norsk er slik som i dette dømet: *Eg skriv masteroppgåve*, altså: først kjem subjektet, så verbalet, og deretter følger objektet. Sjølv om andre leddstillingar òg er fullt moglege i norsk, er det nettopp denne som er den mest vanlege i SVO-språk (Hagen 1998: 265). Som eg har vore inne på innleiingsvis i kapittel 1, kan rekkefølga på elementa i substantivfrasen variera frå språk til språk. **Greenberg** (1966) prøvde å kartlegga fellestrek og variasjon i verdas språk og har utarbeidd ei rekke språklege universalium basert på 30 språk inkludert norsk. Typologien sin baserer han på tre kriterium: om språket har pre- eller postposisjonar, den kanoniske leddrekkefølga i språket (VSO, SVO eller SOV) og plasseringa av adjektiv i forhold til kjernen i substantivfrasen (Greenberg 1966: 76-77). SVO-språk som norsk, engelsk og arabisk har preposisjonar, mens postposisjonar finn me i språk der objektet kjem før verbet, td. tyrkisk, urdu og japansk (Hagen 1998: 157). Greenberg fann ut at leddrekkefølga i eit gitt språk hadde mykje å seia nettopp for den fraseinterne strukturen i det språket. Samanhengen kan illusterast slik: kjem verbalet før objektet (VSO), er språket høgrestyrande, og dermed blir kjernen i substantivfrasen modifisert til høgre og frasen er dermed kjerneinitial, mens viss verbalet kjem etter objektet (SOV), er frasen kjernefinal og adledda kjem før kjernen (Berggreen og Tenfjord 1999: 71). Frasestrukturen i SVO-språk er derimot ei slags blanding av dei to typane som eg nettopp har nemnt, sidan kjernen i substantivfrasen står i midten og kan bli modifisert både til venstre og til høgre. Her er **Hawkins' tyngdeprinsipp** avgjerande. Prinsippet går ut på at tunge adledd har ein tendens til å komma etter kjernen, mens dei som er lettare får plass før kjernen, og dermed er relativsetningar tyngst, mens demonstrativ og talord er lettast: Rel < Gen < Adj < Dem, Num (referert frå Croft 2003: 70). Når me ser dette i samanheng med skjemaa eg presenterte i 2.3.2., legg me merke til at det kun er relativsetningar som normalt må stå etter kjernen i norske substantivfrasar. Norsk har fleire måtar å uttrykka possessivitet på. Eigedomsadledd (possessiv) kan stå både før og etter kjernen. Omskrivinga med *til* kjem etter kjernen, og former med genitiv-s kjem før.

Det føregåande avsnittet fokuserer i grove trekk på samanhengen mellom leddrekkefølga og styringsretninga i frasar. Nå skal me sjå på nokre av **universalia til Greenberg** som handlar om strukturen i substantivfrasar og korleis frasetilhøva kan variera frå språk til språk.

Eg begynner med universalium nr. 18 og 20 som er dei universalia som omtaler substantivfrasen meir heilskapleg ved å fokusera på adleddrekkefølga:

When the descriptive adjective precedes the noun, the demonstrative and the numeral, with overwhelmingly more than chance frequency, do likewise (Greenberg 1966: 86).

When any or all of the items (demonstrative, numeral, and descriptive adjektive) precede the noun, they are always found in that order. If they follow, the order is either the same or its exact opposite (Greenberg 1966: 87).

Begge skjemaene presenterte i 2.3.3. illustrerer denne adleddplasseringa, og det er dermed slik i norsk at det beskrivande adjektivet må plasserast før kjernen. Eit alternativ der det kan stå etter, er å laga ei relativsetning med det:

TOT.	DEF.	DEL.	BESK.	KJERNE	POSS.	LOK.	SETNINGSALEDD
				<b>bil</b>			
							som er stor

Lie (1993) fann ut at innlærarane i studien hennar ikkje hadde problem der substantivfrasetilhøva samsvarer med Greenberg sine universalium. Dei endra ikkje rekkefølga demonstrativ, numeral og adjektiv, ei heller plasserte dei relativsetninga før kjernen.

Universalium nr. 2 tar for seg plasseringa av genitiv:

In languages with prepositions, the genitive almost always follows the governing noun, while in languages with postpositions it almost always precedes (Greenberg 1966: 78).

Norsk har preposisjonar og SVO som kanonisk leddrekkefølge. Genitiv i norske substantivfrasar kjem før kjernen, og dermed er språket det einaste unntaket blant dei 30 Greenberg granska.

Universalium nr. 5 og 17 fortel at adjektiv pleier som regel å stå etter kjernen i språk med SOV og VSO som kanonisk rekkefølge:

If a language has dominant SOV order and the genitive follows the governing noun, then the adjective likewise follows the noun (Greenberg 1966: 79).

With overwhelmingly more than a chance frequency, languages with dominant order VSO have the adjective after the noun (Greenberg 1966: 85).

I avsnittet om adledd i adjektivfrasen har eg vist døme på det som er vanleg i norsk, nemleg at adverb kjem før adjektivkjernen, men nokre kan stå etter kjernen. Det finst språk der hovudregelen er at adverb står etter adjektivkjernen. Då står adjektivfrasen etter substantivkjernen:

If some or all adverbs follow the adjective they modify, then the language is one in which the qualifying adjective follows the noun and the verb precedes its nominal object as the dominant order (Greenberg 1966: 88).

Det er kun del 2 av dette universaliet som stemmer i norsk:

If either the subject or object noun agrees with the verb in gender, then the adjective always agrees with the noun in gender (Greenberg 1966: 93).

I norsk blir adjektivet bøygd til substantivet, men verb har berre ei form uansett kjønnet på subjektet eller objektet.

Dette avsnittet viser på ein kortfatta måte variasjon og fellestrek i substantivfrasar i ulike språk. Det kan vera ein fordel for lærarar i norsk som andrespråk å kjenna til denne variasjonen. Dette kan tematiserast og samanliknast i undervisning slik at innlærarar kan bruka den kunnskapen dei har om andre språk og samtidig bli meir bevisste på korleis substantivfrasen er strukturert i norsk og kva slags morfologiske operasjonar som er nødvendige.

## **2.5. Tidlegare forsking på substantivfrasar i eit andrespråksperspektiv**

I dette delkapitlet gir eg ein kort presentasjon av og kommentarar til det som finst av liknande forsking som den eg held på med i masteroppgåva, nemleg studiar av norske (og i eitt tilfelle svenske) substantivfrasar produserte av andrespråkinnlærarar. Det finst nokre få prosjekt på andrespråksforskingfeltet som tar for seg nettopp dette. I Oria har eg funne to artiklar (Salomonsen 2002, Sørland 2010) og ei hovudoppgåve (Lie 1993) som meir heilskapleg granskar substantivfrasar produserte av vaksne som lærer norsk, og derfor blir dei presenterte først i dette delkapitlet. Vidare presenterer eg òg ei masteroppgåve (Marczynski 2009) som blei skriven i tilknytting til ASKeladden-prosjektet<sup>4</sup> ved Universitetet i Bergen. (Førstespråkspåverknad i tileigninga av norsk som andrespråk er hovudproblemstillinga for ASKeladden, mens eg er mest interessert i frasetilhøva i og for seg.) Etter Marczynski si masteroppgåve kjem ei nyare undersøking av Jin og Eide (2015). Sist men ikkje minst viser eg til doktoravhandlinga til Axelsson (1994) som granskar substantivfrasar hos vaksne som lærer svensk.

### **2.5.1. Salomonsen (2002)**

Salomonsen (2002) samanlikna skriftleg og munnleg produksjon frå 17 kandidatar som var på eit mellomnivå i norsk, og skriftleg produksjon frå 10 personar med norsk som førstespråk. Styrken til dette prosjektet er at forskaren såg på tre ulike variantar av norsk: to typar av innlært norsk (munnleg og skriftleg) og éin type innfødd (skriftleg). Det finst nokre interessante funn her. Det er kanskje ikkje overraskande at dei munnlege frasane ikkje er så komplekse som dei skriftlege:

En årsak til at muntlig og skriftlig produksjon skiller seg fra hverandre, kan være at man ikke har tid til å konstruere komplekse og fraser når man snakker på et språk man ikke mestrer svært godt. Fraser med mange ulike adledd eller adledd som oppleves som vanskelige, vil kanskje unngås (2002: 217).

Forfattaren peiker her på mangel på tid til å tenka seg om i munnlege situasjonar, men óg det at også det munnlege språket til førstespråksbrukarar generelt har mindre av frasar med mange adledd. Det som fanga mi interesse i denne artikkelen, er at nokre typar adledd blir brukt i større grad av innlærarane enn førstespråksbrukerane.

---

<sup>4</sup> <http://www.uib.no/fg/askeladden>, lese 2.2.2017

### 2.5.2. Sørland (2010)

Sørland (2010) tok for seg ei større mengd tekstar enn Salomonsen (2002), nemleg 70 skrivne av 8 grunnskoleelevar på mellomtrinnet på to tidspunkt: det første (40 tekstar) og det andre året med norskopplæring (30 tekstar). Forskaren hadde dermed høve til å undersøka utviklinga i substantivfrasane til dei 8 elevane. Vel å merka behandlar forskaren narrativar (42 av 70) og sakprega tekstar (28 av 70) under eitt. Her meiner eg det hadde vore fruktbart å sjå på dei to sjangertypane kvar for seg sidan det kan vera signifikante forskjellar i språket og dermed òg i substantivfrasane. Ifølge Macaro (i Golden og Monsen 2015: 209) krev beskrivande tekstar eit større fokus på substantiv og adjektiv, forteljande på verb, mens argumenterande krev at ein meistrar samansette og idiomatiske verbale uttrykk og kan produsera komplekse setningar. Dermed kan me truleg få noko ulike resultat om me fokuserer på dei ulike teksttypane kvar for seg. I denne studien vel eg derfor å avgrensa datamaterialet til tekstar skrivne til Bergenstesten som stort sett er argumenterande (sjå 3.3.1. for meir om avgrensing av datamaterialet i denne studien).

Forfattaren vier litt plass til typologiske forhold. Her peiker han på stor variasjon når det gjeld leddplassering i substantivfrasar i SVO-språk som norsk hører til (sjå òg 2.4.). Forskaren fann ikkje døme på frasar med adledd til høgre for kjernen som kunne visa at eleven baserer frasehypotesane sine på adleddrekkefølga i førstespråket.

Mot slutten av artikkelen presenterer Sørland fem fasar i utviklinga av substantivfrasane i materialet (samla og hos den enkelte eleven): 1. substantivfrasane er ikkje utbygde, 2. ubestemt artikkel/talord + kjerne, 3. toledda frasar er dominerande; underledd før kjernen; parallel utvikling av possessiv + kjerne og beskrivar + kjerne, 4. demonstrativ + kjerne; fleire ledd før kjernen; etter kjernen kjem possessivar og enkle relativsetningar og 5. tunge ledd etter kjernen: preposisjonsfrasar, relativsetningar og infinitivar.

### 2.5.3. Lie (1993)

Lie (1993) har i likskap med Sørland (2010) gjennomført ei longitudinell undersøking av nominalfrasar produserte av 8 andrespråksinnlærarar på to nivå: trinn 1- og 2-eksamen i

norsk. Det er altså 16 forteljande tekstar der studentane skulle skriva ca. 150-200 ord. Gjennom arbeidet sitt fann ho ut at tekstane på trinn 2 hadde fleire funksjonsord, pronomer, preposisjoner og adverb samanlikna med tekstane på trinn 1, men at talet på substantivfrasar er tilnærma likt på begge trinna. Nominalfrasane er ikkje overraskande meir utbygde på trinn 2 — det skjer ei fortetting av informasjon, og elevane bruker meir av adjektiv og førestilt artikkel, men det er ikkje slik at feil i samsvarsbøyninga aukar samtidig. I materialet sitt fann forfattaren mange døme på relativsetningar i tekstane på trinn 1, altså tidleg i opplæringa:

Materialet viser interessante eksempler på at studentenes uttryksbehov ikke følger progresjonen i lærebøkene. Det ser heller ikke ut til at det bare er strukturens letthet — vanskelighet som avgjør om den blir brukt, men også strukturens viktighet i kommunikasjonen (1993: 146f).

#### 2.5.4. Marczynski (2009)

Det einaste arbeidet om nominalfrasane i andrespråkstekstane funne i ASK, er masteroppgåva til Marczynski (2009), som var meint som eit bidrag til ASKeladden-prosjektet som Universitetet i Bergen har hovudansvaret for. (Rettnok har Ragnhildstveit (2009) skrive ei masteroppgåve om genus i enkle substantivfrasar og Nordanger (2009) ei masteroppgåve om bestemtheit i enkle substantivfrasar; sjå Nordanger (2012) for bidraget hennar til prosjektet *Norsk profil* som høyrer til den teoretiske delen av denne oppgåva i 2.2.2.). Marczynski samanliknar strukturen og viser likskapar og skilnadalar i oppbygginga av norske og polske nominalfrasar. Slik han sjølv påpeiker (2009: 5), utfører han ingen statistiske analysar, men gir nokre konkrete døme på problemområde når det gjeld norske nominalfrasar hos denne gruppa innlærarar av norsk som andrespråk: 1. mangel på determinativ 2. feil bruk av preposisjoner 3. problemer med samansette ord (2009: 65).

#### 2.5.5. Jin og Eide (2015)

Den nyeste undersøkinga baserer seg på doktoravhandlinga til Jin. Jin og Eide har forska på tileigning av samsvarsbøyning blant innlærarar med italiensk/spansk, engelsk og kinesisk som førstespråk. Informantane måtte blant anna ha bodd i Noreg i minst 8 år og ha vurdert dei munnlege norskferdigheitene sine, både når det gjeld produksjon og resepsjon, til å vera over 8 på ein skala frå 1-10. Ei kontrollgruppe med informantar med norsk som førstespråk var òg med i undersøkinga. Forskarane gjennomførte eit eksperiment der informantane høyrde ei

setning og fekk sjå substantivet frå setninga i ubøygd form saman med eit adjektiv. Deretter skulle informantane laga ei ny setning med substantivet og adjektivet og seia ho høgt. Nokre av informantane oppnådde tilnærma målspråkslike resultat (spansk/italiensk som førstespråk og nokre med engelsk), mens andre verka som dei gjetta. Dei informantane med dei mest avvikande nominalfrasane bøygde ikkje adjektiva. Det er informantane med engelsk og kinesisk som førstespråk som gjorde det tilnærma like dårleg når det gjeld genuskongruens. Kinesarane hadde i tillegg større problem med talkongruens, men dei satte oftare inn obligatoriske førestilte bestemte artiklar der det var obligatorisk enn informantane med engelsk som førstespråk.

#### 2.5.6. Axelsson (1994)

I tillegg til studiane som fokuserer på norske substantivfrasar i eit andrespråksperspektiv, finst det svensk forsking som ligg nær denne oppgåva. Axelsson forska på korleis vaksne innlærarar med finsk (20 innlærarar), polsk (20 innlærarar) og spansk (20 innlærarar) som førstespråk tileigna seg og brukte bestemtheit og adjektiv, basert på to munnlege intervju. Informantane deltok i svenskkurs (600 timer) på tidspunktet intervjua blei gjennomførte. Halvparten av informantane var på eit lågt nivå i svensk og halvparten på høgt, slik at det var 30 innlærarar på kvart nivå. Frasane, som var både frekvente og hadde høg korrektheitsfrekvens, var følgande fire typar: proprium, modifiserande adledd+substantiv (indefinit referanse), nakne kjernar og modifiserande adledd+substantiv (definit referanse). Forskaren skriv at desse typane inneber minimalt med endringar, og derfor er dei oftest korrekte. På den andre sida av skalaen både når det gjeld frekvens og korrektheit finn me kombinasjonar av typen artikkel (ubestemt/bestemt), adjektiv og kjerne (ubestemt/bestemt). Desse krev fleire grammatiske trekk som innlæraren må kunna implementera i frasen. Funna inviterer til vidare undersøkingar av slike komplekse frasar i norsk andrespråkssamanhang. Axelsson påpeiker òg at komplekse frasar heller ikkje er frekvente i munnleg språk hos dei med svensk som førstespråk. Sjå tabellen til Axelsson nedanfor:

**Table 6.1.** Frequencies for all NP types. Accurate/total and accuracy rate as a percentage.

Learner group	Names	MoN <i>I</i>	Bare Nouns	MoN <i>D</i>	MoNDef <i>D</i>	NDef <i>D</i>	Ind <i>N</i> <i>I</i>	IndMoN <i>I</i>	DefMoNDef <i>D</i>	TOTAL
		<i>tre böcker</i>	<i>bok</i>	<i>min bok, varje dag</i>	<i>hela boken</i>	<i>boken</i>	<i>en bok</i>	<i>en röd bok</i>	<i>den röda boken</i>	
FL1	228/239	167/175	155/173	62/65	29/37	45/58	20/60	7/48	4/8	717/863
%	95.4	95.4	89.6	95.4	78.4	77.6	33.3	14.6	50.0	83.1
FL3	161/170	218/227	179/195	59/66	32/43	53/95	20/48	6/22	3/6	731/872
%	94.7	96.0	91.8	89.4	74.4	55.8	41.7	27.3	50.0	83.8
PL1	255/255	166/178	186/195	94/99	12/26	40/78	10/30	3/44	0/11	766/916
%	100.0	93.3	95.4	94.9	46.2	51.3	33.3	6.8	0	83.6
PL3	158/159	165/177	253/274	62/74	19/30	74/136	21/50	5/39	2/9	759/948
%	99.4	93.2	92.3	83.8	63.3	54.4	42.0	12.8	22.2	80.1
SL1	294/298	163/173	207/216	94/105	11/22	25/68	43/70	7/30	0/8	844/990
%	98.7	94.2	95.8	89.5	50.0	36.8	61.4	23.3	0	85.3
SL3	126/129	187/197	251/262	88/92	10/20	36/125	68/88	13/28	0/12	779/953
%	97.7	94.9	95.8	95.7	50.0	28.8	77.3	46.4	0	81.7
FH1	177/178	169/171	173/190	51/58	14/16	59/71	23/39	7/32	2/6	675/761
%	99.4	98.8	91.1	87.9	87.5	83.1	59.0	21.9	33.3	88.7
FH3	101/101	187/195	198/212	42/50	27/34	89/109	24/42	6/28	4/8	678/779
%	100.0	95.9	93.4	84.0	79.4	81.7	57.1	21.4	50.0	87.0
PH1	235/236	218/221	204/211	60/62	26/37	76/111	17/35	19/53	5/15	860/981
%	99.6	98.6	96.7	96.8	70.3	68.5	48.6	35.8	33.3	87.7
PH3	103/104	243/245	218/228	71/77	20/27	85/143	34/51	17/45	3/18	794/938
%	99.0	99.2	95.6	92.2	74.1	59.4	66.7	37.8	16.7	84.6
SH1	232/233	177/178	175/182	111/115	30/39	76/101	55/69	47/66	1/6	904/989
%	99.6	99.4	96.2	96.5	76.9	75.2	79.7	71.2	16.7	91.4
SH3	98/98	241/247	249/261	66/70	22/33	119/171	60/70	19/31	1/8	875/989
%	100.0	97.6	95.4	94.3	66.7	69.6	85.7	61.3	12.5	88.5
TOTAL	2168/2200	2301/2384	2448/2599	860/933	252/364	777/1266	395/652	156/466	25/115	9382/10979
%	98.5	96.5	94.2	92.2	69.2	61.4	60.6	33.5	21.7	85.5

Tabell 2:16 Substantivfrasar: korrekte førekomstar/førekomstar (Axelsson 1994: 35)

Eit anna påfallande trekk her er at bruken av eigennamn går ned med aukande språknivå. Innlærarane kan fleire substantiv dei kan bruka i staden for eigenamn dei må bruka for å gjera seg forstått på lågare nivå, samanlikn t.d. SL1 (spansk, lågt nivå, første intervju) med SL3 (spansk, lågt nivå, siste intervju).

### 2.5.7. Oppsummering — tidlegare forsking

For å summera opp den tilgjengelege forskinga som har blitt gjort når det gjeld substantivfrasar og andrespråkstileigning av norsk, kan ein seia at dette fortsatt er eit lite utforska felt. Det meste av forskinga som finst, blei anten gjennomført før år 2006, då ASK-korpuset blei tilgjengeleg<sup>5</sup>, eller forskaren har samla inn data sjølv, og dermed baserer studiane seg på eit relativt lite datamateriale, noko som det òg blir peikt på i ASKeladden si prosjektbeskriving<sup>6</sup>. Mange av forskarane fokuserer på førstespråkspåverknad og typologiske

<sup>5</sup> <http://www.uib.no/fg/askeladden>, lese 2.2.2017

<sup>6</sup> <http://www.uib.no/fg/askeladden>, lese 2.2.2017

forhold når dei undersøker korleis innlærarane meistrar ulike strukturar innan substantivfrasen. Dei vel informantar med førstespråk som ligg langt frå målspråket typologisk sett. Aukande kompleksitet og grammatisk korrektheit kan seiast å vera fellesnemnaren for resultata av forskinga som undersøker utviklinga i innlærarane sine substantivfrasar. Ein annan påfallande ting er at forskarane granskar substantivfrasane produserte ved maksimum to høve/nivå. Dermed ser eg eit stort potensiale her når eg nå skal undersøka substantivfrasar med samsvarsbøygde adledd på heile fem ulike rammeverksnivå. I ein vurderingssituasjon blir alle kandidatane dratt under ein kam, og den språklege bakgrunnen har ikkje noko å seia for sensoren. Hen skal vurdera teksten ut ifrå gitte vurderingskriterium. Av den grunn vel eg å sjå vekk frå den språklege bakgrunnen til innlærarane når eg analyserer frasane dei produserer.

## 2.6. Hypotesar

I det føregåande delkapitlet har eg gjort greie for forskinga som ligg nært denne studien. Me har òg sett at ingen av desse tar for seg substantivfrasar og utviklinga i dei på rammeverksnivåa. På bakgrunn av teorikapitlet om Rammeverket og substantivfrasar i ein andrespråkssamanhang vil eg undersøka om det finst skilnadar mellom dei utbygde substantivfrasane på fem ulike nivå. Utbygde frasar avgrensar eg i denne oppgåva til frasar med førestilte adledd. Kva typar adledd og korleis studien er designa spesifiserer eg i 4.1. Det er ingenting konkret å finna i Rammeverket når det gjeld substantivfrasar. Rammeverket hevdar i skalaen for skriftlege ferdigheiter at innlærarar med B1-kompetanse skriv enkle tekstar, mens dei med B2-kompetanse og oppover skriv detaljerte tekstar. På B1 kan det ifølge skalaen for grammatisk korrektheit førekamma feil som ikkje står i vegen for forståinga. Personar med B2-kompetanse gjer usystematiske feil, mens C1-innlærarar gjer sjeldan feil. Eg har omformulert dei generelle prediksjonane i Rammeverket til følgande hypotesar:

*H1: Generelt vil talet på utbygde substantivfrasar stiga med rammeverksnivå. Det vil vera skilnad mellom B1 og B2 på dette punktet og ikkje nødvendigvis mellom B2 og C1.*

*H2: Generelt vil graden av målspråkslik samsvarsbøyning i substantivfrasane auka frå B1 til C1. Graden av korrekt samsvarsbøyning vil vera eit skiljande kriterium mellom B1, B2 og C1.*

I Rammeverket finst det ikkje beskrivingar for mellomnivåa B1+ og B2+. Tekstane som blei vurderte til å ligga på eit mellomnivå, var sterke oppgåvesvar, men ikkje gode nok til at dei blei plasserte på neste heilnivå. Ein kan førebels gå uti frå at det ikkje er nokon stor forskjell i substantivfrasane mellom t.d. B1 og B1+.

### **3. METODISKE TILNÆRMINGAR**

I dette kapitlet legg eg først fram dei metodiske tilnærmingane eg har bruk for i studien: korpuslingvistikk som metode og ASK-korpuset. I 3.3. gjer eg greie for datamaterialet brukt i studien og dei naudsynte avgrensingane eg har gjort. Til slutt i kapitlet presenterer eg moglegfeilkjelder i datamaterialet og korpuset som kan påverka resultata.

#### **3.1. Korpuslingvistikk som metode**

Sjølv om det finst ulike meiningar om dette, argumenterer McEnery, Xiao og Tono for at korpuslingvistikk er metode og ikkje teori, slik mange andre vil ha det til:

we maintain that corpus linguistics is indeed a methodology rather than an independent branch of linguistics in the same sense as phonetics, syntax, semantics and pragmatics. [...] Corpus linguistics, in contrast, is not restricted to a particular aspect of language (2006: 7).

Å samla inn autentiske data og behandla dei for å legga til rette for lingvistiske (og andre)undersøkingar der ein granskar eit språkleg trekk eller ulike nivå i språkstrukturen, kan vera ressurs- og tidkrevjande. Den teknologiske utviklinga har gjort det lettare for forskrarar å få tilgang til og å arbeida med store mengder data. For lingvistikken og lingvisten sin del har det blitt på mange måtar enklare å undersøka trekk ved faktisk språkbruk ved hjelp av elektroniske databasar med tekst eller lyd. Slike databasar heiter korpus. McEnery, Xiao og Tono definerer korpus slik det blir brukt innan moderne lingvistikk: «a collection of sampled texts, written or spoken, in machine-readable form which may be annotated with various forms of linguistic information» (2006: 4). Annotering gjer det mogleg å søka etter t.d. ord med ønska morfologiske og syntaktiske trekk, i staden for berre ord samanlikna med eit ubehandla korpus som ikkje har blitt annotert (Granger 2002: 10) (for meir om annotering m.m., sjå McEnery, Xiao og Tono 2006:29ff).

Ein skil hovudsakleg mellom to korpustypar: generelle og spesialkorpus (McEnery, Xiao og Tono 2006: 15). Generelle korpus, som omgrepet tyder på, skal representera eit språk eller ein språkvarietet på generell basis. På den andre sida er spesialkorpus meir avgrensa, til dømes til eit domene eller sjanger (McEnery, Xiao og Tono 2006: 15). Eit døme på slike spesialkorpus er Norsk aviskorpus<sup>7</sup> og Amerikanorsk talespråkskorpus<sup>8</sup>. Norsk andrespråkskorpus ASK må dermed òg reknast som eit spesialkorpus. Korpuset er ei samling av tekstar som representerer mellomspråket til vaksne innlærarar av norsk som andrespråk som har avlagt ei av prøvene: *Språkprøva i norsk for vaksne innvandrarar* eller *Test i norsk — høgare nivå Bergenstesten*. Tekstane blei ikkje samla inn tilfeldig, men ASK har blitt designa ut ifrå tre konkrete kriterium (sjå [3.2.](#)). Derfor kan korpuset klassifiserast som innlærarkorpus (Granger 2002: 7) i og med at Granger (2002: 9) òg påpeiker at ei tilfeldig tekstsamling med ulike innlærarardata ikkje kan kallast innlærarkorpus. Bruk av korpus som metodisk tilnærming gir forskaren gode moglegheiter til å gjennomføra kvantitative analysar (Granger 2002: 4), og ASK-korpuset er eit veleigna utgangspunkt for slike analysar av norsk, skriftleg innlærarspråk.

### **3.2. ASK — norsk andrespråkskorpus**

Norsk andrespråkskorpus ASK inneheld 1735 relativt korte (200-400 ord) tekstar skrivne til *Språkprøva i norsk for vaksne innvandrarar* (heretter kalla Språkprøva) som testa på B1-nivå (*terskel*, sjå [2.2.1.](#)) og *Test i norsk — høgare nivå, Bergenstesten*<sup>9</sup> (heretter kalla Bergenstesten) som testar på B2/C1-nivå (*oversikt/effektiv språkbruk*) (Tenfjord, Hagen og Johansen 2009: 55, Carlsen 2010: 146). Bergenstesten har ikkje blitt forandra på. Språkprøva blei i 2005 erstatta av *Norskprøve 3* (Carlsen 2012: 28). I tillegg fanst det *Norskprøve 1* (A1) og *Norskprøve 2* (A2). Deretter, i 2014<sup>10</sup>, blei systemet med tre prøver erstatta av ei prøve som òg heiter *Norskprøve*<sup>11</sup>, og kandidatane kan mælda seg opp til følgande nivå: A1/A2, A2/B1 og B1/B2 (frå desember 2015). Både Språkprøva og Bergenstesten består av fleire delprøver, men i korpuset finn me kun svara til delprøva i skriftleg produksjon. Det er B2-

<sup>7</sup> sjå <http://www.tekstlab.uio.no/nota/> for Norske talespråkskorpus lese 2.2.2017

<sup>8</sup> <http://tekstlab.uio.no/norskamerika/korpus.html> lese 2.2.2017

<sup>9</sup> <https://www.folkeuniversitetet.no/Artikler/Spraaktester/Test-i-norsk-hoeyere-nivaa> lese 10.2.2017

<sup>10</sup> <https://www.kompetansenorge.no/nyheter/gjennomforing-av-den-nye-norskproven/> lese 10.2.2017

<sup>11</sup> <https://www.kompetansenorge.no/norskprove/> lese 10.2.2017

resultatet på Bergenstesten eller Norskprøva som myndighetene krev ved opptak til høgare utdanning. I denne studien undersøker eg kun tekstar skrivne til Bergenstesten.

ASK inneheld òg eit kontrollkorpus med 200 tekstar skrivne av personar med norsk som førstespråk (Tenfjord, Hagen og Johansen 2009: 55). Desse tekstane blei ikkje skrivne i same produksjonssituasjon som dei skrivne av innlærarane som har tatt Språkprøva eller Bergenstesten.

### 3.2.1 Designkriteria for korpuset

Ifølge Tenfjord, Hagen og Johansen (2009: 55-57) var det tre kriterium som låg til grunn for kva tekstar som blei valte ut til korpuset. Eitt av dei var at tekstane skulle ha vore vurderte minst til karakteren *bestått*. Tekstar vurderte til *ikkje bestått* er dermed ikkje med i korpuset. Det andre kriteriet var at ulike førstespråk skulle vera representerte, og me finn ti følgande førstespråksbakgrunnar i ASK: tysk, nederlandsk, engelsk, spansk, russisk, polsk, bosninsk-serbisk-kroatisk, albansk, vietnamesisk og somali. Personopplysningar om kandidatane (som alder, botid i Noreg, kjønn, osv.) av dei utvalde tekstane var òg eit kriterium for at tekstane skulle vera med i korpuset.

### 3.2.2. Feilkodinga og annoteringa

Tekstane har blitt vurderte av erfarte sensorar, og manuelt koda for feil (for oversikt over feilkodane, sjå Tenfjord, Hagen og Johansen 2009:63). Feilkodinga er teorinøytral med empirisk definert og teorinøytralt omgrepsapparat (Tenfjord, Hagen og Johansen 2009: 64, 68). I denne studien har eg bruk for to av feilkodane:

M = manglande ord

R = overflødig ord

I tillegg til feilkodinga finst det forslag til korreksjon til kvar feil. Ein kan dermed generera ein korrekt versjon av kvar tekst som baserer seg på dei forslaga. Målet for feilkodinga var kun å beskriva avvik, kva som skil innlæraren sin form/tekst frå bokmålsnormen, og ikkje analyse av desse (Tenfjord, Hagen og Johansen 2009: 64, 68). Ein feiltype kan innehelda eitt

eller fleire ord, og nokre gongar kan ulike feilkodar blir tildelte i utgangspunktet same type feil alt etter korleis ein tolkar feilen. Eit nyttig visningsalternativ som eg nyttar og som i tillegg til feilen òg viser korreksjonen, er parallel-kontekst der øvste rad viser det kandidaten har skrive, mens den nedste inneheld korreksjon. I setninga nedanfor ser me døme på slik «upålitelegheit» og forslag til korreksjon i parallel-kontekst:

h0073	. Etter min mening grunnen til at folk flytter til de store byene	har mye å gjøre med store forventninger. Det   0
49449 Etter min mening grunnen til at folk flytter til de store byene har mye å gjøre med store forventninger. Etter min mening har grunnen til at folk flytter til de store byene mye å gjøre med store forventninger.		

Frasen har feilkoden O, dvs. gal ordstilling på ord- eller frasenivå. Grunnen til dette er at innlæraren plasserer det finitte verbet *har* etter substantivfrasen og bryt V2-regelen. Alle orda merka med rødt får feilkoden O. Dermed er feilkodene ikkje pålitelege nok for bruk i denne undersøkinga. Bortsett frå søket med feilkodane M og R som eg reknar som pålitelege sidan dei som regel inneheld eitt ord, har eg valt å koda frasane manuelt.

Kwart ord (korreksjon ved ortografiske feil) har i tillegg blitt automatisk tagga for ordklasse, morfologiske og syntaktiske trekk ved hjelp av Oslo-Bergen-taggen<sup>12</sup> (Tenfjord, Hagen og Johansen 2009: 62). I denne oppgåva er det kombinasjonar med tre ordklasser eg søker på: determinativ, adjektiv og substantiv.

Taggsettet i Oslo-Bergen-taggeren er stort sett hentet fra Norsk Referansegrammatikk (red. Jan Terje Faarlund, Svein Lie og Kjell Ivar Vannebo 1997) - både med hensyn til grammatiske kategorier og navn på kategoriene. Dette innebærer f.eks. at alle ord som kan gradbøyes, regnes som adjektiver - selv om ordene tradisjonelt har vært regnet som adverbier (f.eks. «oft»).<sup>13</sup>

For min del tyder dette at korpuset reknar *mange/mye/få/lite/litt* som adjektiv (adjektiv òg i Bokmåls- og Nynorsk ordboka), mens i Kulbrandstad og Kinn (2016: 229) er dei kvantorar «fordi både syntaksen og semantikken passer bedre til den klassen.». Det same gjeld

<sup>12</sup> <http://www.tekstlab.uio.no/obt-ny/> lese 20.04.2017

<sup>13</sup> <http://tekstlab.uio.no/obt-ny/taggsett.html> lese 20.04.2017

gradsadverb som *veldig*. I kapittel 4.1. viser eg kva typar konstruksjonar med døme søka mine inkluderer.

### 3.2.3. Rammeverksnivå i ASK

Ca. 70% av alle tekstane i korpuset har blitt vuderte til eitt av fem nivå: A2, A2+, B1, B1+, B2, B2+ og C1 (sjå 2.2.1. for meir om rammeverksnivåa, 3.3. for meir informasjon om tekstane i ASK og Carlsen 2012:32 for rammeverkskalaane som låg til grunn for vurderinga). Her blei det altså innført plussnivå (eller mellomnivå; A2+ og A2/B1 tyder det same): A2+, B1+ og B2+, i tillegg til heilnivåa: A2, B1, B2 og C1. Plussnivåa blei brukt for sterke oppgåvesvar som likevel ikkje var gode nok til å plassera dei på eit høgare nivå (Carlsen 2012: 33). I ASK finst det ikkje tekstar vurderte til å vera på nivå lågare enn A2 og høgare enn C1.

### 3.2.4. Søk i korpuset

Det finst hovudsakleg to måtar ein kan søka i korpuset på. Ein kan skriva det ønskte søkeuttryket (eller søkekommndoen) manuelt inn i tekstboksen og eventuelt klikka på knappen «bygg et grafisk søk» slik at søkemenyen reflekterer søkeuttrykket. Ein kan òg bygga ut søkemenyen. Tekstboksen blir då oppdatert automatisk. Slik ser søkerboksen på startsida ut:

Korpus: ASK Hovedkorpus | Enkelt søk | **Avansert søk**

Bruk denne tekstboksen for å skrive et søk i korpus-søkespråket

Lagrede søk | Save Query as

|  |

---

Her kan du lage et søk ved å bruke menyer.

Velg et **delkorpus**:

**Morsmål != "norsk"**  
 legg til:  
 attributt: -

Velg **posisjonelle betingelsjer**.  Ignorer strukturelle posisjoner

target  
**Ord =**   %c  
 gjentagelse:    
 legg til:  
 attributt: -   
 struct: -

Skjermbilde av søkerboksen for søker i denne undersøkinga finst i [vedlegg 2](#).

For ei grundig innføring i korpuset sjå Tenfjord, Hagen og Johansen (2006, 2009) og Ragnhildstveit (2009).

### 3.3. Datamaterialet

I denne studien granskar eg tekstar frå forskjellige informantar fordelt på fleire nivå. Det er éin tekst per informant per nivå. Eg undersøker dermed substantivfraseutviklinga frå nivå til nivå basert på skriftleg produksjon frå ulike individ på ulike nivå. Slike data blir kalla **kvasi-longitudinelle** (Granger 2002: 11) sidan «tekster på ulike ferdighetsnivåer behandles som representanter for ulike utviklingstrinn i innlæringsprosessen» (Carlsen 2010: 136). Det motsette er longitudinelle data som har blitt samla frå same (gruppe) individ ved fleire høve eller på fleire utviklingstrinn over ein lengre periode (Granger 2002: 11). Lie (1993), Sørland (2010) og Axelsson sine studiar (1994) baserer seg på denne typen data (sjå [2.5.](#)).

#### 3.3.1. Avgrensing av datamaterialet

På eit tidleg tidspunkt i eit forskingsarbeid må forskaren velja ut datamaterialet sitt. Valet påverkar moglege resultat og hører ikkje til dei enklaste. Den første nedskjeringa eg må gjera, er å avgrensa datamaterialet til dei tekstane som har blitt vurderte til eit rammeverksnivå. Dette fører til at 30 % av alle tekstane i ASK ikkje kan vera med i denne studien sidan det totalt er 523 av 1735 tekstar som ikkje har blitt CEFR-vurderte. Ei slik avgrensing av tilgjengeleg datamateriale er naudsynt for at eg skal kunna seia noko om variasjonen og utviklinga i substantivfrasane sett saman med rammeverksnivåa. Tekstane som blei utelukka frå rammeverksnivåvurderinga er tekstar skrivne av innlærarar med albansk, nederlandsk og bosninsk-serbisk-kroatisk som førstespråk (Carlsen 2010: 139). Tekstane fordeler seg slik:

	A2	A2+	B1	B1+	B2	B2+	C1
<b>tekstar på nivået</b>	30	217	335	232	294	81	23

Tabell 3:1 Talet på tekstar i ASK fordelt på rammeverksnivåa, absolutte tal.

Som me ser i tabell 3:1, er tekstane ujamnt fordelt på rammeverksnivåa. Det lågaste og dei to høgaste nivåa skil seg mest ut med 30, 81 og 23 tekstar. Med ei slik ujamn fordeling av datamaterialet ser eg det som naudsynleg å føreta ytterlegare tilpassingar. Den store variasjonen i teksttalet per nivå kjem av at utgangspunktet for designet til korpuset var at det skulle innehelta 100 tekstar frå ti forskjellige morsmålsbakgrunnar (Tenfjord, Hagen og Johansen 2009: 56) som blei skrivne til kvar av prøvene. Tekstane blei deretter på eit seinare tidspunkt vurderte til eit av rammeverksnivåa. Med andre ord har det seg slik at dei 200 tekstane frå informantar med til dømes engelsk som førstespråk fordeler seg ulikt på rammeverksnivåa:

<b>Høyere nivå</b>	<b>100</b>
B1	2
B1/B2	15
B2	64
B2/C1	12
C1	7

<b>Språkprøven</b>	<b>100</b>
A2	2
A2/B1	18
B1	59
B1/B2	15
B2	5
B2/C1	1

Tabell 3:2 Fordeling av ASK-tekstane skrivne av informantar med engelsk som førstespråk, absolutte tal

Grunnen til denne (frå min ståstad) ujamne fordelinga er ifølge Golden og Tenfjord at «ASK [nettopp] er bygd opp med tanke på at det skal kunne brukes i studier av transfer» (2015: 189). I ein vurderingssituasjon blir t.d. skriftleg produksjon vurdert kun ut ifrå gitte vurderingskriterium, og kandidaten sin bakgrunn skal ikkje ha noko å seia for vurderinga. Eg er dermed ikkje interessert i det som har med førstespråkspåverkand eller transfer å gjera.

Forskarane knytte til prosjektet Norsk profil (sjå 2.2.2.) måtte ta stilling til den same utfordringa med den ujamne tekstfordelinga:

Ulik gruppestørrelse er en utfordring for flere av studiene i denne antologien, og artikkelforfatterne har valgt å løse dette på forskjellige måter [...]. En mulig løsning er å se bort fra de nivåene som har svært få tekster, en annen er å slå sammen mellomnivåer og hele nivåer, og en tredje er å bruke statistiske metoder for å prøve å begrense problemet (Carlsen 2012: 35).

Eg har valt ei heilt anna løsning, nemleg å ta ugangspunkt i det lågaste teksttalet. Eg ønsker å ha like mange tekstar per nivå for å gjera utgangspunktet for undersøkinga mest mogleg homogent og resultata mest mogleg samanliknbare. Utgangspunktet mitt er 23 C1-tekstar som blei skrivne til Bergenstesten. Dermed vel eg å avgrensa dei resterande nivåa til 23 tekstar frå eksamenssvar skrivne til Bergenstesten. Her viser det seg at det er 22 Bergenstesten-tekstar på B1. C1-avgrensinga er dermed ikkje nok, og til slutt er det B1-teksttalet som avgjer utvalet frå resten av datamaterialet med tanke på både teksttalet og prøvetypen. Eg gjer eit tilfeldig utval på dei resterande nivåa ved å velja dei første 22 tekstane. På denne måten sikrar eg ein viss representativitet. Resultatet av desse vala eg har omtalt her, er at eg nå får 110 Bergenstesten-tekstar fordelt på fem nivå: B1, B1+, B2, B2+ og C1. Sjå vedlegg 1 for liste med tekst-id i ASK.

	B1	B1+	B2	B2+	C1
tekstar på nivået	22	22	22	22	22

Tabell 3:3 Fordelinga av datamaterialet i denne studien på CEFR-nivåa, absolutte tal.

Eg forstår at valet mitt om å redusera talet på tekstar såpass mykje kan kritisera. Eg har nøye vurdert korpuset sine begrensingar og moglegheiter basert på tilgjengeleg litteratur om korpuset, og det faktum at eg har lite erfaring med både korpus og statistikk veg tyngst. Likevel tør eg å påstå at det var den einaste tilgjengelege løysinga alt tatt i betraktning og at resultata frå denne undersøkinga vil kunna generaliserast.

### 3.3.2. Moglege feilkjelder

Det finst alltid fordelar og ulemper ved bruk av alle datatypar. I dette avsnittet ser eg på nokre problemområde som eg er klar over at kan påverka resultata. Her kommenterer eg òg kva eg har/ikkje har gjort for å minimera risikoen for slik påverknad.

Det har vore naudsynt å gå gjennom treffa i ASK manuelt, for treff kunne ha blitt mista/eliminert viss dei blei tagga feil av den automatiske taggaren. Til dømes blei frasen *et godt utviklet helsesystemet* h0185 utelukka fordi *utviklet* blei tagga som verb. Eg har gått manuelt gjennom treffa mine for å utelukka irrelevant treff frå trefflista, men eg kunne ikkje gjera noko med treff som blei utelukka av korpuset. I likskap med t.d. Ragnhildstveit (2009) går eg ut ifrå at det korpuset ikkje «fangar opp», ikkje er data i undersøkinga.

Avsnittet ovanfor beskriv ei mogleg feilkjelde som kjem av korpuset og metoden. Ei feilkjelde i gruppeundersøkingar som denne knytt til menneske har sin grunn i individuell variasjon innad i gruppene. Når eg presenterer resultata, opererer eg kun med gruppeprofilar.

Eit mindre problem ser eg i at kandidatane svarer på 43 ulike oppgåveordlydar (sjå [vedlegg 5](#) for oversikt over oppgåvetitlane i datamaterialet). Det er felles for alle tekstane i studien at dei er skrivne til Bergenstesten. Tekstane blei samla over mange år, og oppgåveformuleringane varierer derfor mykje. Oppgåveformuleringane inneheld imperativa *gjer greie for, forklar, diskuter* o.l., og dermed oppfordrar dei til argumenterande skriving. Nokre få oppgåver ber kandidatane å ta utgangspunkt i eit dikt og vidare diskutera ei problemstilling med utgangspunkt i diktet, t.d. «D:Toleranse. Hvorfor tror du dikteren har gitt diktet tittelen "Toleranse"? Diskuter hvordan mennesker i et flerkulturelt samfunn bør forholde seg til hverandre.» Fellesnemnaren her er argumenterande skriftleg produksjon, sjølv om kandidatane svarer på ulike oppgåver. Det kan henda at oppgåveordlyden er med og påverkar nokre av frasane til kandidatane, at nokre av frasane er eit ekko av oppgåvelyden slik det var tilfelle hos Salomonsen (2002) (sjå [2.5.1.](#)). Følgande oppgåvelyd kan kandidaten utnytta til sin fordel ved å bruka substantivfrasane i teksten sin: «Forklar hva som etter din mening, kan være årsaker til at mange i dag flytter til de store byene, og trekk fram positive og negative sider ved storbylivet.» Dette har eg ikkje tatt omsyn til i analysen.

Sist men ikkje minst må me hugsa på at tekstane blei skrivne i ein testsituasjon. *Test i norsk — høgare nivå, Bergenstenen* er ein test med høg strykprosent — i snitt er det 44% som får strykkarakter på delprøva i skriftleg produksjon (haust 2014-vinter 2016) (Mark Stuart Bowmer, personleg kommunikasjon i e-post 24. mai 2016). Ein må få bestått på alle fem delprøvene for å få ei samla vurdering, og viss ein stryk på éin av dei, må ein ta heile eksamenen på nytt. Prisen er for mange ikkje utan betydning (kr 2330 for kvart forsøk<sup>14</sup>). Etter mi erfaring er innlærarane klar over at det er ei krevjande prøve. Med dette in mente kan innlærarane velja å unngå ord eller strukturar dei synest er vanskelege:

En innlærer som mangler de nødvendige ressurser, må kanskje gi avkall på å få fram nøyaktig det hun eller han ønsker, og heller tilpasser innholdet etter det som er mulig. Motsatt vil hun eller han [...] kanskje kunne bli mer djerv i utformingen av tankene (justere budskapet) (Utdanningsdirektoratet 2011: 79).

Me kan derfor skilja mellom to typar strategiar:

Når man senker ambisjonene for å tilpasse dem etter ressursene med sikte på å lykkes innenfor et mer begrenset område, bruker man Unngåelsesstrategier. Når man øker ambisjonene og finner måter å klare seg på, kalles det Oppnåelsesstrategier (Utdanningsdirektoratet 2011: 79).

ASK-korpuset (og korpus generelt) gir høve til å granska det kandidatane faktisk bruker. Underbruk av ein struktur eller eit språkleg trekk er både vanskeleg å undersøka og ta omsyn til i undersøkingar som denne.

## 4. STUDIEN

Dette kapitlet er todelt. I 4.1. gjer eg greie for korleis studien er designa og korleis eg søker fram frasane eg granskar. Sjå vedlegg 2 for skjermbilde av søkeboksen for søkeuttryka. I 4.2. og 4.3. legg eg fram resultata av søka omtalte i 4.1.

For å få eit oversiktsbilde av kor mange substantivfrasar det er på dei ulike nivåa søker eg på ordklassen substantiv i datamaterialet. Uanalysert får eg 10834 substantiv som fordeler seg slik på rammeverksnivåa frå 2.2.1:

---

<sup>14</sup> <https://www.folkeuniversitetet.no/Artikler/Spraaktester/Test-i-norsk-hoeyere-nivaa> lese 24.4.2017

	<b>B1</b>	<b>B1+</b>	<b>B2</b>	<b>B2+</b>	<b>C1</b>	<b>totalt</b>
tal på substantivfrasar	1946	1941	2021	2310	2616	10834
tekstar på nivået	22	22	22	22	22	110
substantivfrasar/tekst i snitt	88,5	88,2	91,9	105,0	118,9	98,5
substantivfrasar/tekst median						91,9

Tabell 4:1. Tal på substantivfrasar per rammeverksnivå

Denne tabellen er kun til orientering. Desse tala inneholder også feiltagga treff. I tillegg blir substantiv med særskrivingsfeil talde to gongar, t.d. *førskole lærar* gir 2 treff. Likevel kan man ikke sjå vakk frå at tabellen kan fortelje om ein tendens: talet på substantivfrasar aukar med aukande norskkompetanse, og at det er ca. 92 (median) substantivfrasar per tekst skriven til Bergenstesten.

#### 4.1. Design

I 2.3.4. viser og diskuterer eg ulike sider ved norske substantivfrasar som kan by på utfordringar i eit andrespråkskontekst, som genus, bestemtheit, samsvarsbøyning, bøyning av det førestilte adleddet i adjektivfrasen og dobbel bestemming. Dei mange måtane å uttrykka possessivitet på er også presenterte, og eg problematiserer bøyninga i frasar med førestilt possessiv og adjektiv (som har det eg kallar «blanda bøyning»). Fokuset i 2.3.4. er dermed på adledd som blir omfatta av mekanikken i substantivfrasen som viser seg gjennom bøyning. Eg har då vist at vaksne som lærer norsk som andrespråk må meistra og implementera mange reglar samtidig, viss dei vil produsera målspråkslike substantivfrasar. Eg skal nå med fokus på «den samla substantivfraseutfordringa» undersøka frasane funne i tekstane som blei vurderte til å ligga på B1, B1+, B2, B2+ og C1.

Det er to hovudsøk i studien, og utgangspunktet for designet er todelt. For det første vil eg undersøke frasar der innlærarane får vist kva dei kan og kva dei ikke kan på ulike rammeverksnivå med tanke på gjennomgangen av dei moglege utfordringane i 2.3.4. Frasar med minst to adledd før kjernen er veleigna for denne studien, for i slike frasar er det fleire forhold ein må ta omsyn til samtidig. For det andre er eg nysgjerrig på om den høge

feilfrekvensen i frasar som består av determinativ, adjektiv og substantiv i Axelsson (1994) sin studie er å sjå òg i slike frasar hos informantane i ASK (sjå 2.5.6.). Det var dei frasetypane informantane hennar meistra aller därlegast. Likevel må me hugsa på at Axelsson undersøkte munnleg språkbruk, og me veit ikkje noko om kva rammeverksnivå informantane var på då intervjua blei gjennomførte.

Dei to hovudsøka er som følger:

- utbygde substantivfrasar 1 = 4.2., dvs. frasar samansett av følgande tre element: determinativ, adjektiv og substantiv. I tillegg supplerer eg med to mindre søk: eitt der determinativet manglar (manglande determinativ) og eitt der determinativet blei tagga som overflødig (overflødig determinativ) i frasar av same type som i hovudsøket.

Det første søkeret gir høve til å sjå på frasar med kun eitt adjektiv. Eg vil undersøka om innlærarane har kontroll på adjektivbøyning òg når det er fleire enn ett adjektiv i frasen. Derfor legg eg til eitt adjektiv og fjernar determinativet frå søkeruttrykket som obligatorisk element:

- utbygde substantivfrasar 2 = 4.3, dvs. frasar med to adjektiv føre kjernen. Adjektiva kan vera sideordna eller det eine kan vera underordna det andre, jf. 4.1.2.

Ved å utvida søkeret med eitt adjektiv og samtidig «opna» søkeruttrykket ved å fjerna obligatorisk determinativposisjonen gjer eg det mogleg å sjå kva slags frasar med to adjektiv før kjernen innlærarane faktisk produserer. Derfor kan ein òg seia at dette søkeret er av eksplorativ karakter samanlikna med det første. Dette søkeret gir som sagt både frasar med siderordna adjektiv og frasar der det eine adjektivet er underordna det andre. Ein del frasar i dette søkeret vil dermed strukturelt sett bestå av kun eitt adledd til kjernen viss adjektiva er sideordna. Lineært vil alle frasane òg bestå av to adjektiv som begge skal samsvarsbøyast med substantivkjernen. Sidan begge må ha same bøyingsending, får me ein sterkare indikasjon på om innlærarane meistrar adjektivbøyning.

Det første eg gjer, er å lasta ned trefflistene, opna dei i Numbers (reknearkprogram på Mac) og fargekoda dei for feil og andre framståande trekk. Framgangsmåten for feilkodinga mi er at eg nyttar parallell-kontekst (sjå [3.2.2.](#)) og vurderer informantane sine frasar og korreksjonane. Nokre gongar bruker eg fargar i oversiktstabellane for å framheva utviklingstendensane.

Talet på treff i søka varierer mykje. I dei supplerande søka er dei relativt få, og tabellane med treffa er inkluderte. I hovudsøka er det mange treff, og då oppgir eg oversiktsresultata i tabellar og kommenterer nokre av frasane. Nokre gongar ser eg det som naudsynt å visa spesifikt kva treff som ikkje blir undersøkte og forklara korfor.

Sjå [vedlegg 4](#) for nokre kommentarar ang. feilkodinga og forslaga til korreksjon i ASK og kva eg reknar som feil.

#### 4.1.1. Den metodiske framgangsmåten for utbygde substantivfrasar 1

Søkeuttrykket for denne typen frasar ser slik ut:

[pos = "det"] [pos = "adj"] [pos = "subst"]

Søkeuttrykket gir meg hove til å undersøka hovudsakleg frasar av typen *en stor bil* og *den stor(e) bil(en)*, altså med eitt determinativ, eitt adjektiv og eitt substantiv. Her viser eg kun den første delen av søkeuttrykket. Heile søkeuttrykket inkluderer òg alle dei 110 tekst-id-ane, sjå [vedlegg 1](#) for oversikt.

Alle søkeuttrykka er «opne» både til venstre og til høgre for kombinasjonen eg søker etter, slik at dei òg får tak i frasar som inneheld meir enn det eg ber om. I dette tilfellet kan frasar med totalitetskvantifiserande adledd før determinativet dukka opp på trefflista, av typen *alle dei fine bøkene*. På trefflista kan eg òg få frasar med possessiv, lokaliserande adledd og setningsadledd etter kjernen i tillegg til dei to adledda før kjernen.

Ved å bruka dette søkeuttrykket får eg frasar med tre hovudtypar frasar og bøyning:

- ubestemt t.d. *ei god bok*
- bestemt t.d. *den gode boka*
- «blanda», med førestilt possessiv t.d. *hennar gode bok*

For dei supplerande söka bruker eg følgande søkeuttrykk:

```
[type = "M"] [pos = "adj"] [pos = "subst"]  
[type = "R"] [pos = "adj"] [pos = "subst"]
```

Desse søkeuttrykka inkluderer i likskap med det førre eitt adjektiv føre eitt substantiv. Feilkoden M tyder at me får frasar med manglende ord (determinativ), og R står for overflødig ord (determinativ). Normalt skal ein frase ha determinativ når me har eit adjektiv som beskriv kjernen jf. det eg skriv i avsnittet om samsvarsbøyning.

#### 4.1.2. Den metodiske framgangsmåten for utbygde substantivfrasar 2

Gjennom dette söket vil eg hovudsakleg sjå om innlærarane bygger ut adjektivfrasen og korleis dei samsvarsbøyer adledda. Søkeuttrykket er som følger:

```
[pos = "adj"] ("," %c)? [pos = "konj"]? [pos = "adj"] [pos = "subst"]
```

Eg søker altså etter følgande kombinasjonar: eitt adjektiv, komma (valfri), konjunksjon (valfri), eitt adjektiv og eitt substantiv. Søkeuttrykket definerer det som er minimum for eit treff. Ved å söka på to adjektiv får eg frasar med adjektivkjernar med adledd (1) i tillegg til sidestilte adjektivkjernar av typen (2a-c):

- (1) *veldig stor*
- (2a) *fin og stor*
- (2b) *fin, stor*
- (2c) *fin stor*

Søket gir høve til å sjå kva typar frasar med to adjektiv før kjernen som finst i andrespråkstekstane: både adjektiv med underordna adledd og to siderordna adjektiv. Hovudsakleg ord som kan gradbøyast blir rekna som adjektiv (sjå 3.2.2.), og det inneber at frasar med lemmaa mange/mye/få/lite/litt kjem på trefflista for dette söket. I skjemaet blir dei

plasserte i DEF.-feltet (1) eller i beskrivarfeltet: underordna adjektivet dei står til (2) eller sideordna med eit anna adjektiv (3):

	TOT.	DEF.	DEL.	BESK.	KJERNE	POSS.	LOK.	SETNINGSADLEDD
1		<b>mange</b>		gode	bøker			
2				mer givande	arbeidsoppgå- ver			
3				<b>mange</b> og gode	bøker			

Tabell 4:2 Delkvantoren *mange* og felta i substantivfrasen

Nå skal me sjå nærmare på adjektiv av den tradisjonelle beskrivande typen, t.d. stor, liten, fin og stygg. Dei kan normalt sideordnast i skrift ved hjelp av konjunksjonar, komma eller ingenting. Konjunksjon eller komma synleggjer sideordninga. Når det ikkje står kojunksjon eller komma mellom adjektiva, kan det syntaktiske forholdet mellom dei vera tvetydig nokre gongar viss det er ikkje noko morfologisk skilnad å sjå. Me skal samanlikna to frasar frå datamaterialet:

*en stor godt nettverk h0710, B1*  
*en viktig spiritual ting h0691, B1*

I det første døme ser me at eit nettverk er stort og godt, og adjektiva er sideordna:

	TOT.	DEF.	DEL.	BESK.	KJERNE	POSS.	LOK.	SETNINGSADLEDD
			et		stort, godt	nettverk		

Den andre frasen kan tolkast på to måtar:

	TOT.	DEF.	DEL.	BESK.	KJERNE	POSS.	LOK.	SETNINGSADLEDD
		en		viktig, spirituell	ting			

med to sideordna adjektiv eller slik at *viktig* er underordna *spirituell ting*:

	TOT.	DEF.	DEL.	BESK.	KJERNE	POSS.	LOK.	SETNINGSADLEDD
		en		viktig	spirituell ting			

Vannebo (1972: 57) sitt kjernefelt tar omsyn til slike frasar:

bestemmarfelt	beskrivarfelt	kjernefelt
		bestemmar
		beskrivar
en	viktig	spirituell
		ting

Likevel har ikkje den eventuelle strukturelle forskjellen noka innvirkning på morfologien i frasen, som jo er hovudfokuset mitt.

#### 4.2. Utbygde substantivfrasar 1

Avsnittet er samansett av to hovuddelar: først undersøker eg frasane i hovudsøket, vidare ser eg på frasane frå dei supplerande søka som kun gir frasar med manglande og overflødig artikkel. I tabellane oppgir eg først talet på frasar, så talet på feil og kor mykje feila utgjer prosentvis. Der det er mogleg skil eg ut ulike nivå eller steg i utviklinga ved hjelp av ulike nyansar av grønt i tabellane.

Hovudsøket gir 778 frasar. Eg har gått gjennom frasane og merka dei med anten rett eller feil. Frasane må innehelta determinativ og adjektiv før kjernen, og alle tre elementa må vera bøygd korrekt for at frasen skal reknast som korrekt. Eg ser som sagt vekk frå reine skrivefeil, og det viser seg at kun 14% (sett under eitt) inneheld bøyingsfeil.

Døme på frasar i dette søker som eg reknar som korrekt:

*Det norske samfunnet h0568, B1  
den dramatikke situasjonen h0694, B1*

og feil:

*den riktig beslutningen h0669, B1  
en utenlandske helsearbeider h0179, B2+\**

\*Denne frasen førekjem tre gongar i same form i same tekst, og dermed blir han rekna som éin førekomst.

	<b>B1</b>	<b>B1+</b>	<b>B2</b>	<b>B2+</b>	<b>C1</b>	<b>sum</b>
totalt	113	141	127	187	210	778
feil	30	25	18	19	18	110
%	27 %	18 %	14 %	10 %	9 %	14 %

Tabell 4:3 Utbygde frasar 1, totalt og feil

Tabellen viser at talet på substantivfrasar som har determinativ og adjektiv før kjernen generelt sett stig med rammeverksnivå, unntaket her er B2 som har færre slike frasar enn B1+. Tekstane på C1 har ca. dobbelt så mange slike frasar samanlikna med dei på B1.

Samtidig går feilprosenten ned:




Diagram 4:1 Feil i samsvarsbøyning i utbygde frasar 1, prosent

Feilprosenten fell 9 prosentpoeng fra B1 til B1+, 4 prosentpoeng fra B1+ til B2, 4 prosentpoeng fra B2 til B2+ og 1 prosentpoeng fra B2+ til C1. Det er altså dei to siste nivåa det er minst forskjell mellom. På bakgrunn av resultata i dette søket kan me skilja ut tre steg i utviklinga: **B1, B1+ og B2, B2+ og C1**.

#### 4.2.1. Utbygde substantivfrasar 1 i forfeltet

Eg håpa eg kunne seia noko om frasar av den typen eg undersøker, er å finna i forfeltet, eller om setningane viser ein tendens til å vera baktunge. Ca. 23% (median) av frasane blei plasserte i forfeltet. Tabell 4:4 viser ikkje nokon tydeleg tensens til at det er stor forskjell mellom nivåa på dette punktet, sjølv om det moglegvis er å sjå viss ein samanliknar B1 og C1.

	<b>B1</b>	<b>B1+</b>	<b>B2</b>	<b>B2+</b>	<b>C1</b>
totalt	113	141	127	187	210
i forfeltet	20	33	32	38	60
%	18 %	23 %	25 %	20 %	29 %

Tabell 4:4 Utbygde frasar 1 i forfeltet

Fokuset i denne oppgåva ligg på substantivfrasar og ikkje alle typar nominale ledd. For at dette eventuelt skulle vore mogleg å gjera, hadde eg mått gå gjennom alle tekstane manuelt og avgrensa ledda. Konsekvensen av dette er at eg ikkje tar omsyn til at ein substantivfrase hierarkisk kan innehelda andre substantivfrasar. La oss sjå på eit døme:

*men forholdene mellom det moderne samfunnet og den unge prinsen varmes enormt av den grunn h0061, B2+*

Hierarkisk hører begge dei markerte frasane under substantivfrasen *forholdene* og står i forfeltet. I undersøkinga og i tabellen ovanfor tel dei som to førekommstar.

#### 4.2.2. Feil i frasane

Nå skal me sjå nærmare på kva som er gale i frasane har blitt merka som feil. Gjennomgangen for dette søket er som følger. Først skal eg sjå på i kor stor grad samsvarsbøyingen er korrekt i alle frasane, og her er alle tre elementa i fokus. Så ser eg på frasane med førestilt possessiv og adjektiv før kjernen. Som eg har gjort greie for i avsnittet om possessivmarkering i norsk, har dei ei avvikande bøying samanlikna med resten av frasane i dette søket. Vidare omtaler eg

treffa frå dei to supplerande søka som gir frasar av same type som i hovudsøket, men der determinativet anten manglar eller er overflødig.

## Samsvarsbøyning

Frasane i dette søket er samansett av tre ord: determinativ, adjektiv og substantiv, og i dette avsnittet presenterer eg og kommenterer oversiktsresultata for tre feiltypar: feil determinativ (feil det), feil i adjektivbøyning (feil adj) og manglande dobbel bestemming.

I denne undersøkinga tar eg ikkje omsyn til individuell variasjon, og fokuserer kun på tendensane nivåa imellom. I tabell 4:5 inkluderer eg tal på tekstar med dei feiltypane eg undersøker slik at det i tillegg er mogleg å sjå kor mange tekstar feiltypane er spredde på. Det er, som vist i tabell 3:3, 22 tekstar på kvart nivå.

	B1	B1+	B2	B2+	C1
totalt frasar	113	141	127	187	210
totalt feil	30	25	18	19	18
%	27 %	18 %	14 %	10 %	9 %
<b>feil det</b>	<b>10</b>	<b>7</b>	<b>4</b>	<b>2</b>	<b>2</b>
%	9 %	5 %	3 %	1 %	1 %
tal på tekstar med feil determinativ	5	7	4	2	2
<b>feil adj</b>	<b>12</b>	<b>5</b>	<b>5</b>	<b>6</b>	<b>3</b>
%	11 %	4 %	4 %	3 %	1 %
tal på tekstar med feil i adjektivbøyning	8	5	5	5	3
<b>obligatorisk dobbel bestemming</b>	<b>46</b>	<b>46</b>	<b>61</b>	<b>88</b>	<b>90</b>
<b>manglande dobbel bestemming</b>	<b>15</b>	<b>17</b>	<b>9</b>	<b>13</b>	<b>12</b>
<b>fel dobbel bestemming %</b>	<b>33 %</b>	<b>37 %</b>	<b>15 %</b>	<b>15 %</b>	<b>13 %</b>
tal på tekstar med dobbel bestemmingsfeil	9	8	7	7	6

Tabell 4:5 Oversiktstabell for feil i utbygde frasar 1

Hovudproblemet i dei undersøkte frasane er at kjernen manglar den etterhengte bestemte artikkelen. Både tabellen ovanfor og diagrammet nedanfor viser at manglande dobbel bestemming er tilfelle i over 30% av frasane på dei to lågaste nivåa.




Diagram 4:2 Feil i utbygde frasar 1, prosent

På dei resterande nivåa er denne feiltypen halvert. I dei to andre feiltypane i diagrammet ser det ut til å vera nokså liten forskjell mellom nivåa. Her er det B1 som skil seg mest ut. B1 har flest av både determinativ- og adjektivfeil. B1+ ligg i 2 av 3 feiltypar nærmare B2 enn B1. Særleg når det gjeld feil i adjektivbøyninga ser me at B1+, B2 og B2+ er like. Det er ingen forskjell mellom B2+ og C1 når det gjeld determinativfeil som er veldig sjeldne på desse nivåa, samanlikna med dei andre nivåa.

Feil genustildeling, og ikkje nødvendigvis manglende kompetanse i samsvarsbøyning i norsk, kan vera årsaken til at frasane blei kategoriserte som feil:

*et lite gruppe h0691, B1  
en god felleskap h0691, B1*

Det er samsvar mellom determinativet og adjektivet, men ikkje med kjernen. Det er likevel fortsatt inkonsekvens som dominerer på B1. I døma nedanfor er det tydeleg at innlærane

blandar ulike bøyingsmorfem, og manglande eller feil inkjekjønnsbøyning gjeld òg vanlege regelrette adjektiv som *god* og *stor*:

*et god fasong* h0691, B1  
*et stor miljøproblem* h0099, B1  
*et vanskelige tema* h0669, B1

C1 er det nivået med færrast feil i substantivfrasane. Særleg i den første frasen er det synleg at dei er konsekvente, då substantivet *faktor* får inkjekjønnstrekk ved determinativet og bøyingsendinga:

*det viktigeste faktoret* h0579, C1  
*den nye EU, bestående av 25 land* h0638, C1

Når det gjeld feil i adjektivbøyning, blir det markant færre feil frå B1 til B1+. Så held talet seg stabilt, for å synka ytterlegare på C1. På B1+ er det eitt tydeleg døme på feil genustildeling som viser seg to stadar i frasen og har samsvar mellom determinativet og adjektivet:

*et godt mulighet* h0142, B1+

Elles er det fortsatt tilsynelatande tilfeldige feil som kan tyda på at samsvarsbøyingsmønstra ikkje er på plass ennå:

*en sunt sjel* h0174, B1+

På det høgaste undersøkte nivået finst det kun tre feil i adjektiv som kan illustrera visse tendensar for dette nivået:

*den statistisk måling av gjennomsnitts leveralderen i befolkningen* h0189, C1  
*et modernt land med økonomien basert på flere områder en olje* h0638, C1  
*Hver enkel innbygger* h0461, C1

Den første frasen viser manglande bøyning, som er vanleg på lågare nivå. Det finst ikkje fleire slike feil på dette nivået. Adjektivbøyninga i den andre frasen er eit døme på generalisering, som er eit vanleg mellomspråkstrek. Innlæraren kan hovudregelen *inkjekjønn ubestemt*  $\supset$  -t, men her er det eit adjektiv som høyrer til unntaka. Adjektivet *enkel* i den siste frasen byr på utfordringar fordi mange blandar saman adjektiva *enkel* og *enkelt*. Innlærarane må avgjera om -t-en i adjektiv som sluttar på -t, er inkjekjønsbøyning eller om han høyrer til rota. Det er stort sett generaliseringsfeil i ord som høyrer til unntaka me kan forventa på dette nivået.

## Feil i frasar med førestilte possessiv

I tillegg til frasar med førestilte ubestemte og bestemte artiklar finst det 31 frasar med førestilte possessiv:

	<b>B1</b>	<b>B1+</b>	<b>B2</b>	<b>B2+</b>	<b>C1</b>	<b>sum</b>
totalt frasar med førestilt possessiv	4	8	0	8	10	30
feil	2	4	0	1	2	9
%	50 %	50 %	0 %	13 %	20 %	30 %

Tabell 4:6 Frasar med førestilt possessiv, utbygde frasar 1

Merknad til tabellen: Adjektivfeila i desse frasane tel øg med i oversikta i [tabell 4:5](#).

Viss det er mogleg å sjå ein forsiktig tendens her, så kan det sjå ut som det blir fleire slike frasar med aukande nivå, men dei 22 B2-tekstane har ingen frasar med førestilt possessiv og adjektiv før kjernen. Dessutan ser det ut til at innlærarane på B1 og B1+ kategoriserer førestilte possessiv som ubestemte artiklar:

*sin stor rikdom h0176, B1+*

*sin vanskelig situasjon h0127, B1+*

*deres hardt arbeid h0026, B2+*

Så vidt eg kan sjå, finst det teikn til at feila på dei lågare nivåa botnar i at innlærarane går ut ifrå at førestilt possessiv krev same type bøying som ubestemt artikkkel. På C1 finn me 8 korrekte frasar med førestilt possessiv og adjektiv, slik at det kan tyda på at i mange tilfelle har konstruksjonen festa seg. Der endrar feilbøyninga i frasar med førestilte possessiv karakter:

*sin økonomiske politikken h0370, C1*

*vårt vestlige samfunnet h0189, C1*

Desse frasane kan tolkast slik at innlærarane har kategorisert det førestilte possessivet som bestemt artikkkel.

Frasar med determinativ og adjektiv før kjernen og med etterstilt possessiv i tillegg er så å seia ikkje eksisterande i dette søket. Det finst kun eitt slikt døme som til gjengjeld er heilt korrekt:

*de lange livene våre h0180, B2+*

## Manglende determinativ i frasar av typen det + adj + subst

I dette avsnittet undersøker eg frasar som blei tagga med manglende determinativ før adjektivet som står til kjernen. Eg ser også på adjektiv- og substantivbøyinger i frasane.

Det er éin frase som er noko problematisk. Han blir brukt to gongar i same tekst:

*norske folk* h0107, B1+

Frasen fekk koden M «manglende ord» og blei korrigerte til *det norske folk*. Eg meiner at i dei fleste tilfella er det *nordmenn* innlærarane meiner. Frasane tel som éin førekomst.

Generelt sett går talet på manglende førestilt determinativ ned med nivå:

	B1	B1+	B2	B2+	C1	sum
totalt frasar	10	10	13	8	7	48

Tabell 4:5 Manglende determinativ i det + adj + subst, absolutte tal

Følgande frasar undersøker eg i dette avsnittet:

struktur M adj subst	frase	tekstid	CEFR	
1 en	stor glede	h0558	B1	
2 et -t	stor ansvar	h0558	B1	
3 en	bedre behandling	h0393	B1	
4 en	bedre kvalitet	h0393	B1	
5 en	stor fordel	h0274	B1	
6 et -t	stor probleme	h0274	B1	
7 de	forskjellige gruppene	h0690	B1	
8 en	raskt avgjørelse	h0710	B1	
9 en	bedre retning	h0705	B1	
10 den	tredje verden	h0694	B1	
1 den -en	commende generasjon	h0199	B1+	
2 en	norsk framtid	h0112	B1+	
3 de	større byene	h0071	B1+	
*4 det	norske folk	h0107	B1+	

5	et	flerkulturelt samfunn	h0153	B1+
6	den	økende arbeidsledigeten	h0072	B1+
7	det	narmeste området	h0078	B1+
8	de	store byene	h0091	B1+
9	den <b>-e</b>	kjedelig landsbyga	h0071	B1+
10	en	rar måte	h0019	B1+
1	et	gammeldags mønster	h0104	B2
2	de	siste årene	h0085	B2
3	en	stor by	h0081	B2
4	den	<b>andre siden</b>	h0003	B2
5	den	tredje verden	h0020	B2
6	den <b>-e</b>	potensiell arbeidsløsheten	h0028	B2
7	en	stor by	h0081	B2
8	et <b>-t</b>	stor antall	h0081	B2
9	den *	enkeltens behov	h0137	B2
10	en	viss grad	h0102	B2
11	en	personlig katastrofe	h0104	B2
12	de <b>-ene</b>	offentlige institusjoner*	h0003	B2
13	en	høy stilling	h0104	B2
1	de	nye holdningene	h0097	B2+
2	et	hardt arbeidslivet	h0194	B2+
3	sin	store innsats	h0037	B2+
4	en	påtroppende konge	h0046	B2+
5	den <b>-e</b>	nær familien	h0128	B2+
6	en	gammeldags melodi	h0194	B2+
7	en	god helse	h0188	B2+
8	den	tidligere historien	h0194	B2+
1	sin <b>-e</b>	fysisk aktivitet	h0189	C1
2	et	lykkelig familieliv	h0009	C1
3	det <b>-e</b>	sosialt liv*	h0370	C1
4	en	psykisk belastning	h0603	C1
5	de	<b>andre EU landene</b>	h0638	C1
6	en	mindre belastning	h0461	C1
7	en	lang vei	h0559	C1

Tabell 4:6 Overflødig det + adj + subst, funna

Nokre merknadar til tabellen: under *struktur* ser me først determinativet som manglar, deretter kjem anten manglande adjektivbøyning (med korrekt bøyingsmorfem) eller overflødig/feil (kun oransje), så inneheld den tredje kolonnen manglande dobbel bestemming (med korrekt bøyning) eller feil substantivbøyning (kun grøn). Frasane merka med \* i slutten er bøyde korrekt internt i frasen sjølv om korrekksjonen som tar utgangspunkt i konteksten, gjer at bøyninga blir feil. Med utheling markerer eg korrekte bøyingsmorfem.

På B1 er 8/10 av dei manglande determinativa ubestemt artikkel, i tillegg til 1/10 fleirtal bestemt og 1/10 eintal bestemt. I to av eintalsfrasane manglar det i tillegg *-t* i slutten av adjektivet. Det blir vanskeleg å seia noko om dobbel bestemming blir brukt i desse frasane siden det berre er to frasar, og det eine substantivet *verden* får normalt ikkje den etterhengde artikkelen (Faarlund, Lie og Vannebo 1997: 297):

*tredje verden h0694, B1*

Den andre frasen har korrekt bøyning av adjektivet og kjernen:

*alle (M)forskjellige gruppene h0690, B1*

I eitt tilfelle blir det brukt inkjekjønnsforma til adjektivet der det ikkje skal vera *-t*:

*raskt avgjørelse h0710, B1*

På B1+ er situasjonen omvendt: 7/10 er det dei førestilte artiklane som manglar, og resten er ubestemt eintal. Adjektivbøyning manglar i éin av frasane. Dobbelt bestemming manglar i 1/7. Det mest framgåande er at i 5/6 står substantivet i bestemt form.

På B2 er 7/13 i ubestemt eintal, 4/13 bestemt eintal og 2/13 bestemt fleirtal. I 2/13 er adjektivet ubøygd. 1/13 manglar både determinativ og den etterhende artikkelen. Éin frase skil seg ut:

*enkeltens behov h0137, B2*

Fraseoppbygginga kan tolkast slik: enkelt+en+s behov.

På B2+ er 4/8 eintal ubestemt. Éin av dei fire er noko spesiell:

*hardt arbeidslivet h0194, B2+*

Her ser me at innlæraren blandar den ubestemte forma av adjektivet med det bestemte substantivet. Det er 3/8 i bestemt form, alle med bestemt kjerne, t.d.:

*nye holdningene h0097, B2+*

2/8 har feil adjektivbøyning: den eine manglar bestemt form, mens den andre har overflødig -t (inkjekjønnssubstantivet er bestemt). Korreksjonen til éin av frasane på dette nivået føreslår *sin* som det manglende determinativet:

*store innsats h0037, B2*

På C1 manglar det ubestemt artikkel i 4/7. 2/7 manglar førestilt bestemt artikkel: éin inkjekjønn og ein fleirtal. Her er det òg éin korreksjon med *sin*. Eitt adjektiv manglar bestemt bøyning. Igjen er substantivet i den bestemte frasen bøygð og manglar kun førestilt artikkel.

Nå skal me sjå på dei to hovudtypane manglende determinativ: ubestemt og bestemt artikkel.




Diagram 4:2 Tal på manglende ubestemt og bestemt artikkel, absolutte tal \*sin er utelatt

Talet på manglende ubestemt artikkel går ned med nivå, mens når det gjeld førestilt bestemt, er det vanskeleg å seia noko konkret.

Det som overraskar mest i dette datamaterialet, er at av dei frasane som skal ha dobbel bestemming, er det 14/16 som har den etterhengde bestemte artikkelen. I tillegg er det 11/16

som har korrekt adjektivbøyning slik at det einaste dei manglar er determinativ. Det er kun 2/16 som manglar den etterhengte artikkelen. Funna kan gi støtte til at nokre innlærarar har lært at den bestemte artikkelen blir realisert som bøyingsending i norsk, som eg har skissert i avsnittet om dobbel bestemming. Her trengs det likevel mykje grundigare undersøkingar med t.d. djupneintervju for å stadfesta at det er tilfelle.

Det er like mange førekommstar med manglande determinativ på B1 og B1+. Likevel er dei veldig forskjellige. På B1 er det stort sett dei ubestemte artiklane som manglar, mens på B1+ er det dei bestemte artiklane som ikkje er der, men dei aller fleste kjernene er bestemte. Tendensen til at det blir færre feil av begge typane begynner først på B2+.

### **Overflødig determinativ i frasar av typen **det + adj + subst****

I dette avsnittet vil eg hovudsakleg undersøka frasar der berre artikkelen var overflødig og ingen andre endringar var naudsynte, t.d. eintal>fleirtal. I følgande døme vil dei fleste vera einige i at determinativet ikkje skal vera der:

*I det siste har Norge fått flere utlendinger i **de** forskjellige yrker, mest inne det helsepersonell og ingeniører (...) h0115, B1*

*Men det finnes også **de** negative sider. h0091, B1+*

Døme på frasar har eg utelukka:

h0690, B1

517388 Nedenfor vil jeg prøve å finne forklaringen **til** dette, hva er **det** årsakene til mange foreldre ønsker å sende barne sine til **en privat skole** og **diskuterer** hvordan myndighetene bør forholde seg til dette spørsmålet.

Nedenfor vil jeg prøve å finne forklaringen **på** dette, hva **som** er årsakene til **at** mange foreldre ønsker å sende barne sine til **private skoler** og **diskutere** hvordan myndighetene bør forholde seg til dette spørsmålet.

Korreksjonen i korpuset er *private skoler*, altså frå eintal til fleirtal. Her er det ytterlegare endringar som må til for at frasen skal vera korrekt ift. konteksten. Denne frasen kategoriserte eg som korrekt i hovudsøket då det var dei fraseinterne tilhøva som var i fokus der.

I denne frasen er heller ikke berre artikkelen som blei tagga som overflødig. I tillegg blei det særskrivingsfeil og korrigert til fleirtal:

h0199, B1+

143927 Et enkelt menneske må forstå at det er mye som kan gjøres for å få det bedre både med seg selv og omgivelsene.  
Enkeltmennesker må forstå at det er mye som kan gjøres for å få det bedre både med seg selv og omgivelsene.

På grunn av at eg har valt å undersøka frasar der kun den førestilte artikkelen var overflødig og ingen andre endringar var naudsynte, måtte eg utelukka øg desse to:

h0068, B2

45836 I framtiden kan netthandelen føre til Sannsynligvis, kan netthandelen i fremtiden føre til den øke høyere arbeidslegheten .  
I framtiden kan netthandelen føre til Sannsynligvis, kan netthandelen i fremtiden føre til øke høyere arbeidsledighet .

h0211, B2+

153831 Målet ved byplanlegging er den varige utviklingen og forbedringen av bystrukturen og byens samfunn.  
Målet med byplanlegging er varig utvikling og forbedring av bystrukturen og byens samfunn.

Endringa som blei føreslått i begge tilfella var bestemt>ubestemt. Frasane er interessante fordi dei er bøygde heilt korrekt fraseinternt, men burde ha vore i ubestemt form. Grunnen til dette kan vera at B2-kandidatane meistrar samsvarsbøyninga i norsk, men det kan fortsatt vera utfordrande å vita når ein skal bruka ubestemt og bestemt form.

Etter at nokre av treffa blei utelukka, er det 13 frasar som oppfyller vilkåret om overflødig artikkel.

	B1	B1+	B2	B2+	C1	sum
totalt	1	3	3	4	1	12

Tabell 4:7 Overflødig determinativ i utbygde frasar, tal

Følgande treff blir undersøkte:

kontekst	frase	kontekst	tekstid	CEFR
1 Norge fikk flere utlendinger i	<b>de forskjellige yrker</b>	, mest ikke det helsepersonell og ingen	h0115	B1
2 i måte. Men det finnes også	<b>de negative sider</b>	. Mennesker som bor i store byer har ofte	h0091	B1+
3 for en grunn og hvis dette har	<b>en stor betydning</b>	for det hele, det er enda bedre. Å markere	h0073	B1+
4 og prøve kommunisere med	<b>de norske folk</b>	. Derfor er det viktig å lære norsk. Utelukkende	h0107	B1+
5 endelen sveker og reduserer i	<b>en stor grad</b>	mellommenneskelige kontakter. Særlig	h0028	B2
6 utnytter netthandelsmetoden	<b>en økonomisk viss</b>	. Sammenlignet med den tradisjonelle	h0020	B2
7 som unge og friske. Selv for	<b>det hele samfunnet</b>	livslang læring er en middel til å bekjempe	h0137	B2
8 i samfunnet, så at jeg kan ha	<b>en god samvittighet</b>	Jeg bruker tog, kollektivtransport og ikke	h0211	B2+
9 nesten billigere. Man har ei	<b>en god mulighet</b>	til å reise. Istedetfor å betale mye penge	h0211	B2+
10 fakt er de enslige som bruker	<b>en høyere del</b>	av lønnen for å dekke renteutgifter. I tillegg	h0069	B2+
11 og sangene var selvfølgelig	<b>en muntlig form</b>	. Den muntlige tonen ønsket de, som ville	h0194	B2+
12 barn som kommer til Norge i	<b>en ung alder</b>	klarer seg vanligvis fint da det er lett for	h0603	C1

Tabell 4:8 Overflødig det + adj + subst, treffa

Tabellane ovanfor viser to ting. For det første er det generelt færre førekomstar av overflødig determinativ enn manglande. For det andre er sjølve genustildelinga og samsvarsbøyingen i dei aller fleste tilfella korrekt, og dette gjeld alle nivåa. Dei grøne radene er døme på frasar i eintal med førestilt adjektiv som normalt ikkje skal ha ubestemt artikkel. Det kandidatane skriv er ikkje direkte feil — dei samsvarsbøyer jo determinativet og adjektivet. Det er berre ikkje idiomatisk. Dei gule er døme på frasar der det blir direkte feil å bruka det determinativet kandidatane har valt: i 1, 2, 4 er substantiva i ubestemt fleirtal som kandidatane uttrykker. Dei bestemte artiklane er overflødige. I 7 er det ikkje ledige felt føre *hele* som står til eit substantiv i norsk (engelsk: the whole society).

Her ser me klart at gult dominerer, særleg på nivå B1. Ut ifrå dei få døma kan det forsiktig tolkast slik at kandidatane på B1 ennå ikkje har kontroll på når dei skal bruka dei førestilte bestemte artiklane. Eg tolkar dei grøne døma slik at kandidatane veit korleis frasane skal sjå ut formelt: Dei samsvarsbøyer frasane korrekt, og dei har forstått at hovudregelen i norsk er at ein må bruka førestilt artikkel når eit substantiv er modifisert av eit adjektiv. Døma i tabellen

viser at dei overgeneraliserer og «sikrar seg», òg i tilfelle der det ikkje er idiomatisk å bruka artikkel, som i t.d. ha god/dårleg samvit, i ung alder, o.l.

#### 4.2.3. Oppsummering — utbygde frasar 1

Funna i dette søket viser at det er visse forskjellar mellom nivåa. Talet på den undersøkte frasetypen i hovudsøket aukar med rammeverksnivå. Det er generelt lite feil i frasane, og feilprosenten går ned med nivå. Samtidig blir det òg færre frasar der den ubestemte artikkelen manglar. Det er òg mogleg å sjå ein viss tendens til at frå og med B2 aukar òg talet på frasar som ikkje skal ha ubestemt artikkel, sjølv om dei består av adjektiv og substantiv. Det kan tyda på at innlærarar på dette nivået meistrar hovudregelen og set inn ubestemt artikkel der ein førstespråksbrukar ikkje hadde gjort det. Eit anna trekk ein må merka seg, er at det generelt er færre frasar med overflødig determinativ enn manglande.

Ut ifrå den totale feilprosenten i hovudsøket ser eg tre utviklingssteg: B1 som det nivået med størst prosenttal på feil, B1+ og B2 som eit mellomnivå og B2+ og C1 der feil førekjem sjeldan. Feil i determinativtildeling følger den same inndelinga, feil i adjektivbøyning kan òg seiast det same om. Manglande dobbel bestemming bryt med det. Her er det mykje større prosenttal med feil, dei to lågaste nivåa ser ut til å vera tilnærma like. Sjølv om det er nedgang frå B1+ til B2, går ikkje talet ned ytterlegare i dette datamaterialet.

### 4.3. Utbygde substantivfrasar 2

Etter at eg utelukka treff som hadde blitt tagga feil, fekk eg 291 frasar i dei 110 tekstane i studien. I ASK er det den utvida definisjonen av adjektiv som gjeld og som eg har vore inne på i [3.2.2.](#). I dette søket tyder det at òg frasar med delkvantorar som vanlegvis står i det definittmarkerande feltet (jf. tabell [4:2](#)), står på trefflista. Her får eg i utgangspunktet fleire frasar enn om eg hadde avgrensa dette søket til å kun gjelda adjektiv som gir uttrykk for eigenskapar ved kjernen og står i beskrivarfeltet. I grove trekk er frasar med to adjektiv før kjernen langt mindre frekvente enn med determinativ og adjektiv sjølv når den vide adjektivdefinisjonen blir brukt.

	B1	B1+	B2	B2+	C1	sum
totalt frasar	43	49	49	79	71	291
feil totalt	14	12	12	9	8	55
%	33 %	24 %	24 %	11 %	11 %	19 %

Tabell 4:9 Utbygd frasar 2, totalt og feil

Tekstane på dei to høgaste nivåaa innehold fleire frasar, og det er over 60% økning frå B2 til B2+.

Diagram 4:3 illusterer den stegvise nedgangen i feilprosenten:




Diagram 4:3 Feilprosent i utbygd frasar 2, prosent

Det blir fleire og fleire korrekte frasar, og me kan sjå tre nivå her: først B1, så B1+ og B2 og til slutt B2+ og C1. Feilprosenten her er noko høgare enn i det første søket, særleg for dei tre lågaste nivåa, men sidan dette søket som sagt er mykje meir heterogent, skal eg sjå nærmare på feil i ulike typar frasar kvar for seg. Dei ulike feiltypane tar ofte utgangspunkt i ulike tal på frasar og blir dermed framstilt i ulike avsnitt og ikkje samla slik det var tilfelle i det første søket, som var meir homogent med tanke på typar og talet på adledd til substantivkjernen. Følgande vil bli omtalt nedanfor: hovudtypar frasar i søket, utbygd substantivfrasar i forfeltet, sideordning i frasane og feil i frasane.

Før eg ser nærmare på kva innlærarar gjer feil når det står to adjektiv før kjernen, vil eg seia nokre ord om kva typar frasar dette søker finn fram. Dette søker gir følgande to hovudtypar frasar når det gjeld utbygging før kjernen: to adjektiv før kjernen med og utan synleg sideordning:

- *adj konj/komma adj subst*

*små og store saker h0009*

I denne kategorien finst frasar som inneheld konjunksjonane *og*, *både* og *eller* og/eller *komma*.

- *adj adj subst*

Denne hovudtypen har nokre undertypar. Som eg har nemnt i 3.2.2., blir delkvantorane rekna som adjektiv i korpuset, og dermed er frasar med mange/mye/få/lite/litt med på trefflista:  
*mange unge mennesker h0073*

Tilfelle der det kan diskuterast om det første adjektivet modifiserer både det andre adjektivet og kjernen, er med her:

*alvorlige psykiske problemer h0131*

I denne sekken hamnar substantivfrasar med utbygd adjektivfrase, sidan korpuset ikkje skil mellom desse typane. I dette dømet er det adjektivfrasen som er utbygd:

*veldig stort ansvar h0019*

Som eit overordna trekk minner eg om at sidan søkeruttryket er opent både til venstre og høgre for seg (sjå 4.1.2.), får eg òg frasar med ubestemte og bestemte artiklar og possessiv/genitiv her. Blant treffa i dette søker er det ingen etterstilte possessiv å finna. Adjektiva i frasane med determinativ kan òg vera sideordna med konjunksjon, komma eller ingenting. I det første dømet ser me igjen at korpuset ikkje skil mellom to sidestilte adjektivfrasar og ein adjektivfrase med adledd slik det er tilfelle i *helt annerledes*:

*det adj (konj/komma) adj subst*

*en helt annerledes opplevelse h0436*

*barnets fysisk og psykisk helse h0603  
den dårlige økonomiske situasjonen i Tyskland h0219*

Heller ikkje i dette søket fokuserer eg på adledd som ikkje blir samsvarsbøygde. Det er likevel verdt å nemna at det stort sett er relativsetningar og preposisjonsfrasar som er å finna:

*flere forskjellige årsaker som fører til at mange ønsker å komme på TV h0705  
veldig mange gode eksempler på familier hvor begge både mann og kvinne er i arbeider h0292*

Det førekjem òg infinitivkonstruksjonar:

*fortere og lettere måte å handle på h0068, B2*

#### 4.3.1. Utbygde substantivfrasar 2 i forfeltet

Når eg ser på kor i setningane dei utbygde frasane er plasserte, viser det seg at det kun er nokre få frasar i forfeltet.

	B1	B1+	B2	B2+	C1
totalt frasar	43	49	49	79	71
<b>før det finitte verbet</b>	7	6	7	7	6
<b>%</b>	16 %	12 %	14 %	9 %	8 %

Tabell 4:10 Utbygde substantivfrasar 2 i forfeltet

Tendensen her er synkande med nivå. Norskinnlærarar plasserer altså dei fleste utbygde frasane i sluttfeltet. Her har eg ikkje sjekka forfeltsplasserte leddsetningar eller føretatt nokon fullstendig feltanalyse, men det kan verka som setningane stort sett er baktunge. I det første søket stod fleire av frasane i forfeltet (jf. tabell 4:4). Her er òg forholdet mellom B1 og C1 motsett: B1 har prosentvis dobbelt så mykje av utbygde frasar som C1. Likevel blir det vanskeleg å seia noko utan å gjennomføra ein detaljert analyse av kvar enkelt tekst.

#### 4.3.2. Sideordning i frasane

Å sjå nærmare på frasane med sideordning er interessant av to grunnar. For det første er det ein måte å pakka meir informasjon inn i substantivfrasar (og i andre frasar) på. I 2.2.1. var eg inne på at Rammeverket predikerer at B2-kompetansen inneber å kunna skriva detaljerte tekstar. Fleire utbygde frasar både med eitt og to adjektiv kan bli sett på som eit teikn på at

tekstane blir meir detaljerte. For det andre er det i slike frasar to adjektiv som skal bøyast, og derfor òg gir slike frasar betre høve til å sjå korleis adjektiva blir bøygd.

I tabellen nedanfor viser eg talet på frasar med synleg sideordning: anten ved hjelp av konjunksjon eller komma.

	<b>B1</b>	<b>B1+</b>	<b>B2</b>	<b>B2+</b>	<b>C1</b>
totalt frasar	43	49	49	79	71
<b>frasar med sideordning</b>	<b>8</b>	<b>10</b>	<b>20</b>	<b>24</b>	<b>29</b>
%	19 %	20 %	41 %	30 %	41 %
og	6	7	16	19	23
både og	2	2	4	2	5
eller	0	0	0	2	0
komma	0	2	1	4	1

Tabell 4:11 Sideordning før kjerne i utbygde frasar 2

Når me ser på den prosentvise delen av frasar med sideordning, er det eit skilje som går mellom **B1-nivåa** og **B2- og C1-nivåa**. Det er dobbelt så mykje sideordning på B2 samanlikna med B1 og B1+. Det er definitivt konjunksjonen *og* som er den mest brukte, *både og* dukkar opp på alle nivåa, mens *eller* er kun å finna på B2+. Det er *og* som dominerer på alle nivå. Me kan òg sjå ein viss tendens til at variasjonen aukar med nivå. Nokre få av frasane består av fleire enn to sideordna adjektiv, og der bruker innlærarane komma til å skilja dei to første og konjunksjon før det siste:

*en veldig viktig, ansvarlig og tung jobb h0107, B1+  
gode, spennende, kreative og omsorgsfulle lærere h0060, B2+*

Nokre få gongar blir både konjunksjon og komma brukt:

*kaotisk, og respektløs og umoralsk samfunn h0031, B2  
flinke , eller svake elever h0060, B2+*

### 4.3.3. Feil i frasane

Det er slåande øg i dette søker kor lite feil det er å finna generelt. Ca. halvparten av frasane i dette søker uttrykker ubestemt fleirtal. Ifølge Greenberg er det substantiva i eintal som er dei mest frekvente i løpende tekst (både skrift og tale) samanlikna med substantiva i fleirtal (i Berggreen og Tenfjord 1999: 75). Det kan godt vera at nakne substantivkjernar eller kun med ubestemt eller bestemt artikkel dominerer elles i tekstane eg undersøker, men blant frasar med to adjektiv er det fleirtalsfrasane som det er flest av. Det at det er så mange frasar av éin type ,gir høve til å undersøka om innlærarane klarer å ta dei morfologiske konsekvensane av at substantivkjernane er i fleirtal.

### Samsvarsbøyning i fleirtal ubestemt

	B1	B1+	B2	B2+	C1	sum
totalt frasar	43	49	49	79	71	291
fleirtal ubestemt	19	32	28	38	29	146
fleirtal ubestemt ift. totalt frasar	44 %	65 %	57 %	48 %	41 %	50 %
feil i substantivbøyning	2	2	1	0	1	
%	11 %	6 %	4 %	0 %	3 %	
feil i adjektivbøyning	0	1	1	0	1	
%	0 %	3 %	4 %	0 %	3 %	

Tabell 4:12 Oversikt over feil i frasar i ubestemt fleirtal

Det finst mange døme på korrekt bøygde substantiv i ubestemt fleirtal på alle nivåa. Det finst nokre vellykka døme på rett bøyning av sterke inkjekjønn på B1+:

mange forskjelige tilbud her som gjelder skole, jobb eller fritid h0078, B1+  
mange forskjellige land h0107, B1+

Feil i sterke inkjekjønn førekjem éin gong:

*moderne og mest effektive flyer h0099, B1*

Substantivet *lærer* dukkar opp feilbøygd to gongar:

*veldig gode lærer h0651, B1*

*stadig færre og færre lærer rundt oss h0029, B1+*

Med såpass mange substantivfrasar i fleirtal kan me konkludera med at det er sporadiske feil, som for det meste førekjem i substantiv med uregelrett böying. Feilprosenten er låg og går ned med nivå.

Feil i adjektivböying i denne typen frasar førekjem heller nesten ikkje. Følgande tre adjektivfeil i fleirtal finst i heile datamaterialet:

*Økende borgarlig krav til det offentlig h0142, B1+  
sosialt og økonomisk fordeler og ulemper h0085, B2  
så mange nye alternativ aktivitetar for barn h0436, C1*

Her forventa eg fleire ubøygde former. Det meste overraskande er kanskje at heller ikkje på det lågaste nivået i materialet finn me døme på fleirtalsfrasar der innlæraren ikkje bøyer adjektiva rett. Me finn derimot mange døme på heilt korrekt böying:

*mange unge mennesker h0705, B1  
både positive og negative sider h0272, B1*

Grunnen til at det er så lite feil når substantivfrasen skal uttrykka ubestemt fleirtal, kan vera at det ikkje blir brukt artiklar, dei fleste substantiva får -er uavhengig av genus og dei fleste adjektiva får -e. Her er sjangsen for å gjera feil rett og slett minst.

Delkvantorane er frekvente i datamaterialet og kan stå i ulike felt i Hagen sitt substantivfraseskjema, som eg har vist i tabell 4:2.

	B1	B1+	B2	B2+	C1
totalt frasar	43	49	49	79	71
<b>mange/mye /få/lite/litt</b>	<b>22</b>	<b>26</b>	<b>17</b>	<b>36</b>	<b>26</b>
%	51 %	53 %	35 %	46 %	37 %
feil	3	3	1	1	0
<b>% feil</b>	<b>14 %</b>	<b>12 %</b>	<b>6 %</b>	<b>3 %</b>	<b>0 %</b>

Tabell 4:13 Mange, mye, få, lite, litt i utbygde frasar 2

Kandidatane på B2- og C1-nivå brukar lemmaa minst, men eg ser ikkje nivåforskjellane som særleg store. Det er derimot tydeleg at feilfrekvensen går ned jo høgare nivå, sjølv om det i

utgangspunktet er få feil. Innlærarane gjer aldri feil når dei bruker *mykje* i samband med gradbøyning:

*i mye større grad h0638, C1*

Problemet her verkar til å vera at kandidatane ikkje har heilt kontroll på kva for lemma som skal brukast i det definittmarkerte feltet saman med tellelege og utellelege substantiv:

*veldig mye ting ved kjendiser som er både positive og negative h0694, B1  
stadig mer og mer ganske unge arbeidsledige mennesker som ønsker seg å få trygd h0127,  
B1+  
bedre og mere lærere h0054, B2  
mer og mer kvinner som arbeider utenfor hjemmet h0109, B2+*

I dette avsnittet har eg undersøkt kun frasar som består av to adjektiv og kjerne. Sidan frasane som uttrykker fleirtal ubestemt blei skilt ut i ein eigen seksjon, vil alle dei resterande avsnitta ikkje ta med denne frasetypen. I det følgande ser eg på frasar med førestilt artikkel, to adjektiv og substantiv og sjekkar om innlærarane dobbeltbestemmer substantivet.

### Manglande dobbel bestemming

Dette avsnittet tar utgangspunkt i frasar der innlærarane valte å ha med førestilt bestemt artikkel, men lot vera å dobbeltbestemma substantivet.

I det første søket var det mogleg å sjå ein tendens: tekstane på B2 og oppover inneheld ca. 50% færre frasar der den etterhengde bestemte artikkelen manglar. Det er langt færre frasar i dette søker med bestemt artikkel og to adjektiv før kjernen, samanlikna med utbygde frasar 1. Her er det få frasar med førestilt bestemt artikkel og få feil, men høg feilprosent.

	B1	B1+	B2	B2+	C1	sum
totalt frasar	43	49	49	79	71	291
<b>frasar med bestemt artikkel /obligatorisk dobbel bes</b>	<b>6</b>	<b>3</b>	<b>3</b>	<b>12</b>	<b>7</b>	<b>31</b>
<b>manglande dobbeltbestemming</b>	<b>1</b>	<b>1</b>	<b>1</b>	<b>4</b>	<b>2</b>	
<b>% feil</b>	<b>17 %</b>	<b>33 %</b>	<b>33 %</b>	<b>33 %</b>	<b>29 %</b>	

Tabell 4:14 Manglande dobbel bestemming i utbygde frasar 2

Dermed har eg valt å slå saman dataa frå begge søka:

<b>obligatorisk dobbel bestemming</b>	52	49	73	95	97
<b>manglende dobbel bestemming</b>	16	18	13	15	14
<b>feil dobbel bestemming %</b>	31 %	37 %	18 %	16 %	14 %

Tabell 4:15 Obligatorisk dobbel bestemming og manglende etterhengt artikkel samla i utbygde frasar 1 og 2.

Tendensen er fortsatt slik han var i det første søkeret: Over 30% av frasane på B1 og B1+ manglar dobbel bestemming. Denne feilen kan seiast å vera halvert i dei høgare nivå, og sjølv om innlærarane på B2-C1 nærmar seg målspråkslik kompetanse, er det fortsatt ein god del frasar med manglende etterhengt artikkel. Sørland skriv at «konstruksjonar med dobbel bestemming ser ut til sitje langt inne trass i at dei er vanlege i innfødd språkbruk» (2010: 87), for han fann ingen frasar som hadde førestilt demonstrativ og etterhengd bestemt artikkel.

#### Manglende determinativ i frasar av typen **det + adj + subst**

	B1	B1+	B2	B2+	C1
totalt frasar	43	49	49	79	71
<b>frasar med obligatorisk determinativ</b>	13	13	14	29	30
<b>determinativ manglar</b>	3	3	3	0	2
<b>%</b>	<b>23 %</b>	<b>23 %</b>	<b>21 %</b>	<b>0 %</b>	<b>7 %</b>

Tabell 4:16 Manglende determinativ i frasar av typen **det + adj + subst** i utbygde frasar 2.

I dei aller fleste tillfella er det den ubestemte artikkelen føre beskrivande adjektiv som manglar:

*fortere og lettere måte å handle på h0068, B2*

Det er få frasar med obligatorisk artikkel og få feil. Prosentvis ser me at det er først på B2+ og C1 at feiltypen blir redusert til få førekommstar ift. talet på frasar. Ein liknande tendens var å sjå i det første søkeret.

## Feil determinativ

I dei frasane som har determinativ, dvs. frasar med obligatorisk determinativ minus frasar med manglande determinativ, er det få feil i tildelinga av artikkel.

	B1	B1+	B2	B2+	C1
frasar med determinativ	10	10	11	29	28
feil determinativ	1	2	1	1	1
% feil	10 %	20 %	9 %	3 %	4 %

Tabell 4:17 Oversikt over feil i determinativtildelig

Her òg er det få frasar og få feil. Tendensen er at kandidatane bruker hankjønn istadenfor inkjekjønn. Funna kan sjå ut til å samsvara med Ragnhildstveit (2009) si forsking om at hankjønn blir brukt som defaultgenus:

*en stor godt nettverk med andre ledere og bedrifter/organisasjoner styrer h0710, B1*

*en veldig viktig verktøy h0174, B1+*

*en veldig stor ansvar h0021, B1+*

*en helt annerledes arbeidsmarked h0068, B2*

*En riktig og fullstendig kosthold h0188, B2+*

*en utslitt, kommunistisk slogan h0559, C1*

Det er vanskeleg å seia om adjektiva blir samsvarsbøygde, då 5 av dei 6 døma ikkje hadde fått *-t* uansett.

## Feil i adjektivbøyning

Sidan fleirtalsfrasane har blitt omtalte i eit eige avsnitt, gjeld denne feiltypen kun feil i dei resterande frasane.

	<b>B1</b>	<b>B1+</b>	<b>B2</b>	<b>B2+</b>	<b>C1</b>
totalt frasar	43	49	49	79	71
fleirtal ubestemt	<b>22</b>	<b>33</b>	<b>31</b>	<b>42</b>	<b>33</b>
resterande frasar	<b>21</b>	<b>16</b>	<b>18</b>	<b>37</b>	<b>38</b>
<b>feil adj.bøy</b>	4	2	3	2	2
<b>% feil</b>	19 %	13 %	17 %	5 %	5 %
<b>feil i adledd i adjektivfraser</b>	2	1	1	1	0
<b>% feil</b>	10 %	6 %	6 %	3 %	0 %

Tabell 4:18 Oversikt over feil i adjektivbøyning i utbygde frasar 2

Som i oversiktstabellen for dette søket ([tabell 4:9](#)), ser ut til at skiljet går mellom B2 og B2+ når det gjeld adjektivkjernar som blir bøygd feil. I avsnittet om adledd i adjektivfrasen som modifiserer ein substantivfrase, er det ein hovudregel i norsk at adjektivet som står til adjektivkjernen får inkjekjønsbøyning. Det er totalt sju adjektiv som står til ein adjektivkjerne og manglar inkjekjønnsbøyning. Med så få feil er det ikkje mogleg å seia noko om nivåforskjellane, men det er interessant å sjå kva som er feil:

*relativ kort tid h0283, B1*

*kulturel betinget mening om at det er mannen som må ha høyere lønn og forsørge familie.  
h0292, B1*

*en enorm god komunikasjon i verden. h0176 B1+*

*en god betalt jobb h0085, B2*

Dei første fire frasane manglar inkjekjønnsbøyning i det underordna adjektivet i adjektivfrasen. Som Jin og Eide (2015: 309) påpeiker «er det vanskelig å avgjøre om overforbruk av nullendingen skal tolkes som *utelatt* ending, eller som feil ending». Adjektiva er morfologisk like. Dette er tilfelle òg i døma nedanfor. I dei tre resterande frasane ser me at dei underordna adjektiva er bøygd på same måte som adjektivkjernane:

*stadige nye naboer å forholde seg til h0083, B2* (Dette dømet høyrer eigentleg til frasar med fleirtal ubestemt og er ikkje med i tabellen ovanfor.)

*veldig mange sværte politiske viser og sanger om den politiske ustabiliteten i landet som eksisterte i løpet av mange år. h0194, B2+* (Dette dømet høyrer eigentleg til frasar med fleirtal ubestemt og er ikkje med i tabellen ovanfor.)

*Hennes meste kjente bok h0130 B2+*

Det er som sagt for få døme for å gi eit meir konkret svar. Likevel kan ein lura på om det er ein generell tendens til at norskinnlærarar på dei lågaste nivåa overbruker nullendinga, mens på dei høgare overbruker dei -e-endinga. I undersøkinga til Jin og Eide (2015: 312) var dette òg ein tendens at i frasane til dei minst målspråkslike førstespråksgruppene var det nullendinga som blei overforbrukt.

Når det gjeld typar forsterkande adverb som blir brukt, er *veldig* og *stadig* dei mest frekvente. Andre dukkar opp for det meste enkeltvis.

### **Feil i frasar med førestilte possessiv**

I det første søket var fleire frasar med førestilt possessiv (jf. tabell 4:6). Blant resultata i dette søket fann eg kun to frasar med førestilt possessiv/genitiv:

*Hennes meste kjente bok h0130, B2+*  
*barnets fysisk og psykisk helse h0603, C1*

Ingen av dei er feilfrie. Det dei har til felles, er at dei er å finna i tekstane som blei vurderte til å vera på høgt nivå. Me har to typar feil her. Den første kan vera ei generalisering: kandidaten veit at adjektivet *kjent* skal stå i bestemt form og derfor får *mest* òg bestemt bøyning. Forsterkaren *mest* modifiserer først og fremst adjektivkjernen, og står ikkje direkte til substantivkjernen. I det andre dømet ser me at det motsette er tilfelle sidan begge adjektiva må stå i bestemt form mellom genitivet og kjernen: *barnets fysiske og psykiske helse*, slik det er tilfelle når frasen har eit førestilt possessiv.

### **Feil rekkefølge**

Siden søka mine definerer kva typar frasar eg undersøker og kva rekkefølge adledda førekjem i, er ikkje feil rekkefølge som feiltype i fokus i denne oppgåva. Moglege treff kan kun gå ut på feil plassering av adjektiva i forhold til kvarandre og eventuelt adledda som blir plasserte til venstre eller høgre for søkeuttrykket. I likskap med Lie (1993: 30) har eg ikkje funne døme på at innlærarane plasserer modifiserande adverb etter adjektivet. Eg fann kun to døme på feil adleddrekkefølge i dette datamaterialet:

*det hele norske samfunnet h0568, B1*  
*de både positive og negative sider ved storbylivet h0091, B1+*

Den bestemte artikkelen i det første dømet her blei tagga som overflødig i ASK. Det kan diskuterast om det er rekkefølgen som er feil eller om artikkelen bør sjåast på som overflødig. I materialet mitt er dette feil rekkefølge, men rett samsvarsbøyning.

Frasen som eg har brukt i tittelen på denne masteroppgåva er interessant fordi han viser at kandidaten plasserer *hele* i beskrivarfeltet og ikkje i feltet for totalitetskvantifiserande adledd:

TOT.	DEF.	DEL.	BESK.	KJERNE	POSS.	LOK.	SETNINGSALEDD
				hele	<b>samfunnet</b>		

Hagen (1998: 214) klassifiserer *hele* som totalkvantor, mens i *Norsk referansegrammatikk* er heil eit adjektiv som kan fungera som kvantor (Faarlund, Lie og Vannebo 1997: 218-219, 301). Viss me plasserer *hele* i det totalitetskvantifiserande feltet, ser me at det ikkje er plass til artikkelen heilt i starten av frasen.

TOT.	DEF.	DEL.	BESK.	KJERNE	POSS.	LOK.	SETNINGSALEDD
				hele	<b>samfunnet</b>		

Viss ein vil ha eit adjektiv før kjernen her, må ein normalt òg ha med den bestemte artikkelen:

TOT.	DEF.	DEL.	BESK.	KJERNE	POSS.	LOK.	SETNINGSALEDD
				hele	det	norske	<b>samfunnet</b>

I det andre dømet plasserer innlæraren den bestemte artikkelen før konjunksjonen:

TOT.	DEF.	DEL.	BESK.	KJERNE	POSS.	LOK.	SETNINGSALEDD
			de	både positive og negative	<b>sider</b>	ved storby- livet	

Kandidaten sideordnar dei to adjektivfrasane på same måte som om det var konjunksjonen *og* hen hadde brukt: *de positive og negative sidene ved storbylivet*. Korreksjonen i ASK går ut på at *de* og *både* byter plass og substantivet får bestemt form. På denne måten får me to sideordna substantivfrasar der den første kjernen er sløyfa, sidan han er lik den andre:

TOT.	DEF.	DEL.	BESK.	<b>KJERNE</b>	POSS.	LOK.	SETNINGSADLEDD
	de		positive	<b>sidene</b>		ved storby- livet	

TOT.	DEF.	DEL.	BESK.	<b>KJERNE</b>	POSS.	LOK.	SETNINGSADLEDD
	de		negative	<b>sidene</b>		ved storby- livet	

#### 4.3.4. Oppsummering — utbygde frasar 2

I likskap med det første søker kan me sjå tre utviklingssteg når det gjeld det prosentvise talet på feil. Igjen er det B1 som står for seg sjølv, B1+ og B2 er eit mellomnivå, og det er heller ingen forskjell mellom B2+ og C1 i dette søker.

Fleire og fleire av adjektivfrasane som modifiserer substantivkjernane, blir meir utbygde ved hjelp av sideordning i beskrivarfeltet. Variasjonen i bruken av konjunksjon i frasane verkar òg til å auka. Her kan me skilja ut to steg i utviklinga: B1—B1+ og B2—C1.

Basert på dette søker kan ein slå fast at innlærarane meistrar ubestemt fleirtalsbøyning, både når det gjeld substantiv og adjektiv. Feil førekjem sporadisk og kun i substantiv med uregelrett bøyning. Det verkar som adjektivbøyning i fleirtal ubestemt er eit trekk som kandidatane på alle nivåa meistrar veldig godt. Feil kan førekomma ved uregelrette ord.

På nivå B1 og B1+ kan ein sjå teikn til at det er nokre problem med tildelinga av delkvantorane til tellelege og utellelege substantiv.

Når det gjeld frasar med manglende determinativ, er dei tre første nivåa tilnærma like. Det er interessant at mens me ser at feilprosenten gradvis går ned i nokre av dei andre tabellane og diagramma, er det eit hopp her frå 23% og 21% til 0 og 7% jf. tabell 4.16.

#### 4.4. Oppsummering — funna i ASK

Det må understrekast enda ein gong at avgrensinga av datamaterialet og valet av mindre frekvente frasetypar gjer resultata vase. Innlærarar med norskkompetanse på B- og C-nivå har få feil i dei utbygde substantivfrasane sine. Feilfrekvensane eg har vist i dei ulike avsnitta, illustrerer nokre tendensar for substantivfrasane frå nivå B1 til C1. Mens det i det første søker var nokså jamn auke i talet på frasar og samtidig som det blei stadig færre feil, ser me ikkje den same utviklinga i det andre. Rettnok var treffa i det første mykje meir homogene. Likevel er det interessant at det er tydeleg at det er tilnærma like mange frasar med lineært to adjektiv før kjernen på dei tre lågaste nivåa, og så blir det betydeleg fleire slike frasar på dei to siste. Mens det i det første søker var 778 treff, er det ein nedgang på 62% i det totalt talet på frasar i det andre søker.

Me får sterke indikasjonar på at det er lite som skil substantivfrasane på mellomnivåa og neste heilnivå når me ser på det totale talet på frasar og feilprosentane i begge søker (jf. tabell 4:3 og 4:9). Ein kan sjå slike indikasjonar når det gjeld feil i determinativtildeling og til dels adjektivbøyning, men særleg resultata frå det andre søker må tolkast med varsemd.

Feila i manglende dobbel bestemming i begge søker blei slått saman, og det er den mest framgåande feiltypen i begge søker. Her kan ein skilja ut to nivå: B1—B1+ og B2—C1 (jf. tabell 4:15). Elles er manglende determinativ eit større problem enn overflødig determinativ.

Eit interessant trekk ved frasane i begge søker er at førestilt possessiv saman med adjektiv sjeldan blir brukt. Etterstilte possessiv i tillegg til utbygging før kjernen førekjem så å seia ikkje i det heile tatt.

Eg har òg sett på kor dei undersøkte frasane blir plasserte. Sjølv om eg ikkje har føretatt nokon fullstendig feltanalyse, indikerer tabell 4:4 og 4:10 at setningane i tekstane som utgjer

datagrunnlaget er baktunge. Baktunge setningar er vanlege i elevtekstar på barnetrinnet, mens framtunge ofte er å finna i vaksenprosa (Hognestad 2013:157). Det kan kanskje tenkast at vaksne som lærer eit nytt språk går gjennom ei slik utvikling frå liten forfeltsvariasjon, der alle setningane begynner med subjektet (SVOA), til større variasjon der nokre setningar begynner med eit adverbial (ASVO, og så AVSO) med fleire og fleire tyngre ledd i forfeltet.

#### **4.5. Svar på problemstillinga og hypotesane**

Substantivfrasar er frekvente, og som eg har skissert i 2.3.4., står innlærarar som lærer norsk i vaksen alder overfor litt av ei utfordring når dei skal produsera substantivfrasar, noko dei ikkje kjem utanom. Referansereiskapen Rammeverket gir bl.a. generelle vurderingskriterium og referansenivå til bruk for mange ulike språk, utan å spesifisera heilt konkret t.d. kva slags strukturar og bøying ein må meistra på eit gitt nivå. Takk vera prosjektet Norsk profil finst det nå nokre skalaar spesifiserte for norsk, inkludert bestemtheitsmarkering i enkle substantivfrasar. Eg har sett på substantivfrasar av den meir utbygde typen: med determinativ og eitt adjektiv, og med to adjektiv før kjernen, og eg gjekk ut ifrå at det kunne vera forskjellar å finna mellom og innad i sjølvstendig (B1, B1+, B2, B2+) og avansert nivå (C1). Problemstillinga for oppgåva var dermed som følger:

*Kva er karakteristisk for substantivfrasar i tekstar frå vaksne som lærer norsk, og er substantivfrasane systematisk ulike på ulike stadium i språktileigninga?*

Nokre av resultata viser at det er forskjellar mellom substantivfrasane på dei fem rammeverksnivåa. Datamaterialet kunne ha vore større, og det er relativt få utbygde frasar per tekst. Det lågaste nivå eg undersøkte var B1, og det hadde klart vore ein fordel å inkludera A2. Det finst tekstar vurderte til A2 i ASK, men dei blei skrivne til den andre prøva. Ericsson og Carlsen (2012) har undersøkt kvantitativt feiltypar med utgangspunkt i feikodane i ASK på heilnivå som ein del av prosjektet Norsk Profil. Dei fann ut at den største forskjellen ligg nettopp mellom A2 og B1. Det er generelt snakk om ein klar nedgang i talet på feil med nivå i denne undersøkinga, men forskjellane kan vera enda større mellom A2 og B1.

Det er fleire trekk ved substantivfrasane på dei undersøkte nivåa me kan slå fast. For det første aukar talet på frasar som består av determinativ, adjektiv og kjerne med rammeverksnivå. Eg har ikkje undersøkt om dette heng saman med at det samtidig blir færre frasar med eitt adledd, t.d. førestilt ubestemt artikkel + kjerne, eller bestemt kjerne. Det er dobbelt så mange slike frasar på det høgaste nivået samanlikna med det lågaste. Samtidig går feilprosenten ned, og frasane blir meir og meir målspråkslike. Basert på datagrunnlaget i undersøkinga kan me sjå at B1 har flest frasar med feil. Frasane på B1+ og B2 er på dette punktet tilnærma på same nivå og til slutt B2+ og C1 der ca. 90% av frasane er heilt målspråkslike (NB: eg har ignorert skrivefeil). Det er lite feil i determinativtildeliga og adjektivbøyninga, men òg her ser B1 til å skilja seg mest ut med flest feil. Ein kan dermed hevda at substantivfrasane frå og med nivå B1+ og til og med C1 er like på dette punktet. Manglande dobbel bestemming er hovudproblemet på alle nivåa, og sjølv om feilprosenten blir halvert frå og med B2, blir han ikkje redusert vidare på dei høgare nivåa.

For det andre aukar talet på frasar med to adjektiv før kjernen først på B2+ og det med eit hopp på over 60%, og dei blir meir målspråkslike samanlikna med dei lågare nivåa. Her ser me igjen B1, B1+ saman med B2 og B2+ saman med C1. Samtidig skjer ei markant fortetting av informasjon i frasane ved bruk av meir sideordning frå B2 og høgare. Datamaterialet på B2 har dobbelt så mykje sideordning på frasenivå samanlikna med B1 og B1+. Variasjonen i konjunksjonsbruken ser ut til å auka med nivå, men det er konkunksjonen *og* som dominerer på alle nivåa. Det er kun datamaterialet på B2+ som har frasar med *og*, *både og*, *eller* og *komma*. På B1 er det kun *og* og *både og* som blir brukt.

Eit anna interessant trekk ved funna er at det ser ut til at fleirtal ubestemt er noko norskinnlærarar meistrar tidleg, kanskje til og med på nivåa under det lågaste eg undersøker. Substantiv blir bøygd korrekt i dei aller fleste tilfella på alle nivåa, feil ser ut til å førekoma kun ved uregelrette substantiv, særleg på B1 og B1+. Feil i adjektivbøyning i slike frasar førekjem nesten ikkje. Kanskje blir fleirtal tileigna tidleg, for dette er noko universelt ein treng å uttrykka, til forskjell frå t.d. bestemtheit som nokre språk ikkje har.

Eit interessant funn var at der det manglar bestemt artikkel, er i dei fleste tilfella både adjektivet og substantivet bøyd korrekt. Sjølv om dobbel bestemming verkar til å vera eit vanskeleg trekk å læra ved norske substantivfrasar, viser søket på frasar med manglande determinativ at determinativet ofte er det einaste som manglar i slike frasar fordi adjektivet og kjernen står i bestemt form.

Det må òg nemnast at førestilte possessiv førekjem sjeldan saman med adjektiv før kjernen. I denne undersøkinga ser det ut til at talet på slike frasar aukar med nivå, men det var ingen på B2. Basert på frasane av denne typen med feil kan sjå ut til at denne frasetypen er vanskeleg å kategorisera då han har trekk frå både ubestemt og bestemt bøyning. Her trengst det meir systematiske undersøkingar for å slå fast noko. Heller ikkje etterstilte possessiv er å finna i frasar med førestilte adledd.

For å svara på den siste delen av problemstillinga, vil eg seia at det kan sjå ut som det er ein tendens til at dei undersøkte substantivfrasane på mellomnivåa har meir til felles med dei høgare nivåa enn dei lågare. Utgangspunktet for mellomnivåa var at dei skulle visa at tekstane vurderte til B1+ var betre enn dei på B1, men ikkje gode nok til å plasserast på B2. Denne studien viser at ein alternativ tenkemåte kanskje hadde vore mogleg: i staden for at mellomnivåa heiter A2+, B1+, og B2+, kan dei heita B1-, B2- og C1-. Dette forslaget er kun basert på at utbygde substantivfrasar (slik eg definerer dei i denne oppgåva) på mellomnivåa ser ut til å likna mykje meir på nivåa over, og ikkje under (unntatt manglande dobbel bestemming).

For å summera opp det som har blitt sagt i dette kapitlet, vil eg svara på om hypotesane er blitt svekte eller styrkte.

*H1: Generelt vil talet på utbygde substantivfrasar stige med rammeverksnivå. Det vil vera skilnad mellom B1 og B2 på dette punktet og ikkje nødvendigvis mellom B2 og C1.*

Den første delen av hypotesen er definitivt styrkt. Nå det gjeld den siste er det viktig å hugsa på at Rammeverket predikerer heilnivå (A1, A2, B1, B2, C1 og C2). Dermed er det

interessant at forskjellen i talet på utbygde frasar er størst mellom B2 og B2+. Som eg har kommentert tidlegare, har frasane i tekstane på B2+ flere fellestrek med dei på C1 både når det gjeld tal og feilprosent. Viss me ser på heilnivåa, ser det ut til at den siste delen av hypotesen er svekt. Auken er relativt liten mellom B1 og B2 samanlikna med den mellom B2 og C1 i frasar med determinativ og adjektiv før kjernen. I frasar med to adjektiv før kjernen er forskjellen i talet på frasar størst mellom heilnivåa B2 og C1. Forskjellen mellom B1 og B2 manifesterer seg mest i synleg sideordning i beskrivarfeltet. Auka tal på utbygde frasar kan gi støtte til B2-nivåbeskrivinga for skriftlege ferdigheiter i Rammeverket: «Eg kan skrive klare, detaljerte tekstar» (Utdanningsdirektoratet 2011: 35, min understreking), sjå òg 2.2.1.

*H2: Generelt vil graden av målspråkslik samsvarsbøyning av adledd i substantivfrasane auka frå B1 til C1. Graden av korrekt samsvarsbøyning vil vera eit skiljande kriterium mellom B1, B2 og C1.*

Funna i denne undersøkinga støtter prediksjonen om at graden av målspråkslik samsvarsbøyning aukar med rammeverksnivå. Frasane blir meir og meir korrekte i tillegg til at dei blir fleire (jf. H1). Oversiktsresultata viser at når det gjeld graden av målspråkslik samsvarsbøyning, er frasane på mellomnivåa like dei på neste heilnivå. Ut ifrå oversiktsresultata kan ein òg seia at graden av korrekt samsvarsbøyning er eit skiljande kriterium mellom heilnivåa, og dei kan tyda på at dei gir empirisk støtte til nivåbeskrivingane for grammatisk korrektheit.

Resultata i denne studien støtter prediksjonane i Rammeverket i stor grad. Her er det viktig å understreka at eg ikkje har utført nokon statistiske analysar. Eg har heller ikkje tatt omsyn til individuell variasjon.

I 2.2.3. har eg vist kva kriterium som ligg til grunn for vurderinga av tekstar som blir skrivne til Bergenstenen. Forskjellen såg ut til å ligga i bl. a. graden av korrektheit i frasane. Denne undersøkinga støtter dette.

Til slutt vil eg føreslå følgande nivåbeskrivingar for norske substantivfrasar med adledd før kjernen. Sjå vedlegg 6 for oversiktstabellane frå begge søka som ligg til grunn.

#### 4.6. Substantivfrasar på rammeverksnivåa — nivåbeskrivingar for norsk

Substantivfraser med adledd før kjernen — en spesifisering for norsk

C2	ingen beskrivelse foreligger
C1	Markerer samsvar korrekt. Avvik forekommer veldig sjeldent. Der det forekommer avvik, er det feil genustildelig avvikene bunner i, t.d. det viktigste faktoret
B2+	Feil i dobbeltbestemthet kan fortsatt forekomme. Har flere fraser med adledd før kjernen enn på lavere nivå. Markerer samsvar stort sett korrekt og feil forekommer sjeldent.
B2	Bruker determinativ i obligatoriske kontekster i større grad enn på lavere nivå. Feil i dobbeltbestemthet kan fortsatt forekomme. Markerer samsvar stort sett korrekt. Bygger ut adjektivfraser med sideordning oftare enn i tekstar på lavere nivå.
B1+	Gjør færre feil i dobbeltbestemthet enn på lavere nivå. Bruker ubestemt artikkel òg der det ikke er idiomatisk å gjøre det (overgeneralisering). Har bedre kontroll på både adjektivbøyning og determinativtildeling enn på lavere nivå. Dobbeltbestemthet kan mangla i ein del frasar.
B1	Det kan forekomme ein del feil i adjektivbøyning og feil determinativtildeling. Determinativet (særlig ubestemt artikkel) kan òg mangle helt. Noen ganger er determinativet overflødig. Dobbeltbestemthet kan mangla i ein del frasar.
A2+	ingen beskrivelse foreligger
A2	ingen beskrivelse foreligger
A1	ingen beskrivelse foreligger

\* Skalaen bør generaliseres med forsiktighet, og må forstås som tendenser i mitt datamateriale.

## **5. AVSLUTTANDE OPPSUMMERING**

Denne masteroppgåva er inspirert av prosjektet Norsk profil. Utgangspunktet for studien var spørsmålet om det er systematiske skilnadar i substantivfrasane på ulike rammeverksnivå. Studien hadde òg som mål å kunna seia noko om kva som er karakteristisk for substantivfrasane på rammeverksnivå og føreslå nivåbeskrivingar for substantivfrasar med samsvarsbøygde adledd. På bakgrunn av resultata i studien har eg foreslått slike beskrivingar for fem rammeverksnivå. Nivåbeskrivingane er dermed, i likskap med Norsk profil, eit bidrag til utviklinga av vurderingskriterium for norsk.

Studien viser at det generelt er lite feil på alle nivåa (B1 skil seg ut her), og det finst mange døme på feilfrie frasar, sjølv på dei lågaste nivåa. Sjølv om eg har avgrensa datamaterialet såpass mykje, ser eg det fortsatt som mogleg å generalisera. Likevel må ein vera klar over at det kan vera store individuelle forskjellar i bruken av strukturane eg granskar i studien. Foskjellane mellom nivåa er nokre gongar så små at ein kan forventa at det er andre trekk ved tekstane som påverkar vurderinga i mykje større grad på B- og C1-nivåa. Det er ikkje mogleg å gjera nokre pålitelege samalikningar med tidlegare forsking når det, så vidt eg veit, ikkje finst liknande undersøkingar som ser på substantivfrasar i lys av rammeverksnivå.

Då eg valde å inkludera mellomnivåa i tillegg til heilnivåa i undersøkinga, var eg klar over at det kunne visa seg at forskjellene ikkje var store. Nokre av forskarane i Norsk profil valte å anten sjå vekk frå mellomnivåa eller slå dei saman med heilnivåa. Likevel skil mellomnivåa seg frå heilnivåa på nokre punkt når me ser på substantivfrasane i datamaterialet og prosentvis ligg dei ofte nærmast neste heilnivå.

Det er viktig for norsklærarar som underviser vaksne, å vera klar over og ha kunnskap om kompleksiteten i norske substantivfrasar og utfordringane som kan dukka opp når innlærarar skal produsera noko meir enn nakne kjernar. Lærarhypotesen min frå innleiinga er, basert på denne undersøkinga, svekka i allfall når det gjeld B1+, B2, B2+ og C1-nivå. Det ser ut til at i mellomspråket til innlærarar på sjølvstendig og avansert nivå er lite prega av feil i utbygde substantivfrasar.

## **5.1. Metodiske vurderingar og vegen vidare**

I denne studien, som i mange andre, kan ein peika på område med forbettingspotensial. Arbeidet med ASK-korpuset har definitivt gitt meirsmak. Ein må likevel hugsa på at det ikkje berre å klikka på ein knapp og få resultat, for å sitera birettleiaren min. Ei bratt læringskurve må ein rekna med når ein ikkje har jobba med korpus før. Nå når arbeidet med masteroppgåva nærmar seg slutten, er det lettare å sjå det som kunne ha vore gjort annleis. Særleg søket på utbygde frasar 2 hadde eg løyst på ein annan måte nå. Slik eg har gjort det, er søket veldig heterogent pga. den vide adjektivdefinisjonen som korpuset bruker. Studien hadde fått meir breidde, klarare struktur og betre samanheng i 4.3. viss det hadde blitt delt opp i fleire søk med mykje meir avgrensa søkeuttrykk, slik at det var mogleg å sjå nærmare på og samanlikna fleire substantivfrasetypar kvar for seg. Søket mitt ser på fleire typar frasar under ett fordi korpuset forstår søkeuttrykket mitt lineært. Eg har prøvd å dela det opp ved å visa ulike typar trekk og feil i oversiktstabellar og kommentera nokre av frasane. Formålet med undersøkinga ser eg som oppnådd, men framstillingsmåten for søket i utbygde frasar 2 kunne blitt gjort på ein meir oversiktleg måte.

Avgrensinga av datamaterialet og valet av relativt lite frekvente substantivfrasetypar gjer resultata meir vase. Undersøkinga ville fått større verdi om ho hadde blitt supplert med individprofillar i tillegg til nivåprofilane for nettopp å visa variasjonen innad i nivåa. Det er ikkje mogleg å kontakta ASK-informantane, men eksperimentelle undersøkingar som Jin og Eide (2015) si (2.5.5.) kunne gitt meir utfyllande informasjon om utbygde substantivfrasar på ulike rammeverksnivå. Å inkludera dei lågare nivåa hadde gitt undersøkinga meir breidde og gitt grunnlag for å laga nivåbeskrivingar for alle nivåa. Eg har gjort greie for korfor eg ikkje har gjort det i 3.3.1. I eit større format kunne det vore mogleg å gjennomføra ei liknande undersøking som Axelsson si (1994) (2.5.6.), av fleire substantivfrasetypar og på ulike rammeverksnivå. Ei samamanlikning med substantivfrasane frå vaksne med norsk som førstespråk som finst i kontrollkorpuset, hadde fortalt meir om kva grad dei to gruppene bruker ulike typar substantivfrasar, og ho kunne avdekka eventuelle forskjellar i bruksfrekvensen. Det hadde òg vore interessant å undersøka om andrespråksinnlærarar klarer å skilja mellom dialekt og skriftspråk: t.d. får adjektiv i ubestemt form -e i stavangerdialekten:

*ein fine dag*, i bestemt hokjønn og inkjekjønn får adjektiv *-a*: *den fina jentå*, *de fina huse*.

Oppfattar innlærarar i Stavanger dette? Og brukar dei det sjølv?

I dette avsluttande avsnittet har eg skissert nokre forslag til vidare fordjuping i substantivfrasar i eit andrespråksperspektiv. Slike undersøkingar ville vera mykje meir omfattande, og kan best gjennomførast i større prosjekt.

## Litteraturliste

- Axelsson, Monica. 1994. *Noun phrase development in Swedish as a second language. A study of adult learners acquiring definiteness and the semantics and morphology of adjectives.* Doktorgradsavhandling, Centre for Research on Bilingualism, Stockholm University.
- Berggreen, Harald og Kari Tenfjord. 1999. *Andrespråkslæring*. 2 utg. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Borthen, Kaja. 2002. "En enhetlig analyse av predikative og ikke-predikative nakne entallsfraser i norsk." I *MONS 9 Utvalgte artikler fra Det niende møtet om norsk språk i Oslo 2001*, redigert av Inger Moen, Hanne Gram Simonsen, Arne Torp og Kjell Ivar Vannebo, 21-34. Oslo: Novus forlag.
- Carlsen, Cecilie. 2010. "Å knytte ASK til Rammeverket — hvorfor og hvordan." I *Systematisk, variert, men ikke tilfeldig. Antologi om norsk som andrespråk i anledning Kari Tenfjords 60-årsdag*, redigert av Hilde Johansen, Anne Golden, Jon Erik Hagen og Ann-Kristin Helland, 133-147. Oslo: Novus Forlag.
- . 2012. «Rammeverket, referansenivåbeskrivelser og innlærerkorpuset ASK.» I *Norsk profil. Det felles europeiske rammeverket spesifisert for norsk. Et første steg*, 15-48. Oslo: Novus AS.
- Carlsen, Cecilie (red.). 2012. *Norsk profil. Det felles europeiske rammeverket spesifisert for norsk. Et første steg*. Oslo: Novus AS.
- Croft, William. 2003. *Typology and universals*. 2. utg. Cambridge: Cambridge University Press.
- Engen, Thor Ola og Lars Anders Kulbrandstad. 2004. *Tospråklighet, minoritetsspråk og minoritetsundervisning*. 2 utg. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Ericsson, Trinelise og Cecilie Carlsen. 2012. «Rammeverket, feilmengde og feilmønster.» I *Norsk profil. Det felles europeiske rammeverket spesifisert for norsk. Et første steg*, 245-267. Oslo: Novus AS.
- Europarådet. 2005. *Reference level descriptions for national and regional languages (RDL)* Lese 16.04.2017. Tilgjengeleg frå [https://www.coe.int/t/dg4/linguistic/Source/DNR\\_Guide\\_EN.pdf](https://www.coe.int/t/dg4/linguistic/Source/DNR_Guide_EN.pdf).

Faarlund, Jan Terje. 2005. *Revolusjon i lingvistikken. Noam Chomskys språkteori*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Faarlund, Jan Terje, Svein Lie og Kjell Ivar Vannebo. 1997. *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.

Garbacz, Piotr. 2014. "Dialekter i Norge og i Polen — forskjellig status?" *NOA - norsk som andrespråk* 30 (2):24-39.

Golden, Anne, Kristi Mac Donald og Else Ryen. 2008. *Norsk som fremmedspråk. Grammatikk*. Universitetsforlaget.

Golden, Anne og Kari Tenfjord. 2015. "Tverspråklig innflytelse i skriftlige innlærertekster." I *Skriving på norsk som andrespråk. Vurdering, opplæring og elevenes stemmer*, redigert av Anne Golden og Elisabeth Selj. Cappelen Damm Akademisk.

Golden, Anne og Marte Monsen. 2015. "Vurdering av tekster skrevet til norskprøvene for voksne." I *Skriving på norsk som andrespråk. Vurdering, opplæring og elevenes stemmer*, redigert av Anne Golden og Elisabeth Selj. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Granger, Sylviane. 2002. "A Bird's-eye view of learner corpus research." I *Computer Learner Corpora, Second Language Acquisition and Foreign Language Teaching*, redigert av Sylviane Granger, Joseph Hung and Stephanie Petch-Tyson, 3-33. Philadelphia: John Benjamins Publishing Company.

Greenberg, Joseph H. 1966. "Some Universals of Grammar with Particular Reference to the Order of Meaningful Elements." I *Universals of Language*, redigert av Joseph H. Greenberg. THE M.I.T. PRESS.

Gujord, Ann-Kristin Helland. 2013. "Individuelle skilnadar i andrespråkslæringa." *NOA - norsk som andrespråk* 29 (2/2013):5-36.

Hagen, Jon Erik. 1998. *Norsk grammatikk for andrespråkslærere*. 2. utg. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Hilditch, Grethe og Finn Aarsæther. 2008. "Andrespråkseleven og målspråket." I *Språkdidaktikk for norsklærere. Mangfold av språk og tekster i undervisningen*, redigert av Mette Elisabeth Nergård og Ingebjørg Tonne. Universitetsforlaget.

- Hoftun, Agnes Wigestrød. 2015. *Norskinnlærerne på Lingus — hva vet de om Norges språklige landskap og hva synes de om det?* Upublisert oppgåve, Universitetet i Stavanger.
- Hognestad, Jan Kristian. 2013. «Syntaks.» I *Norskboka 1. Norsk for grunnskolelærarutdanning 1-7*, redigert av Hilde Traavik og Benthe Kolberg Jansson. Universitetsforlaget.
- Husby, Olaf. 2015. "Andrespråkstileignelse: anvendt og teoretisk perspektiv." I *Norsk andrespråkssyntaks*, redigert av Kristin Melum Eide. Oslo: Novus forlag.
- . 2017. *Innvandreres morsmål. En ressursbok for lærere*. Fagbokforlaget.
- Hyltenstam, Kenneth. 1989. "Andraspråksinlärning: morfologi och syntax." I *Grundbog i Fremmedspråkspædagogik*, redigert av Gabriele Kasper og Johannes Wagner. København: Gyndental.
- Jin, Fufen og Kristin Melum Eide. 2015. "Tilegnelse av nominale kategorier." I *Norsk andrespråkssyntaks*, redigert av Kristin Melum Eide. Oslo: Novus forlag.
- Johansen, Hilde. 2009. "Inversjon i norsk innlærerspråk. En undersøkelse av variasjonsmønstre i skrevne tekster." *NOA - norsk som andrespråk* 24 (2/2008):50-71.
- Kulbrandstad, Lars Anders. 2005. *Språkets mønstre. Grammatiske begreper og metoder*. Oslo: Universitetsforlaget.
- . 2008. "Metaspråk og språklig oppmerksomhet i møte med andrespråkspreget norsk." *Nordand — Nordisk tidsskrift for andrespråksforskning* 3 (2):83-102.
- . 2015. "Språkholdninger." *NOA - norsk som andrespråk* 30 (1-2/2015):247-283.
- Kulbrandstad, Lars Anders og Torodd Kinn. 2016. *Språkets mønstre. Norsk språklære med øvingsoppgaver*. 4. utg. Oslo: Universitetsforlaget.
- Lie, Linda. 1993. *Nominalfraser i norsk mellomspråk*. Hovedoppgave, Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap. Avdeling for nordisk språk og litteratur, Universitetet i Oslo.
- Marczynski, Piotr. 2009. *Nominalfrasens struktur i norsk og polsk. En sammenligningsanalyse av strukturen og en korpusbasert analyse av mellomspråket til polakker med grunnlag i Norsk andrespråkskorpus (ASK)*. Adam Mickiewicz

Universitet. Lese 10.2.2017 Tilgjengeleg frå  
[http://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/magisteroppgave\\_piotr.pdf](http://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/magisteroppgave_piotr.pdf).

McEnery, Tony, Richard Xiao, and Yukio Tono. 2006. *Corpus-based Language Studies, an advanced resource book*. New York: Routledge applied linguistics.

Moen, Per og Per-Bjørn Pedersen. 2003. *Norwegian grammar*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Nordanger, Marte. 2012. "Ferdighetsnivå og definitt referanse." I *Norsk profil*, redigert av Cecilie Carlsen. Oslo: Novus forlag.

Nordanger, Marte. 2009. *Keiserens nye klær? Lingvistisk og konseptuell transfer i markeringen av grammatikalisert definitt referanse i russiskspråklige og engelskspråkliges norske mellomspråk - en studie basert på ASK*. Masteroppgåve, Universitetet i Bergen.

Norsk språktest. 2016. *Test i norsk — høyere nivå. Eksempeltest 2016, skriftlig*. Bergen: Folkeuniversitetet.

Papazian, Eric. 2002. "Flertall av intetkjønnsord i bokmål og østlandske dialekter — noen utviklingstendenser." *MONS 9. Utvalgte artikler fra Det niende møtet om norsk språk i Oslo 2001*, redigert av inger Moen, Hanne Gram Simonsen, Arne Torp og Kjell Ivar Vannebo, 156-166. Oslo: Novus forlag.

Papazian, Eric. 2012. "Norge — riket uten rikstalemål?" *NOA - norsk som andrespråk* 28 (1/2012):50-115.

Ragnhildstveit, Silje Karin. 2017. *Genus og transfer når norsk er andrespråk. Tre korpusbaserte studier*. Doktorgradsavhandling, Universitetet i Bergen.

Ragnhildstveit, Silje Karin. 2009. *Genustildeling og morsmåltransfer i norsk mellomspråk. En korpusbasert studie*. Masteroppgåve, Universitetet i Bergen.

Salomonsen, Lisbeth E. 2002. "Substantivfraser i norsk som andrespråk på et mellomnivå." *Nordica Bergensia* (26/2002):211-220.

Strand, Olaug. 2009. *Med tusen ord*. Bergen: Fagbokforlaget.

Sørland, Kjartan. 2010. "Utvikling av substantivfrasar i tidleg innlærarnorsk." I *Systematisk, variert, men ikke tilfeldig. Antologi om norsk som andrespråk i anledning Kari*

*Tenfjords 60-årsdag*, redigert av Hilde Johansen, Anne Golden, Jon Erik Hagen og Ann-Kristin Helland. Oslo: Novus forlag.

Tenfjord, Kari, Jon Erik Hagen og Hilde Johansen. 2006. "The Hows and the Whys of coding categories in a Learner Corpus (or "How and Why an Error-Tagged Learner Corpus is not *Ipsso Facto* one big Comparative Fallacy")." *Rivista di Psicolinguistica Applicata* VI (3):93-108.

———. 2009. "Norsk andrespråkskorpus (ASK) - design og metodiske forutsetninger." *NOA norsk som andrespråk* 25 (1/2009):52-81.

Utdanningsdirektoratet. 2011. *Det felles europeiske rammeverket for språk: læring, undervisning, vurdering, Common European framework of reference for languages learning, teaching, assessment*. Oslo: Utdanningsdirektoratet.

Vannebo, Kjell Ivar. 1972. "Gjenstandshelhetenes oppbygning i norsk." *Mål og minne* (1-2/1972):28-65.

Vannebo, Kjell Ivar. 2010. "Nød lærer naken kvinne å spinne." I *Systematisk, variert, men ikke tilfeldig*, redigert av Hilde Johansen, Anne Golden, Jon Erik Hagen og Ann-Kristin Helland, 227-237. Oslo: Novus Forlag.

VOX. 2012. *Læreplan i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere*. Oslo.

VOX. 2013. *Metodisk veiledning. Om læreplan og rammeverk. Om det felleseuropaiske rammeverket for språk*.

Åfarli, Tor Anders, Torbjørn Nordgård, Randi Alice Nilsen, Lars G. Johnsen og Kristin Melum Eide. 2003. *Norsk generativ syntaks*. Oslo: Novus.

Åfarli, Tor Anders, and Laila Sakshaug. 2006. *Grammatikk: syntaks og morfologi med norsk i sentrum*. Oslo: Samlaget.

**Internettkjelder:**

Oversyn over opplæring til vaksne innvandrarar i kommunane:

[http://files.zetta.no/www-nm-no/\\_filer/oversyn\\_kommunar\\_jan\\_2017.pdf](http://files.zetta.no/www-nm-no/_filer/oversyn_kommunar_jan_2017.pdf)

Den elektroniske versjonen av Rammeverket:

[https://www.udir.no/Upload/Verktoy/5/UDIR\\_Rammeverk\\_sept\\_2011\\_web.pdf](https://www.udir.no/Upload/Verktoy/5/UDIR_Rammeverk_sept_2011_web.pdf)

Skinka frå Suldal:

<http://www.skinka.no>

Prosjektet ASKeladden:

<http://www.uib.no/fg/askeladden>

Norske talespråkskorpus:

<http://www.tekstlab.uio.no/nota/>

Amerikanorsk talespråkskorpus:

<http://tekstlab.uio.no/norskamerika/korpus.html>

Test i norsk — høgare nivå:

<https://www.folkeuniversitetet.no/Artikler/Spraaktester/Test-i-norsk-hoeyere-nivaa>

Norskprøve:

<https://www.kompetansenorge.no/nyheter/gjennomforing-av-den-nye-norskproven/>

<https://www.kompetansenorge.no/norskprove/>

Oslo-Bergen-taggeren

<http://www.tekstlab.uio.no/obt-ny/>

<http://tekstlab.uio.no/obt-ny/taggsett.html>

## Vedlegg 1 Oversikt over tekstar brukte i studien (tekst-id)

	<b>B1</b>	<b>B1+</b>	<b>B2</b>	<b>B2+</b>	<b>C1</b>
<b>1</b>	h0099	h0006	h0003	h0026	h0009
<b>2</b>	h0115	h0019	h0012	h0033	h0156
<b>3</b>	h0271	h0021	h0017	h0037	h0157
<b>4</b>	h0272	h0029	h0018	h0046	h0165
<b>5</b>	h0274	h0071	h0020	h0049	h0189
<b>6</b>	h0279	h0072	h0027	h0060	h0210
<b>7</b>	h0283	h0073	h0028	h0061	h0212
<b>8</b>	h0288	h0078	h0030	h0069	h0219
<b>9</b>	h0292	h0079	h0031	h0095	h0310
<b>10</b>	h0393	h0091	h0054	h0096	h0370
<b>11</b>	h0558	h0107	h0059	h0097	h0436
<b>12</b>	h0568	h0110	h0067	h0109	h0461
<b>13</b>	h0573	h0112	h0068	h0123	h0475
<b>14</b>	h0581	h0117	h0075	h0128	h0481
<b>15</b>	h0651	h0127	h0081	h0130	h0528
<b>16</b>	h0667	h0131	h0083	h0144	h0549
<b>17</b>	h0669	h0142	h0085	h0179	h0559
<b>18</b>	h0690	h0153	h0102	h0180	h0567
<b>19</b>	h0691	h0174	h0104	h0181	h0579
<b>20</b>	h0694	h0176	h0133	h0188	h0595
<b>21</b>	h0705	h0185	h0136	h0194	h0603
<b>22</b>	h0710	h0199	h0137	h0211	h0638

## Vedlegg 2 Skjermbilde av søkerboksen i ASK-korpuset

### Skjermbilde av søker på utbygde substantivfrasar 1

Korpus: ASK Hovedkorpus | Enkelt søker | Avansert søker

Bruk denne tekstboksen for å skrive et søker i korpus-søkespråket

[pos = "adj"] (" "%c)? [pos = "konj"]? [pos = "adj"] [pos = "subst"] \<> \\ <del> :: pid =  Lagrede søker | Save Query as

Søk |  Tilbakestill |  Bygg et grafisk søker

Her kan du lage et søker ved å bruke menyer.

Velg et delkorpus:

Tekst-id = h0099 h0115 h02
Morsmål != "norsk"
legg til: attributt: -

Velg posisjonelle betingelser.  Ignorer strukturelle posisjoner

<input type="checkbox"/> target Ordklasse = "adj" gjentagelse: 1 <input type="button"/> legg til: attributt: - <input type="button"/> struct: - <input type="button"/>	<input type="checkbox"/> target Ord = <input type="text"/> <input checked="" type="checkbox"/> %c gjentagelse: 0-1 <input type="button"/> legg til: attributt: - <input type="button"/> struct: - <input type="button"/>	<input type="checkbox"/> target Ordklasse = "konj" gjentagelse: 0-1 <input type="button"/> legg til: attributt: - <input type="button"/> struct: - <input type="button"/>	<input type="checkbox"/> target Ordklasse = "adj" gjentagelse: 1 <input type="button"/> legg til: attributt: - <input type="button"/> struct: - <input type="button"/>	<input type="checkbox"/> target Ordklasse = "subst" gjentagelse: 1 <input type="button"/> legg til: attributt: - <input type="button"/> struct: - <input type="button"/>
---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Søk

### Skjermbilde av søker på utbygde substantivfrasar 2

Korpus: ASK Hovedkorpus | Enkelt søker | Avansert søker

Bruk denne tekstboksen for å skrive et søker i korpus-søkespråket

[pos = "det"] [pos = "adj"] [pos = "subst"] \<> \\ <del> :: pid =  "h0099|h0115|h0271|h0272|h0274|h0279|h0283|h0288|h0292|h0393|h0558|h0568"  Lagrede søker | Save Query as

Søk |  Tilbakestill |  Bygg et grafisk søker

Her kan du lage et søker ved å bruke menyer.

Velg et delkorpus:

Tekst-id = h0099 h0115 h02
Morsmål != "norsk"
legg til: attributt: - <input type="button"/>

Velg posisjonelle betingelser.  Ignorer strukturelle posisjoner

<input type="checkbox"/> target Ordklasse = "det" gjentagelse: 1 <input type="button"/> legg til: attributt: - <input type="button"/> struct: - <input type="button"/>	<input type="checkbox"/> target Ord = <input type="text"/> <input checked="" type="checkbox"/> %c Ordklasse = "adj" gjentagelse: 1 <input type="button"/> legg til: attributt: - <input type="button"/> struct: - <input type="button"/>	<input type="checkbox"/> target Ord = <input type="text"/> <input checked="" type="checkbox"/> %c Ordklasse = "subst" gjentagelse: 1 <input type="button"/> legg til: attributt: - <input type="button"/> struct: - <input type="button"/>
---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Søk

## Skjermbilde av søker på frasar med manglende determinativ

Korpus: ASK Hovedkorpus | Enkelt søker | **Avansert søker**

Bruk denne tekstboksen for å skrive et søker i korpus-søkespråket

[**type = "M"**] [**pos = "adj"**] [**pos = "subst"**] \ <> \\ <del> :: pid = "h0099|h0115|h0271|h0272|h0274|h0279|h0283|h0288|h0292|h0393|h0558|h0568|"

[Lagrede søker](#) | [Save Query](#) as

[Søk](#) | [Tilbakestill](#) | [Bygg et grafisk søker](#)

Her kan du lage et søker ved å bruke menyer.

Velg et **delkorpus**:

**Tekst-id** = h0099|h0115|h02  
**Morsmål** != "norsk"

legg til: attributt: -

Velg **posisjonelle betingelser**.  Ignorer strukturelle posisjoner

target  
**Feiltypen** = "M"  
 gjentagelse: 1

target  
**Ordklasse** = "adj"  
 gjentagelse: 1

target  
**Ordklasse** = "subst"  
 gjentagelse: 1

legg til:  
 attributt: -  
 struct: -

[Søk](#)

## Skjermbilde av søker på frasar med overflødig determinativ

Korpus: ASK Hovedkorpus | Enkelt søker | **Avansert søker**

Bruk denne tekstboksen for å skrive et søker i korpus-søkespråket

[**type = "R"**] [**pos = "adj"**] [**pos = "subst"**] \ <> \\ <del> :: pid = "h0099|h0115|h0271|h0272|h0274|h0279|h0283|h0288|h0292|h0393|h0558|h0568|"

[Lagrede søker](#) | [Save Query](#) as

[Søk](#) | [Tilbakestill](#) | [Bygg et grafisk søker](#)

Her kan du lage et søker ved å bruke menyer.

Velg et **delkorpus**:

**Tekst-id** = h0099|h0115|h02  
**Morsmål** != "norsk"

legg til: attributt: -

Velg **posisjonelle betingelser**.  Ignorer strukturelle posisjoner

target  
**Feiltypen** = "R"  
 gjentagelse: 1

target  
**Ordklasse** = "adj"  
 gjentagelse: 1

target  
**Ordklasse** = "subst"  
 gjentagelse: 1

legg til:  
 attributt: -  
 struct: -

[Søk](#)

## Vedlegg 3 Vurderingskriterium for skriftleg produksjon på Bergenstesten

### Vurderingskriterier Delprøve 5: Skriftlig produksjon

	Bestått, B2 (÷)	Godt bestått, C1 (÷)
<b>Formidling</b>	<p><b>Presentasjon av emnet:</b> Emnet er relativt saklig og tydelig presentert.</p> <p><b>Argumentasjon:</b> Kandidaten formidler klart egne synspunkter og underbygger disse med argumenter. Argumentasjonen kan være noe uklar enkelte steder.</p>	<p><b>Presentasjon av emnet:</b> Emnet er saklig og presist presentert og relevante hovedpunkter fremheves.</p> <p><b>Argumentasjon:</b> Kandidaten formidler klart egne synspunkter, underbygger disse med relevante argumenter og utdypet argumentene.</p>
<b>Tekstoppbygging</b>	<p><b>Struktur:</b> Deler av innholdet er godt organisert. Teksten har en relativt klar utvikling, selv om det kan være noen gjentakelser og/eller overflødige deler.</p> <p><b>Sammenheng:</b> Teksten har relativt god sammenheng, bl.a. pga. bindeord og andre tekstbindende elementer. Noen steder kan det være noe uklar sammenheng mellom tekstdeler.</p>	<p><b>Struktur:</b> Innholdet er godt organisert. Teksten har en klar utvikling, med få gjentakelser og overflødige deler.</p> <p><b>Sammenheng:</b> Teksten har god sammenheng, bl.a. pga. god og variert bruk av bindeord og andre tekstbindende elementer.</p>
<b>Ord og uttrykk</b>	<p><b>Grunnleggende ordforråd:</b> Kandidaten bruker stort sett vanlige ord og uttrykk riktig.</p> <p><b>Utbygd ordforråd:</b> Kandidaten bruker en del mindre vanlige ord og uttrykk. Det vil fremdeles forekomme feil ordvalg når hun/han skal formulere mer komplekse resonnementer eller uttale seg om lite kjente emner, men det er tydelig hva kandidaten prøver å uttrykke.</p>	<p><b>Grunnleggende ordforråd:</b> Kandidaten bruker vanlige ord og uttrykk riktig.</p> <p><b>Utbygd ordforråd:</b> Kandidaten har et bredt ordforråd, en relativt idiomatisk ordbruk og viser god leksikalsk presisjon. En og annen glipp kan forekomme.</p>
<b>Grammatikk</b>	<p><b>Grunnleggende strukturer:</b> Kandidaten viser godt grep om grunnleggende syntaks og morfologi, selv om noen feil kan forekomme.</p> <p><b>Komplekse strukturer:</b> Kandidaten bruker ulike typer leddsetninger og utbygde fraser. Til tross for feil er det tydelig hva kandidaten prøver å uttrykke.</p>	<p><b>Grunnleggende strukturer:</b> Kandidaten behersker grunnleggende syntaks og morfologi. Kun en og annen glipp vil forekomme.</p> <p><b>Komplekse strukturer:</b> Kandidaten bruker ulike typer leddsetninger og utbygde fraser på en god/naturlig måte. Grammatikken er stort sett korrekt, også i komplekse strukturer.</p>
<b>Rettskriving og tegnsetting</b>	Rettskriving og tegnsetting er i stor grad korrekt.	Rettskriving og tegnsetting er korrekt, men en og annen glipp vil kunne forekomme.

For å få **Bestått** sammenlagt, må kandidaten ha **Bestått** på alle kriteriene. For å få **Godt bestått** sammenlagt, må kandidaten ha **Godt bestått** på alle kriteriene.

## Vedlegg 4 Nokre kommentarar ang. feilkodinga og forslaga til korreksjon i ASK og kva eg reknar som feil

Eg ser vakk frå reine skrivefeil i alle søka, t.d:

h0274

235 200932 Norge har veldig spesielt landskapp .  
Norge har et veldig spesielt landskap .

Denne frasen blir tagga som manglande artikkel, mens frasen nedanfor reknar eg som korrekt i undersøkinga mi:

h0110

16 78473 Jeg er lei av å høre at snart skal de bygge 3000 nye leiligheter der, hvor nå har vi det finne , gode fritidsområdet .  
Jeg er lei av å høre at snart skal de bygge 3000 nye leiligheter der hvor vi nå har det fine , gode friområdet .

Følgande frasar har det vore problematisk å tagga for feil :

h0091

11 64752 Sivilisasjon går veldi ført fram over , det er stadi mer industrier , mer biler, som øddleger miljøet og påvirker på helse .  
Sivilisasjonen går veldig fort framover , det er stadig mer industri , mer biler, som ødelegger miljøet og påvirker helsen .

Problemet med denne frasen er at det er tydeleg for meg at informanten ville uttrykka fleirtal både når det gjeld *industrier* og *biler*. Ein kan skriva *flere industrier* og *flere biler* sidan begge substantiva er tellelege, men ein kan også skriva *mer industri* og *mer biler*. Eg har valt å tagga frasen som feil i tellelege/utellelege.

h0194

212 140121 En av dem heter " Slaver " og den handler om et forferdelig hardt liv til de fleste bøndene på attenhundretallet i Ukraina.  
En av dem heter " Slaver " , og den handler om det forferdelig hardelivet til de fleste bøndene på attenhundretallet i Ukraina.

Frasen er i utgangspunktet bøygd korrekt, men den blei korrigert til bestemt form pga. konteksten og preposisjonsfrasen med possessiv tyding. Eg reknar det ikkje som feil.

h0073

112 49859 Dette fordi det finnes ikke så mange mennesker som trenger å være på samme sted samtidig og en del fordi vi har litt mere kontroll på rutinene våre.  
Dette fordi det ikke finnes så mange mennesker som trenger å være på samme sted samtidig , og litt fordi vi har litt mer kontroll på rutinene våre.

Mere her blei tagga som feil og korrigert til mer, men det er mogleg å skriva det. Eg reknar det ikkje som feil.

h0568

279 423907 De voksende verdenspolitiske situasjoner med krig og elendighet presser også politikerne og det hele norske samfunnet.  
Den voksende verdenspolitiske situasjonen , med krig og elendighet , presser også politikerne og hele det norske samfunnet.

Her meiner eg at informanten klart ville uttrykka fleirtal i og med han brukte demonstrativet *de* og fleirtalsbøyninga *-er*. Dermed blir denne frasen kategorisert som manglande dobbel bestemming.

h0072

107 48611 Det fører til flere og flere kontor som man kan leie der.  
Det fører til flere og flere kontorer som man kan leie der.

Om marginalt så er det korrekt å skriva *kontor* i fleirtal, òg på bokmål (jf. Bokmålsordboka på nett). Ikkje feil.

h0091

124 64619 Jeg selv kommer fra en stor by og derfor blir det ikke så vanskelig for meg å trekke fram de både positive og negative sider ved storbylivet.  
Jeg selv kommer fra en stor by og derfor blir det ikke så vanskelig for meg å trekke fram både de positive og negative sidene ved storbylivet.

Denne frasen kategoriserer eg som manglande dobbel bestemming og feil rekkefølge.

h0131

161 94415 Jeg er veldig god eksempel på det.  
Jeg er et veldig godt eksempel på det.

Denne frasen taggar eg som manglande artikkel og feil adjektivbøyning.

Kjernar med særskrivingsfeil der det første leddet er eit adjektiv, er heller ikkje med i undersøkinga:

83242 Kanskje arbeidsgiverne kan gjøre at en arbeidstaker kan jobbe få timer i løpet av et år og resten gå på kurs for å lære seg språket, selv om det er gratis norsk undervisning .

Kanskje arbeidsgiverne kan ordne det slik at en arbeidstaker kan jobbe færre timer i løpet av et år og resten av tiden gå på kurs for å lære seg språket, selv om det er gratis norskundervisning .

Frasar som førekjem fleire gongar i éin og same tekst reknar eg som éin førekomst.

## Vedlegg 5 Oversikt over oppgåvetitlar og tal på tekstar

Diktet 'Sannheten' av Rolf Jacobsen	1
Diktet 'Synsvinkel' av Gunnar Øi	1
Diktet 'Toleranse'	4
Et dikt av Einar Skjæraasen	2
En bok fra din kultur eller ditt hjemland	1
'Import' av helsepersonell	1
Adopsjon	1
Barn og fysiske aktiviteter	1
Barndom og voksenverden	1
Bilisme	5
Bolig og boutgifter	2
Borgerlønn	4
Bruk av musikk	1
Den lille forskjellen	5
Det norske monarkiet	3
Enpersons-husholdninger	1
Familieliv og yrkesliv	2
Gjennomsnittsvekten øker	4
Helse og livskvalitet	4
Import av utenlandsk arbeidskraft	3
Inn- og utvandring	1
Integrering av innvandrere	4
Lederegenskaper	1
Leselyst	2
Likestilling mellom kjønnene	2
Livslang læring	2
Lærerlønn	7
Miljøvern	5
Mobiltelefonen	3
Netthandel	8
Nordmenns holdning til EU	1

Organdonasjon	2
Praktisk og teoretisk utdanning	1
Private skoler	1
Reality-TV	1
Realkompetanse	1
Sangtradisjon	1
Trafikkdøden	4
Tusenårsskiftet	2
Verdikommisjonen	1
Ytringsfrihet	2
Å leve i store byer	10
Å være kjendis	1

## Vedlegg 6 Oversiktstabellar frå hovudsøka

	B1	B1+	B2	B2+	C1	sum
totalt	113	141	127	187	210	778
feil	30	25	18	19	18	110
%	27 %	18 %	14 %	10 %	9 %	14 %

Tabell 4:3. Utbygde frasar 1, totalt og feil

	B1	B1+	B2	B2+	C1
totalt frasar	113	141	127	187	210
totalt feil	30	25	18	19	18
%	27 %	18 %	14 %	10 %	9 %
<b>feil det</b>	<b>10</b>	<b>7</b>	<b>4</b>	<b>2</b>	<b>2</b>
%	9 %	5 %	3 %	1 %	1 %
tal på tekstar med feil determinativ	5	7	4	2	2
<b>feil adj</b>	<b>12</b>	<b>5</b>	<b>5</b>	<b>6</b>	<b>3</b>
%	11 %	4 %	4 %	3 %	1 %
tal på tekstar med feil i adjektivbøyning	8	5	5	5	3
<b>obligatorisk dobbel bestemming</b>	<b>46</b>	<b>46</b>	<b>61</b>	<b>88</b>	<b>90</b>
<b>manglende dobbel bestemming</b>	<b>15</b>	<b>17</b>	<b>9</b>	<b>13</b>	<b>12</b>
<b>fel dobbel bestemming %</b>	<b>33 %</b>	<b>37 %</b>	<b>15 %</b>	<b>15 %</b>	<b>13 %</b>
tal på tekstar med dobbel bestemmingsfeil	9	8	7	7	6

Tabell 4:5. Oversiktstabell for feil i utbygde frasar 1

	B1	B1+	B2	B2+	C1	sum
totalt frasar	43	49	49	79	71	291
feil totalt	14	12	12	9	8	55
%	33 %	24 %	24 %	11 %	11 %	19 %

Tabell 4:9 Utbygde frasar 2, totalt og feil